

Masteroppgåve i Kulturmøte

Oppgåvetittel:

Fjellturisme på Sunnmøre i mellomkrigsåra

Studiepoeng: 60

Forfattar: Marte Vartdal

Månad / år: Mai/2019

Samandrag

Dette er eit kvalitativt studie med ei hermeneutisk forankring. Tema er fjellturismen på Sunnmøre i mellomkrigsåra. Både fjellturisme og mellomkrigsåra er forska mykje på tidlegare, men ikkje samla. Difor blir det lagt vekt på å greie ut om tema, samstundes som ein analyserer funn. Eg søker etter dei sosiale endringane som skjer i området i perioden, ved å nytte komparasjon av både by-kultur, bygde-kultur og friluftskultur. Eg nyttar den mest vanlege definisjonen av kultur, som omhandlar menneskeleg- tanke, kommunikasjon og åtferd.

Åra mellom dei store verdskrigane vert sett på som ei krisetid med store sosiale skiftingar, men samstundes som mellomkrigsåra er prega av vanskar, er det også ei tid for vekst.

Samlege friluftorganisasjonar ser på mellomkrigsåra som sin «gullalder». Eg skal forsøke å finne ut kva dei legg i det omgrepet. Eg skal sjå på korleis friluftskulturen knyt grupper av menneske saman og korleis nye generasjonar vert sosialisert inn i dei. Mykje peikar mot eit sosialt skifte, også i fjellturismen.

Å analysere den kulturelle identiteten til menneska for snart eit hundreår sidan er vanskeleg. Identitet er subjektiv og dreiar seg om kva kultur ein identifiserer seg med. Ved å vektlegge kva som skil dei ulike kulturane og kva dei har til felles ønskjer eg å svare på følgjande forskingspørsmål: Var dei sosiale skilnadane mellom by og bygd på Sunnmøre store, samanlikna med andre stadar? Vart by og bygd på Sunnmøre nærare, og likare, i løpet av 20- og 30-åra? Vert friluftslivet, fjellsporten og fotturismen på Sunnmøre meir tilgjengelig for fleire frå ulike sosiale lag i denne perioden? Eller er det berre sosiale skilnadane som minkar på eit meir generelt plan, uavhengig av friluftslivet?

English summary

This is a qualitative study anchored in hermeneutics. The study focuses on the social changes in the mid-war years in Norwegian cultural traditions of “fjellturisme”. Literature is rich on both “fjellturisme” and our focused period of the mid-war years, yet not on the topic combined.

The Norwegian «fjellturisme» is not easily translated, seeing it is something distinctive Norwegian. The culture has its roots in the English «sporting life» and their exclusive clubs but was adopted by the higher classes in Norway with a twist. The Norwegian twist was a more democratic «sporting life», with intentions of making nature available to “all”. I use the most common definition of the abstract word «culture», which covers social behavior and norms in the human societies. I will look closer on meetings between rural- and urban- culture and the social development of organized «fjellturisme».

Our main focus is on the area of Sunnmøre in western Norway. The mid-war years has been defined as a time of crisis, with great social changes. Despite of this it is also a time for growth. Many of the foundations for organized «fjellturisme» see this period as their «golden age». In this study I will try to find the background for this definition. I will look into how the culture of «fjellturisme» combines different groups of people, and how new generations are being socialized in it. To define human cultural identity almost a century back is impossible, seeing identity is quite subjective. But with comparing the urban- and rural- cultures and discover what unites and what separates them during the period, I will try to answer the following research questions: Was the social differences between urban and rural areas in Sunnmøre big, compared to other areas? Did the urban- and rural-culture come more close, becoming more similar during the 1920`s and the 1930`s? Did «fjellturisme» in Sunnmøre become more available for people from different social groups? Or did the social differences get smaller in general?

Møre og Romsdal fylke 1934



*Thi du eier ly for hver stemning, som væver
Vort søgende sind i sit fine net;
Og du eier sundhed for alt, hvad der lever,
Og hvile for alle, som strider og stæver,
Til hjernen er slappet og haanden træt.
Du spør ei om stilling, om rigdom og rang,
Om ung eller gammel, om styg eller vakker, -
Du tar den forkomne og modløse stakker
Og dysser ham ind ved din gamle sang.¹*

¹Fjerde strofe i diktet «Til naturen» av Kristofer Randers, lyriker og fjellmann frå Ålesund. Frå diktsamlinga *Norsk Natur. Stemninger og skildringer af Kristofer Randers*

Innholdsliste

1	Forord	1
2	Innleiing	2
2.1	<i>Tema og problemstilling</i>	2
2.1.1	Bakgrunn	2
2.1.2	Tema/problemstilling og forskingspørsmål	3
2.1.3	Om oppgåva og avgrensing	3
2.1.4	Namn og definisjonar	4
2.1.5	Gangen i oppgåva	5
2.2	<i>Kjeldemateriale og kjeldesøk</i>	6
2.2.1	Kjeldesøk og kjeldebruk	6
2.2.2	Aviser	8
2.3	<i>Teori og metode</i>	10
2.3.1	Kulturomgrepet	10
2.3.2	Bourdieu	11
2.3.3	Historisk forskning	12
2.3.4	Metode	13
3	Naturen vert oppdaga	15
3.1	<i>Pionerane og inspirasjonen frå utlandet</i>	15
3.2	<i>Bakgrunnen til det norske friluftslivet</i>	18
3.3	<i>Ei særeigen norsk vandreturisme</i>	19
3.4	<i>Turisme på Sunnmøre</i>	21
4	Motsetnad mellom bygd og by	27
4.1	<i>Vekst og vanskar</i>	27
4.2	<i>Regionale forhold på Sunnmøre</i>	30
4.3	<i>Sosiale forhold på Sunnmøre</i>	33
4.4	<i>Organisering</i>	35
4.5	<i>Ferdsel</i>	38
5	Aalesund-Sunnmøre Turistforening	40
5.1	<i>Økonomi og sosialt miljø i fjellturismen</i>	42

5.2	<i>Fellesturar</i>	45
5.2.1	Kven deltok?	51
6	Kjerneområdet Tafjordfjella	54
6.1	<i>Fellesturar i Tafjordfjella</i>	54
6.2	<i>Pyttbua, den første hytta</i>	57
6.3	<i>Vakkerstøylen blir til</i>	60
6.4	<i>Reindalseter. ÅST si storstove</i>	67
7	Sunnmørsalpane	72
7.1	<i>Aalesunds skiklub</i>	74
7.2	<i>Charles Watson Patchell og Patchellhytta</i>	76
8	Ligg det i vår natur?	82
8.1	<i>Den norske fjellturismen</i>	82
8.2	<i>Fjellturisme i vår tid</i>	85
9	Fjellturismen og Sunnmøre	86
9.1	<i>Sunnmøre, likskap og lagdeling</i>	86
9.2	<i>Fjellturismen si sosiale utvikling</i>	88
10	Kjelder og litteratur	94

1 Forord

Eg forklarar ofte det å drive med historisk forskning som ei skattejakt, ein søken etter noko som kan fortelje noko om samtida du forskar på. Det er ikkje alltid ein veit kva ein leitar etter før ein finn det. Eit fråvær av funn kan også vere svært tydingsbærande og vere eit funn i seg sjølv. Ein kan også, ved å stille nye spørsmål, legge til rette for ei ny tolking, nye funn og nye svar. Dette er for meg essensen i det som gjer historiefaget så spennande.

Men det er ikkje berre spennande, historiefaget er også svært viktig. Det hjelper oss å stille spørsmål, tenke analytisk, kontekstualisere og vere kjeldekritiske. Dette gjev forståing, breiare kunnskap og hjelper oss til å sjå ein større samanheng.

«Historia est Magistra Vitae»

Historie er livetets lærermeister - Marcus Tullius Cicero.

Desse teknikkane er like nyttig i møte med andre menneske, som i arbeid med faget, og ikkje minst ein viktig del av allmennkunnskapen. Forfattar og satirikar Knut Nærum skreiv så treffande desse orda om viktigheita av allmennkunnskap:

«...poenget med å kjenne historien har aldri vært å mimre, men å vite hvor vi kommer fra, sånn at vi får et best mulig grunnlag for å bestemme hvor vi skal. Dessuten er det nyttig på quiz»²

Min fagbakgrunn kjem frå ei bachelorgrad i historie, kultur og samfunn. I tillegg til historie er friluftsliv ein av mine største interessefelt og difor ønska eg å skrive ei masteroppgåve i kulturmøte der desse felte kunne samlast. Historie, friluftsliv og Sunnmøre, er dei stikkorda som har vore utgangspunktet for dette arbeidet.

Takk til familie, kjærast og vener.

Takk til professor Arnljot Løseth, for god rettleiing i prosessen.

Takk til Historisk Institutt ved Høgskulen i Volda.

² (Nærum, 2014)

2 Innleiing

2.1 Tema og problemstilling

2.1.1 Bakgrunn

I dag vert Noreg av mange rekna som eit annleis land når det gjeld friluftsliv, der friluftslivet er forankra som ein del av den norske kulturen. Til no har faktisk så mange som 6 norske regjeringar brukt tid og pengar på å legge til rette for og utvikle friluftslivet.³ Organisasjonar som Den Norske Turistforening har vore faneberar for denne kulturen og slagordet til DNT ”det ligger i vår natur” er med på bygge under at den kulturen er ein del av oss. Friluftsliv og naturen skal altså vere ein del av den norske kulturidentiteten.

Frå 1880 til 1940 kan vi sjå kimen til eit sosial endring i bruken av naturen. Vi får ein overgang frå britisk påverka turisme til norsk fotturisme, der friluftslivet og den norske naturen fekk ei viktig rolle i nasjonsbygginga etter unionsoppløysinga. Dei som starta Den Norske Turistforening henta inspirasjon frå dei sosialt ekskluderande britiske sportsklubbane, men programmet til DNT, anno 1868, vitnar om ei langt meir demokratisk og inkluderande haldning. Det skulle vere «let og billig» for «at riktig mange kan komme og se».⁴

Utviklinga til fjellturismen innanfor ulike sosiale lag i Noreg er svært interessant og fortel mykje om nasjonen vår. Dette feltet er ikkje urørt av historikarar og sosiologar, og det er allereie blitt publisert ei rekke verk knytt til temaet. Til no er det 1800-talet og åra etter andre verdskrig, med eit nasjonalt perspektiv, som har fått mest merksemd. Åra mellom dei store krigane har til no fått lite merksemd. Dette på trass av at mange tur- og sports-organisasjonar, som Ålesund-Sunnmøre Turistforening, Ålesund Skiklub og Norsk Tindeklub, reknar det som sin «gullalder».

I tiåra mellom krigane skjer det store sosiale skiftingar i Noreg. Den utanlandske turisttrafikken, som hadde prega 1800-talet, stogga på grunn av første verdskrig, verdsøkonomien fekk ein knekk og nordmenn retta merksemda meir nasjonalt enn tidlegare. Samstundes veks ein ny, og større, generasjon med friluftsfolk fram. Dette kan ikkje reknast som ei folkevandring i nasjonal målestokk, men mykje peikar mot eit sosialt skifte. Kanskje kan vi finne ei forklaring knytt til bruken av omgrepet «gullalder», knytt til denne perioden?

³ (Faarlund, 2015, s. 16)

⁴ (Slagstad, Da fjellet ble dannet, 2018, s. 119)

2.1.2 Tema/problemstilling og forskingspørsmål

Tema for denne analysen er den sosiale utviklinga til fjellturismen på Sunnmøre i mellomkrigsåra.

Forsking-spørsmåla som har følgt arbeidet med perioden er: Var dei sosiale skilnadane mellom by og bygd på Sunnmøre store, samanlikna med andre stadar? Vart by og bygd på Sunnmøre nærare, og likare, i løpet av 20- og 30-åra? Vart friluftslivet, fjellsporten og fotturismen på Sunnmøre meir tilgjengelig for fleire frå ulike sosiale lag i denne perioden? Eller er det berre dei sosiale skilnadane som minkar på eit meir generelt plan, uavhengig av friluftslivet?

2.1.3 Om oppgåva og avgrensing

Hovudsøkjelyset i denne analysen er via den sosiale utviklinga i friluftslivet på Sunnmøre, med vekt på Ålesund-Sunnmøre Turistforening sitt arbeid. ÅST har spelt ei stor rolle for tilrettelegginga av fotturismen i regionen og kjem til å vere sentral gjennom heile analysen. Eg søker etter funn som peikar mot sosiale endringar i løpet av mellomkrigsåra. Med det vil eg forsøke å finne svar på om friluftslivet vart tilgjengeleg for fleire i løpet av perioden. Og kven det vart tilgjengeleg for, samt kva sosial tilhøyring dei hadde.

Årsaken til at analysen er avgrensa til 1920- og 1930 åra er at mange norske friluftsansjasjonar, også Ålesund-Sunnmøre Turistforening, reknar mellomkrigsåra som sin «gullalder». Dette gir assosiasjonar til ei glansperiode, eit historisk høgdepunkt eller ei blømingstid. ÅST opplevde mellom anna fem gonga auke i medlemstalet og bygg fire av dei i dag ni hyttene sine i mellomkrigstida. Dette gjev godt belegg for bruken av ordet «gullalder». Eg vil forsøke å finne ut om denne glansperioden fører til ei sosial endring i friluftskulturen på Sunnmøre.

Det er ikkje berre fjellturismen som opplever endringar, det same gjer fjellsporten. Vi reknar fjellsport som ein del av friluftslivet. Interesse for fjellsport starta ofte i organisert fotturisme, før den eskalerte vidare til eit meir prestasjonsretta friluftsliv. Norsk Tindeklub, skipa i 1908, reknar også disse tiåra som sin gullalder. Dette var ein mykje meir eksklusiv klubb enn DNT, som representerte eit meir bratt friluftsliv, nemleg fjellsport. Vi finn også spor etter sosiale endringar i fjellsporten på Sunnmøre. Der utanlandske namn dominerte 1800-talet vart

klatrebragdar og førstekliv i mellomkrigsåra meir prega av lokale namn.⁵ Difor skal vi også sjå nærare på den delen av Sunnmøre der fjellporten har vore mest sentral, Sunnmørsalpane.

2.1.4 Namn og definisjonar

Fotturismen utgjer hovudtema i analysen, og dette er samlenemninga for turar til fots, i utmark og til fjells for rekreasjon- og ferieformål. Dette er ei form for turisme i Noreg som både utlendingar og nordmenn nyttar seg av. Organisering og tilrettelegging av denne type turisme i Noreg var det Den Norske Turistforening (DNT) som starta med i 1868. Dette gav ringverknadar og ei rekke lokale turistforeiningar og turlag vart skipa i kjølvatnet av DNT. Slike foreiningar bygg hytter for fotturistane, merkar stiar, lagar kart og ruteskildringar.⁶ Fotturisme og fjellturisme vert i dag nytta om kvarandre og er knytt til det same.

Til trass for ordet turistforeining, ser ikkje medlemmar av slike foreiningar på seg sjølv som turistar. Ein turist er, i følge Store Norske Leksikon, ein person som reiser i eige og/eller andre sitt land for eigen fornøyelse. Altså kan ein turist i Noreg vere så mangt. Det kan vere ein utlending som kjem til Norge for å sjå landet og det kan vere nordmenn som reiser rundt i eige land. Ein turist skapar eit økonomisk grunnlag for ei næring, som for eksempel hotelldrift, buss, båt, sal av andre tenester osv. Medlemmane i turistforeiningane passar betre til namnet fjellvandrarar eller, som nemnt over, fotturist.⁷

Fjellsport er ei brattare form for fjellturisme og vert brukt som ei fellesnemning for fjellklatring, isklatring, brevandring og brattare skikøyring. Fjellsport er oftast ein meir individuell og prestasjonprega sport enn fjellturismen, som oftast er meir kollektivt prega og organisert. Utøvarar av fjellsport har ofte starta som fotturistar og utvikla friluftslivet vidare med å flytte sine eigne grenser. Fjellporten og fotturismen kan begge reknast som ein del av friluftslivet.

Ålesund by sat i førarsetet i Ålesund-Sunnmøre Turistforening, men det faktum at Ålesund-Sunnmøre Turistforening innlemma «Sunnmøre» i namnet allereie under skipinga i 1889 viser ein intensjon for å famne heile regionen i organisasjonen. Sjølve ordet turistforeining

⁵ (Hovden, 2012, s. 142)

⁶ (Engstöm, 2018)

⁷ (Store Norske Leksikon, 2018)

vert skrive på nynorsk, som resten av teksten, om det ikkje refererer til Ålesund-Sunnmøre Turistforening. Då vert Ålesund-Sunnmøre Turistforening, ÅST eller Turistforeninga nytta. Ola Brøste vert omtalt i ulike kjelder som både Ola og Ole, men dette er same mann. Mykje av kjeldetilfanget er henta frå aviser og difor kan skrivefeil dukke opp. Sitat og utdrag frå kjeldene er direkte sitat.

2.1.5 *Gangen i oppgåva*

Etter innleiinga følger hovuddelen den historisk lineære utviklinga. Hovuddelen startar med eit historisk forord, kapittel 3 «Naturen vert oppdaga», som tek perspektivet frå nasjonalt til regionalt og innleiar til hovuddelen. Eg startar med bakgrunnen til fotturismen og kven som vert rekna som pionerane til denne kulturen i Noreg, før eg gjeng inn på det norske friluftslivet, og det særeigne med det. Vidare ser eg på bakgrunnen til Den Norske Turistforening, før eg avsluttar med utviklinga av turismen på Sunnmøre og Ålesund-Sunnmøre Turistforening.

Hovuddelen består av fire kapittel og er todelt. Dei første to kapitla, 4 og 5, tek føre seg Sunnmøre som region med eit oversyn over regionale og sosiale forhold, samt organisering og utvikling av infrastruktur.

Kapittel 4 gjeng inn på motsetnadar mellom bygd og by på Sunnmøre i mellomkrigsåra. Vi ser på dei regionale og sosiale forholda, og utviklingstrekk som prega perioden, før vi ser på utviklinga av organisering knytt til friluftsliv, fotturisme og sport. Avslutningsvis gjeng vi inn på utvikling av kommunikasjonar og kva rolle det har spelt for samhandlinga mellom bygd og by, og turismen.

Kapittel 5 tek oss til Ålesund-Sunnmøre Turistforening og organisasjonen sitt virke i mellomkrigsåra, korleis det økonomiske og sosiale miljøet i foreninga var og korleis fellesturane rundt i distriktet vart organiserte.

Dei resterande to kapitla, 6 og 7, skildrar og analyserar fotturismen på Sunnmøre og er delt i to geografiske delar.

Kapittel 6 tek oss til kjerneområdet til ÅST, nemleg Tafjordfjella. Her ser vi på korleis fellesturane i desse fjellområda vart organiserte og kven desse turane var mynta på. Vidare har kvar av dei tre hyttene som ÅST bygde i perioden fått sitt eige kapittel, der vi gjeng inn på kven som bidrog og kva relasjonar vi finn spor av i dei prosessane.

Kapittel 7 omfattar området som fekk namnet Sunnmørsalpane. Her ser vi på den meir eksklusive Ålesund Skiklub sitt virke og verknadane ein britisk «pioner» kan ha på ei heil lokalbefolkning. Dette er ein region med lang turisthistorie, men vi skal halde oss til det som er relevant for by-bygd perspektivet.

Vi avsluttar med ei todelt samandrag, kor vi samla funna og konkluderer.

Kapittel 8 er via til kultur, Noreg, natur og mennesket. Vi ser på det påståtte særeigne med den norske fjellturismen og kvifor «det ligger i vår natur» er eit omgrep Den Norske Turistforening nytta. I dette kapitlet dreg vi dei lange linje til i vår eiga tid.

I kapittel 9 «Fjellturismen og Sunnmøre» summerer vi opp funna frå hovuddelen, forskingspørsmåla og konkluderer.

2.2 Kjeldemateriale og kjeldesøk

2.2.1 *Kjeldesøk og kjeldebruk*

Historisk forskning inneberer at ein bruker restar, eller leivningar, til å rekonstruere fortida. Leivningar er alt som er overlevert frå fortida, men først når vi tek dei i bruk for å svare på spørsmål og konstruere verkelegheita vert dei kjelder. Overraskande nok er «gullalderen» til Ålesund-Sunnmøre Turistforening ei kjeldemessig skinn periode. Det fins heller ikkje noko medlemsregister eller liknande frå denne perioden og på grunn av tidsløpet er det ikkje mange attlevande intervjuobjekt. Ingen av hytteprotokollane er teke vare på, ei heller hyttebøker av desse årgangane. Eg har vore i kontakt med mange menneske, men dei fleste har i stor grad referert til allereie trykt informasjon og ikkje bidrege til nye funn.

Ikkje før etter andre verdskrig har det blitt sett på som verdifult å ta vare på trykte og skrivne kjelder. Då starta ÅST å gi ut eit eige medlemsblad med namn «Fjellposten». I «Fjellposten» har det vore vanleg med tilbakeblikk og notisar frå tida som var før, her har eg gjort nokre funn frå mellomkrigsåra.

ÅST har sjølv hatt tre utgivingar i jubileumsår, 50-års jubileet, 75-års jubileet og 130-års jubileet. Ålesund-Sunnmøre Turistforening gav hausten 2018 ut si tredje jubileumsbok, «Folket og fjella». Denne er skriven av Eldar Høidal og tek for seg ÅST sitt virke frå skipinga i 1889 til i dag, 130 år. Eg har vore i kontakt med forfattaren og han opplevde også mellomkrigsstida som ei kjelde messig utfordrande periode. Det Høidal har med frå mellomkrigsstida er lite, men så er desse to ti-åra heller ikkje hovudfokuset til jubileumsboka.

Sjølv om ÅST ikkje har vore utgivar av så mykje kan ein hente mykje informasjon om Ålesund og Sunnmøre ut frå DNT sine årbøker. Den Norske Turistforening vart skipa i 1868 og har konsekvent gitt ut eit utfyllande tidsskrift kvart år. I disse årbøkene finn vi alt frå korte notisar til heile artiklar og reiseskildringar både om Sunnmøre som turregion og av Ålesund-Turistforening. Den Norske Turistforening medverka stort til å setje Sunnmøre på kartet som eit område for fjellturisme. I disse årbøkene finn vi også omtrentlege medlemstal og årsmeldingar frå ei rekke lokale turistforeiningar. Dei kvantitative funna som har vore mogleg å innhente skal vi gå nærare inn på seinare i analysen.

Kjelder knytt til bygdefolk og bygdeliv har vore meir utfordrande å finne enn kjelder knytt til by og by-samfunn, pga. avisene si rolle i kjeldetilfanget. Vi ser meir på aviser som kjelde i neste kapittel. Den rurale delen av samfunnet er lite representert i dei største avisene, men på lokalnivå, eksempelvis slektsskrift og bygdebøker, finn vi noko. For området Tafjordfjella har slektsskrift for fjellgarden Brøste i Rauma vore sentral, i tillegg til bygdebøker for Norddal. I desse finn vi nokre glimt om menneska som budde i dei områda som Turistforeininga hadde sitt virke.

Tidsskrift for Sunnmøre Historielag, Romsdal Sogelag, Hjørundfjord Sogelag og Minnebok frå Ørsta har også bidrege til viktige funn knytt til dei sosiale tilhøva og friluftslivet si utvikling på Sunnmøre. Jubileumsbøker frå Norsk Tindeklub, The Northern Playground av William Cecil Slingsby og Tindekliv på Sunnmøre av Dagfinn Hovden har også vore nytta. Vidare har andre kjelder som omtalar samfunnsutviklinga frå og med 1922 i Noreg og korleis kommunikasjonen mellom bygd og by har utvikla seg også vorte nytta, eksempelvis Fylkeshistorie frå Møre og Romsdal.

Generelt, har kjeldetilfanget knytt til fjellturisme frå åra mellom dei store krigane vore ei stor utfordring. Lite har blitt ført på papiret, samanlikna med perioden før og etter, størsteparten er ikkje teke vare på og mykje er rett og slett øydelagt i brann og krigshandlingar. Andre verdskrig har overskygga mykje av kjeldebevaring og nedskrivne minner. Det har vore langt mellom verdfulle funn og eg har møtt ei mengd med blindgater og gått ein del bomturar. Det er rett og slett mange spørsmål eg ikkje har greidd å finne svar på. Dette har til tider vore frustrerande, men det er likevel det som har gjort prosjektet så spennande. Mangel på funn er også eit funn i seg sjølv, som ein og kan hente informasjon frå. Kjeldetilfanget har i stor grad vore førande til korleis denne analysen har blitt forma.

2.2.2 Aviser

Aviser har spelt hovudrolla i kjeldetilfanget for denne analysen og krev difor eit eige kapittel. Nærlesing av aviser har gitt innblikk i tida og aktivitetane vi søker etter. Aviser tek tidas puls og representerer samtida dei var skrivne i. Slik kan ei og same kjelde nyttast både som ei forteljing og som ei leivning. Om ein brukar aviser som forteljing legg vi berre vekt på det kjelda fortel, meir som skrifttolking. Om vi nyttar kjeldene som leivning er vi meir opptekne av kva den kjelda kan fortelje om tida den kjem frå. Aviser er ei slik type kjelde, dei speglar tida dei er skrivne i.

Kva politisk ståstad den aktuelle avisa har og kven den er retta mot, må takast med når ein nyttar aviser som kjelde. Aviser kan også vere med på å skape røyndom, med at eit fenomen til dømes blir til eller endrar karakter ut i frå korleis det vert framstilt i media. Aviser har også hatt ei rolle som påverkar sitt publikum, då dei inneheld reklamer, kunngjeringar osv. Aviser er altså ikkje berre eit vindauge inn i samtida, men bidreg også til å konstruere røyndomen. Ei lokalavis kan til dømes spele ei stor rolle i å skape ei kjensle av fellesskap for regionen den vert utgjeven i.⁸ Difor er det viktig å vere kjeldekritisk i arbeid med aviser.

I Sunnmørsposten og Aalesunds Avis har eg følgd Ålesund-Sunnmøre Turistforening, frå den andre oppstartinga i 1922 til krigsutbrotet i 1939. I desse avisene finn vi annonser om turar, turskildringar, turreferat, referat frå generalforsamlingar og andre trykte tekstar knytt til organisasjonen, friluftsliv, bygd og by. Sunnmørsposten var og er Nord-Vestlandets største avis og vart skipa i 1882. Den starta som ei venstre-avis heilt til den gjorde seg uavhengig i 1977.⁹ Aalesunds Avis var ei høgre-avis som vart utgjeven frå 1917-1952.¹⁰ Men sjølv om dei i mellomkrigsåra representerte to ulike politiske leira, dekte dei Ålesund-Sunnmøre Turistforening sitt virke omtrent likt. Stoffet og innhaldet er for det meste likt, men ordlyden kan variere litt. Aalesund Avis førte eit penare og meir konservativt språk i turskildringane og referata enn kva Sunnmørsposten gjorde, noko som seier mykje om kva sosial forankring avisene hadde og kva publikum dei retta seg mot.

Ei ulempe med å nytte dei største regionavisene som primærkjelde i denne oppgåva er at vi lett kan misse eit perspektiv. Det som er skriven om bygd og bygdefolk i avisene er oftast skriven av by-buarar og vert oftast ei leivning om byfolk sitt forhold til bygd og bygdefolk, enn

⁸ (Tjelmeland, 2004)

⁹ (Pettersen, 2017)

¹⁰ (Kjølås, 2017)

omvendt. Når det er sagt, hadde mange av Ålesund sine by-buarar tette band til distriktet, og mange av dei arbeidde også som journalistar, t.d. Magne Flem i Sunnmørsposten som var fødd i byen men foreldra kom frå Vigra. Eit lesarinnlegg i Aalesunds avis frå «ein frå Bygda» 22. nov. 1930 fortel oss likevel at byen var meir representert i avisa enn kva bygda var. I innlegget fortel han at han har lese kvart blad siste halvåret, men saknar politiske saker som bygdefolket står for og anna bygdenytt. Vidare understrekar han at bladet vert lest av mange på landsbygda.

For å gje oppgåva meir «kjøt på beinet» har eg utvida avissøket. Søket vart utvida til Ørsta Avis, ei avis som var politisk nøytral og redigert på nynorsk og til Sunnmøre Arbeideravis, ei politisk avis retta mot arbeidarklassa. I Ørsta Avis fanst det ingen spor etter Ålesund-Sunnmøre Turistforening, og svært lite om friluftsliv. Einaste som vart dekt av sport og friluftsliv var knytt til lokale klubbar, skirenn og liknande. I Sunnmøre Arbeideravis, ei avis som var stor i perioden og hadde redaksjon i Ålesund, var det heller ingen spor av Ålesund-Sunnmøre Turistforening. Dette var overraskande for ei periode som skal vere foreininga sin gullalder, men eg må også legge til at i Sunnmøre Arbeidaravis fans det lite spor av idrett, friluftsliv og den slags rekreasjon i det heile. Innhaldet speglar i stor grad det Sunnmøre Arbeidaravis stod for; eit talerøyr for arbeidarklassa. At eit talerør for arbeidarklassa ikkje involverer friluftsliv, natur og fjellsport kan indikere at arbeidarklassa ikkje deltok i den slags aktivitetar i perioden vi har konsentrert oss om.

Ein mogleg årsak til at Ålesund-Sunnmøre Turistforening ikkje nytta alle aviser for å fremje sine saker kan vere organisasjonen sin økonomi. Ein hadde ikkje råd til å annonsere i kvar avis i regionen. Det kan også tyde på at Ålesund-Sunnmøre Turistforening ikkje retta seg mot bygdene og arbeidarklassa, og at annonsane var primært retta mot byfolket og dei borgarlege næringane. Men vi skal ikkje gløyme at Sunnmørsposten på denne tida reklamerte med å vere den største avisa mellom Bergen og Trondheim i perioden; «et av landets fordelagtigste annonceblade». Sjølv om det ikkje er teke vare på opplagstal og spreingstal for perioden er det difor høgst sannsynleg at Sunnmørsposten må ha nådd ut til distriktet. Sjølvsagt held ikkje kvar husstand avisa, men nokre gjorde det og avisene vart gjerne delt på. Altså, ville ÅST nå ganske mange, både i og utanfor byen, ved å nytte Sunnmørsposten som sitt talerøyr. Sunnmørsposten var truleg den kanalen som strakk seg ut til flest og dermed gav mest avkastning for annonsepengane. Utdraget under frå eit av tidsskrifta til Hjørundfjord Sogelag viser at Sunnmørsposten nådde ut til distriktet, endatil på kaia på Øye i Hjørundfjord.

«det var vanleg i alle bygder at visse personar såg seg tid til å gå på kaia når båten kom.

Det var litt både å sjå og høyre, og Sunnmørsposten måtte no hentast likevel»¹¹

I protokollar frå postopneriet i Svendsengarden i Ørstavik mellom 1916 og 1919 kan vi sjå kva aviser, blad og andre publikasjonar som ørstingane tinga på. Dagsavisa «Søndmørsposten» er ikkje uventa dominerande i desse protokollane. Sunnmørsposten hadde hegemoni fram til 1917, då kom to andre dagsaviser frå Ålesund til, Aalesunds Avis og Møre Tidend. Møre Tidend fekk ei sterk stilling på bygdene, ettersom avisa kalla seg «Bondeblad for Møre». Dei som tinga på desse avisene konsentrerte seg stort sett omkring sentrum og det som på den tida var forretningsdrift og anna næringsverksemd.¹² Møre Tidend var den første norske avisa med fråhaldssak som profil, og skulle vere eit framhald av venstre-avisa Søndmøre Folkeblad og vart utgitt mellom 1917 og 1927.¹³ Eit kjeldesøk av Møre Tidend året 1921 gav ingen spor om fjellturisme eller friluftsliv. Avisa er truleg for lita og hadde truleg for lite spreing til at ÅST la annonsebudsjettet her.

2.3 Teori og metode

2.3.1 Kulturomgrepet

Med utgangspunkt i historiefaget skal vi studere korleis fjellturismen, som kultur, hadde innverknad regionalt og nasjonalt i Noreg. Kulturomgrepet kan vere vanskeleg å bruke sidan ingen ord er meir ubestemt og unnvikande. Denne definisjonen er det den tyske filosofen Johan Gottfried Herder (1744-1803) som står bak og mange har støtta seg til det same synet¹⁴. Ordet kultur er eit andre ordens omgrep¹⁵ og stammar frå det latinske *cultura*, først knytt til jordbruk og brukt om prosessen «å kultivere». Men frå og med 1700-talet går det over til å skildre resultatet av kultiveringa. Herder reknar alt menneskeskapt som kultur og dette er eit svært vidt kulturomgrep. Eit anna vidt kulturombegrep er å snakke om «norsk kultur», eit samleomgrep på fellestrekk som vi nordmenn deler. Friluftskulturen i Noreg vert til dømes knytt til «norsk kultur». Når vi snakkar om kultur i meir snever forstand omfattar det ofte

¹¹ (Øye J. E., 1986, s. 104)

¹² (Breiteig, 2003)

¹³ (Sande, 2014)

¹⁴ (Illmann & Nynäs, 2017, s. 13)

¹⁵ Andre ordens omgrep, eller abstrakte omgrep, er omgrep som ikkje har ei direkte kontakt med innhaldet til omgrepet. Dei må bli omsett og kan difor tolkast ulikt.

«kultursektoren», eller også kalla «finkultur». Finkultur er til dømes kunst, musikk og litteratur.

Det fins ei rekke måtar å definere ordet kultur på og det betyr ikkje at det eine er meir rett enn det andre. Det viktigaste er at ein grunnleggjv korleis ein vel å nytte det sjølv. Skal ein nytte kulturomgrepet må ein avklare kva ein legg i det og korleis ein ønskjer å bruke det opp mot det feltet eller forskinga ein tek føre seg. Det er mest vanleg å nytte ordet kultur når det er snakk om menneskeleg tanke-, kommunikasjons- og åtferdsmønster.

I vårt tilfelle nyttar vi den mest vanlege definisjonen av kultur og gjer ein komparasjon av bykultur, bygde-kultur og friluftskultur. Vi skal sjå korleis desse kulturane knyt grupper av menneske saman og korleis nye generasjonar vert sosialisert inn i dei. Menneska sin kulturelle identiteten er subjektiv og handlar om kva kultur ein identifiserer seg med. Det å finne spor etter subjektive meiningar til eit menneske i mellomkrigsåra er umogleg, men ved å legge vekt på kva som skil dei ulike kulturane og kva dei har til felles kan vi kanskje finne spor som peikar mot eit sosialt skifte i friluftskulturen.

2.3.2 Bourdieu

Sosiolog og idéhistorikar Rune Slagstad hevdar at om den franske sosiologen, Pierre Bourdieu, hadde kjend til Skiforeningens (og Turistforeningens) årbøker, er det ikkje usannsynleg at han i sin *Distinction* om det parisiske åndsliv også ville lagt inn en ekskurs om norsk fjellturisme.¹⁶ I Distinksjonen skriv Bourdieu, basert på empiri frå Frankrike på 1960 og 1970-talet, om skilnadane mellom menneska og samfunnsgruppene og på ulike former for kapital. Ei vertikal linje skil dei med lite kapital (til dømes ein reingjerar) frå dei med eit høgt kapitalnivå (til dømes ein advokat), vidare deler han horisontalt mellom høg kulturell kapital (som ein lærar eller skodespelar) og høg økonomisk kapital (til dømes ein direktør). Bourdieu hevdar at det ikkje fins ein uskuldig smak, men at det er ein samanheng mellom livsstil/forbruksmønster og klasseposisjon.

Ei verksemd kan i utgangspunktet høyre til adelen, men ofte vil dei adelege slutte med den etter kvart som ei aukande del av øvre borgarskap, borgarskapet eller småborgarskapet, eller til og med av arbeidarklassa, starta med den verksemda (eks. boksing i Frankrike, som først var praktisert av aristokratar , men praktiserast av arbeidarklassa i dag). Omvendt kan også ei

¹⁶ (Slagstad, Da fjellet ble dannet, 2018, s. 135)

verksemd som i utgangspunktet var folkeleg, bli tatt opp av aristokratiet¹⁷. Bourdieu hentar si forskning frå skilnadar mellom ulike sosiale lag i Frankrike, eit land med bakgrunn i større sosiale skilnadar enn det langt meir egalitære Noreg. Likevel kan teoriane hans også nyttast på Noreg og på sporten.

Eit relativt harmlaust norsk eksempel på slike skilnadar som Bourdieu referer til kan for eksempel vere skilnadane mellom det å drikke te eller kaffi. Dei som føretrekk å drikke te, gjer det fordi dei lika det. Samstundes er det ein borgarleg eller middelklassedrikk. Å drikke te er difor ein måte å stadfeste ein klasseposisjon på, eller nærme seg den posisjonen om det er det ein strekk seg mot, anten te-drikkaren er klar over det eller ikkje. Dei britiske turistane tok trenden om fjellturisme til Noreg. Fjellturismen og alt knytt til det (t.d. kle og ustyr) vart først teke opp av borgarskapet i Noreg, før fleire samfunnslag kom til. Medvitslaust eller ikkje, strekk vi menneska oss mot ei utviding og finare nyanser innanfor eit felt med smakar som tilsvara og uttrykk eit kulturelt og sosialt felt.¹⁸

Teorien til Bourdieu om skilnaden mellom sosiale lag og konfliktane mellom dei ser likevel ikkje ut til å slå gjennom på same måte innanfor turistforeiningane sitt virke. At Noreg er mykje meir egalitært en Frankrike spelar ei rolle, men også den særlege norske friluftskulturen. Ja vist var DNT starta av det øvre borgarskap, men målet lata til å vere å gjere fjellturismen, friluftslivet og naturen tilgjengeleg for flest mogleg, jamfør formuleringa i programmet frå 1868 til DNT. Dei hadde ikkje strenge opptakskrav til medlemmane av turistforeininga heller, så lenge dei betalte medlemskontingenten. Fotturismen kjem altså ovanfrå, men på grunn av den nasjonale kulturidentiteten til Noreg vart det noko som mange samfunnslag identifiserte seg med. Kor vidt fotturismen faktisk famnar skal vi sjå nærare på i hovuddelen.

2.3.3 Historisk forskning

For ein historikar er røynda vekk og arbeidet vårt er å skape ein heilskap av dei funna vi har å hjelpe oss med. For å skape ein heilskap nyttar vi ofte spørsmåla: kva, kven, kvar, når, korleis og kvifor. Men det viktigaste av dei er: kvifor. Kvifor oppstår eit fenomen? Vi søker ei årsaksforklaring, og svaret ligg gjerne i ei rekke med hendingar som vi må kartlegge.

¹⁷ (Bourdieu, 1995, s. 32)

¹⁸ (Bourdieu, 1995, s. 24)

Hermeneutisk måte å tenke på inngår i alle humanistiske vitenskapar, også historie.

Hermeneutikk stammar frå eit gresk ord som tyder å tolke/fortolke. Opphavelag vart hermeneutikken brukt til skrifttolking av Bibelen og vart utvikla vidare til å skildre den generelle metoden i historisk forskning. No er målet med historisk forskning å forstå det som har meining og ikkje berre skrift, men også historier, bilete og handlingar.¹⁹ Den mest kjende hermeneutikaren, Hans-Georg Gadamer, forklarar at å forstå ting hermeneutisk er å sjå delane i lys av heilskapen og heilskapen i lys av delane.²⁰

Vi må sjå dei enkelte funna i lys av kvarandre og dette gjer vi i ein tolkingsprosess som vert kalla den hermeneutiske sirkel. I kvar tolkingsprosess gjeng vi, uunngåeleg, inn med fordommar og får gjennom tolkingsprosessen nye perspektiv, eller ein ny horisont å sjå funna frå. Gadamer hevdar at vi aldri kan vere heilt objektive og heilt utan fordommar, og vi finn ikkje noko utan at vi leiter etter det. Vi har også til ei viss grad bestemt oss for kva vi leiter etter. Ut i frå desse fordommane kan vi til dømes lage oss ei problemstilling. Å ha fordommar er altså ein nødvendig del av forståing og ei viktig del av forskinga, men ein må ikkje gløyme å vere kritisk til egne fordommar.

«Mistankens hermeneutikk», stammar frå Paul Ricoeur og viser til ein måte å tolke på der ein ikkje utan vidare tek kjeldene for «god fisk», men leitar etter noko som ligg bak dei tilsynelatande gode formåla. Ein skal heile tida arbeide med ei falsifisering²¹ av kjeldene. Denne måten å tenke på har blitt kritisert med grunngjeving for at den kan gå for langt. Det er viktig å vere kritisk i forskingsprosessen, men ein bør også late tvilen kome kjeldene til gode, og ikkje gå ut i frå at dei lyg og manipulerer.²²

2.3.4 Metode

Vi skal nytte i ei kvalitativ tilnærming til stoffet med ei hermeneutisk forankring. Med ei slik tilnærming vil vi forsøke å greie ut om noko fanst, kva noko var og kva det betydde. Når ein kombinerer dei kvalitative teknikkane med ei hermeneutisk tilnærming, ønskjer ein å tolke meining.²³

¹⁹ (Kjeldstadli, Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget, 2000, s. 123)

²⁰ (Myhre, Historie. En introduksjon til grunnlagsproblemer, 2014, s. 19)

²¹ Falsifisering er å påvise at ein teori, påstand eller tese er gal eller uholdbar.

²² (Myhre, Historie. En introduksjon til grunnlagsproblemer, 2014, s. 28)

²³ (Kjeldstadli, Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget, 2000, s. 183)

Grunngjevinga for problemstillinga er at tidlegare nedskrive kunnskap om tema viser seg mangelfulle og eg ønskjer å innhente ny kunnskap. Målet er difor å avdekke ny kunnskap til den historiske forskinga av fjellturismen på Sunnmøre. Fjellturismen på Sunnmøre er tidlegare forska på, men ikkje saman med dei sosiale endringane som skjer i mellomkrigsåra. På bakgrunn av dette fell valet av problemstilling på ei tema-problemstilling som greier ut om tema og analyserer funna undervegs.

Eg nyttar det ein kan referere til som verktøykassemodellen og nyttar ulike metodar ettersom korleis dei passar inn. Det er vanleg å kombinere kvalitativ og kvantitativ forskning i historiske undersøkingar der ein kan telje og tolke parallelt, eller ein kan skilje det i ulike delar.

Ettersom det kvantitative innhaldet i denne analysen ikkje er av eit veldig stort omfang fell det mest naturleg å la dei kvantitative funna bli inkludert i den kvalitative analysen. Dette vil skape flyt og breidde i teksten. Teksten har i tillegg eit jamt innslag av bilete. Dette er gjort for å heve estetikken og underhalde lesar, men viktigast gjev bileta supplerande opplysningar til anna kjeldemateriale og skaper ei breiare forståing. Den same verknaden vil også dei tre munnlege intervjuar gje, då dei utfyller det skriftlege kjeldematerialet og skapar fylde.

Det sentrale spørsmålet i denne forskinga er om fotturismen når ut til fleire samfunnslag under mellomkrigsåra på Sunnmøre. Vi har allereie slått fast at mange organisasjonar som arbeidde med friluftsliv, fjellsport og fotturisme opplevde ein form for «gullalder» i mellomkrigsåra og det indikerer ei vekst som kan gi ei tyding på at fleire samfunnslag kom til. Det skal vi forsøke å finne spor av. Eit anna påfallande element er at sidan ÅST legg vekt på å inkludere distriktet i arbeidet sitt må tyde på at det faktisk eksisterte skilnadar som dei ønska å fjerne. Eit anna viktig poeng er at arbeidarklassa i byen ser ut til å vere fråverande i denne by-bygd samhandlinga i det meste av kjelder.

For å kunne svare på forskingsspørsmåla greier vi ut om tema og avdekka funna for perioden og regionen, men for å kunne finne svar og nyansere må vi også nytte komparative metodar. Vi samanliknar først og fremst by og bygd og sosiale skilnadar på Sunnmøre, men for at det skal kunne seie oss noko må vi greie ut om motsetnaden by og bygd i andre områder.

Kristiansund og omland vert nytta til komparasjon, sidan det høyrer til same fylke og har mange likskapstrekk. Vi dreg også parallellar til dei meir nasjonale utviklingslinjene i fotturismen. Dette gjer vi for å avdekke om Sunnmøre opplever brot eller kontinuitet i utviklinga, samanlikna med andre stadar i Noreg.

3 Naturen vert oppdaga

3.1 Pionerane og inspirasjonen frå utlandet

Vi kallar dei pionerane. Dei som var først. Kring midten av 1800-talet fanga naturen i Noreg interessa til utanlandske turistar. Britiske laksefiskarar, fjellklatrarar og jegerar søkte til norske fjordar og fjell. Turistane var ikkje dei første menneska som sette sine bein i desse områda, men dei var truleg ein av dei første som gjorde det for moro skuld. Dette førte til ei rivande utvikling i hotellnæringa i Vest-Noreg og etter århundreskiftet vaks også cruisebåtaneløpa på Vestlandet i stor grad. «Anten er han spikande galen, elder so er han engelskmann», lyder eit gammalt uttrykk som seier mykje om kva syn dei lokale hadde på dei dristige turistane, det fortel også kvar dei første turistane kom frå.²⁴

Den norske vandrarkulturen oppstod først hjå eliten, vitskapsmenn og kunstnarar. Landmålarar, språkforskarar, landskapsmålarar og liknande. Denne vandrarkulturen representerte noko nytt til det som før hadde vore farande folk, folk utan røter, fattigfolk på leit etter inntekt. Utbygginga av vegnettet, jernbaner og båt-trafikken gjorde reisa raskare, tryggare og enklare. Det å gå var ikkje lenger noko ein gjorde av nødvendighet, men no bar det meir preg av overskot. Det var denne vandrarkulturen Den Norske Turistforening representerte. Ein kultur som hadde sitt utspring i det borgarlege samfunn, men skulle få ei varigheit ut over det.²⁵

I 1886 vart Den Norske Turistforening skipa for å arbeide særskild med fotturismen i Noreg. Fjellturismen var først prega av ikkje-nordmenn og borgarskapet frå dei norske byane. At så mykje som ein tredjepart av DNT sine medlemmar var utanlandske i 1897, halvparten av disse var britar, seier oss mykje om kven fjellturistane var i starten.²⁶

For mange er William Cecil Slingsby (1849-1929) det namnet vi knyt til pionertida i Noreg. Han stod for mange førstekliv og var ein svært røynd fjellmann. Spora han har etterlete seg er så store i norsk fjellsport at han vert omtala som «den norske tindesportens far».²⁷ Han var ein engelsk landadelsmann som besøkte Noreg heile 21 gongar frå 1872 til 1921. Jotunheimen,

²⁴ (Den Norske Turistforening, 2019)

²⁵ (Slagstad, (Sporten) En idèhistorisk studie, 2015, s. 129)

²⁶ (Slagstad, (Sporten) En idèhistorisk studie, 2015, s. 97)

²⁷ (Larsen, 2018)

Jostedalsbreen, Romsdalen og Nord-Noreg, for å nemne nokre stadar. Han var heidersmedlem i Den Norske Turistforening og i Norsk Tindeklub, og fekk kongens gull av Haakon den VII. Han hadde ei mengde artiklar på trykk i DNT sine årbøker frå og med 1875 og 50 år framover, og han skreiv også ei bok på 400 sider i 1904, *Norway – the northern Playground*.

Ein norsk representant for pionertida i Noreg er Emanuel Mohn (1842-1891). Han var adjunkt, fjellvandrar og teiknar, og vaks opp i det øvre borgarskapet i Bergen.²⁸ Han tråla rundt i Noreg i 10 år og bidrog med meir enn 300 sider i Den Norske Turistforening sine årbøker. Han skreiv i DNT si årbok for 1876 ein artikkel på 23 sider *En rundtur gjennom Søndmøre*. Mohn si skildring om Sunnmøre var med å vekke interessa for regionen og han vert nemnd som initiativtakar for Ålesund-Sunnmøre Turistforening. Han arbeidde som lærar på Latinskulen i Ålesund ei periode mellom 1876 og 1884, så det er ikkje uventa at han hadde ei påverknad på friluftslivet på Sunnmøre.²⁹

Då Slingsby vart første mann på Store Skagestølstind i Jotunheimen, var det i følge med Mohn og ein bonde ved namn Knut Lykken. Både Mohn og Lykken snudde då dei vurderte risikoen som for stor. Lykken skal mellom anna ha sagt «Han er gal engelskmannen», medan Slingsby sjølv skal ha uttalt at Mohn var lat.³⁰ Her er Mohn og Slingsby gode representantar for skilnadane mellom engelsk «sporting life» og norsk vandring. Mohn ville oppleve og nyte, medan Slingsby var driven av prestasjonar. Emanuel Mohn var ein fjellvandrar som besøkte fjelltoppane og skreiv om det. Motivasjonen hans var driven av å oppleve og å dele erfaringar, ikkje ei trong til å erobre.

Rune Slagstad hevdar at Den Norske Turistforening var tosidig frå starten av. På den eine sida ønskte DNT å fremje den demokratiske fotturismen, men på den andre sida la dei i årbøkene sine også stor vekt på førstekliv, toppar og turskildringane av disse. Dette stamma truleg frå det prestasjonsprega britiske «sporting life», som var sterkt knytt til overklassa og meritter.³¹ Tosidig var også mange av DNT sine medlem, sida mange i tillegg var medlem i den meir eksklusive klubben, Norsk Tindeklub (skipa i 1908). Denne dualiteten gjorde at DNT også vart med på å utvikle og å gjere tindesport til ein sport, samstundes som dei arbeidde for å opne fjellet for fleire.

²⁸ (Lauritzen, 2014)

²⁹ (Høidal, 2018, s. 19)

³⁰ (Slagstad, (Sporten) En idèhistorisk studie, 2015, s. 161)

³¹ (Slagstad, (Sporten) En idèhistorisk studie, 2015, s. 173)

Den Bergenskfødde arkitekten Carl Berner var ein av dei som var medlem i både Den Norske Turistforening og Norsk Tindeklub. Han skal ha vist ei viss uro for at den meir formålslause vandringa i fjellheimen skulle verte okkupert av «sportsånd» som Norsk Tindeklub hadde adoptert. Han på si side forsvarte vandringssturismen og det mindre ambisiøse friluftslivet, og ønskte at naturen skulle vere for alle.³²

Mange lokalkjende menn var med dei engelske fjellklatrarane som førarar og mange var røynde fjellfolk sjølv. Det står utanlandske namn bak mange klatrebragder, og heller ikkje på Sunnmøre var det unntak. Slingsby står for første klyvet av ikonet Kolåstinden, men han hadde med seg ein lokalkjend som hjelp på vegen. «Etter å ha overtalt ein flittig ung mann til å fylgja meg, la me 0730 i veg mot høgda...»³³

Likevel, om ein er den første til å seie høgt at ein var der er det ikkje einstydinge med at det ikkje har vore nokon der før. I Norsk Tindeklub si 40-års jubileumbok skriv Arne Randers Heen om «en Bygdegutt klatrebedrifter», som viser eit eksempel på akkurat dette. Heen fortel om då kom i snakk med Iver Kavli, ein bondegut frå Isfjorden, som fortalde om ein fjelltur sommaren 1880. Det interessante med den turen er at han og ein jamaldring var ute å gjette sauer ved foten av det alpine fjellet Juratind og på ein godvêrsdag fann dei på å gå mot toppen. Dei gjekk som oftast barføtt, men denne dagen hadde dei lêrsko. Etter kvart vart lêrskoa for glatte, så dei gjekk siste bit barføtt. Under toppen kom dei til ein spiss som berre Iver torde å krabbe over, opp og velberga ned att. Så rusla dei attende og held fram med gjetinga. At tinden tidlegare ikkje var klatra tenkte dei ikkje på og såg ikkje på turen som noko anna enn ein vanleg fjelltur. Klatring for sportens skuld var noko som bygdefolk enda stod uforståande ovanfor, då dei verken var på jakt eller ute for å hente ned sau som hadde gått seg fast, så slik «tullfære» skulle helst ikkje nemnast.³⁴ Det kan altså tenkast at det har vore fleire bygdegutar på mange fjelltoppar som før ikkje var klatra på, men dette skulle altså ikkje nemnast. Difor kan vi undrast over kven som eigentleg var «først» og kven som var dei verkelege pionerane?

³² (Slagstad, (Sporten) En idèhistorisk studie, 2015, s. 174)

³³ (Hovden, 2012, s. 20) Norway, the northern playground oversett av Dagfinn Hovden

³⁴ (Heen, 1948)

3.2 Bakgrunnen til det norske friluftslivet

Nina Witoszek hevdar det er speiselt for Noreg å gjere natur til kultur. Ho peikar på at naturtradisjonane til nordmenn er særreigen og gjennomsyrrer politikken, kunsten, litteraturen og forskinga.³⁵ Om ein er ueinig kan diskuteras, men det ligg noko i det. Satirikaren Are Kalvø, vaksen opp på Stranda, harselerar med nordmenn sitt forhold til naturen på sin måte med boka «Hyttbok frå helvete». Han skriv at dette ekstreme fokuset på friluftsliv og naturen minner om ei religiøs vekking og at han har mist mange vener i byen til naturen.³⁶ Kanskje er denne nærmast sakraliseringa av naturen noko som pregar Noreg og nordmenn i særleg grad? Kanskje ligg mykje av bakgrunnen for dette i «firehundreårsnatta», då Noreg nærmast var ein koloni for andre styresmakter i fire hundrede år?

Då landet fekk si eiga grunnlov i 1814 starta arbeidet med å skape den norske identiteten. Den norske bonden og naturen var noko som raskt fekk ei rolle i det typiske norske og vart hylla i dei nasjonalromantiske straumingane. Samstundes som dette gjekk føre seg strøynde utanlandske turistar til Noreg, fiska og gjekk på fjella og påverka nordmenn med sine haldningar og trendar. Dette gav grobotn til kva som identifiserte Noreg og nordmenn.

Etter unionsoppløysinga med Sverige i 1905 auka interessa for sport og friluftsliv ytterlegare i Noreg. Samstundes vart det enda viktigare å finne tilbake til opphavet og ein norsk identitet. Natur, fjellturisme og sport fekk stor plass som ein del av den norske kulturen og identiteten. Desse faktorane var medverkande til at idrett, sport og fjellturisme fekk eit aukande tal med utøvarar og deltakarar.³⁷ At desse faktorane vart knytt til den norske identiteten var også med å famne heile landet. I andre europeiske land var natur og friluftsliv mest vanleg hjå øvre sosiale klasser, men i Noreg var det ikkje berre borgarskapet som ønskte å identifisere seg med det som vart sett på som norsk kultur. Kanskje er dette medverkande til at vi utvikla, det som mange ser på som ei særreigen norsk vandreturisme?

I dag viser forsking at så mange som ni av ti nordmenn driv med ein eller anna form for friluftsliv. Grunnleggaren av Norsk Høgfjellsskule i 1967, Nils Faarlund, byrja på 1970-talet å grave i opphavet til den norske friluftslivtradisjonen og kvifor han som nordmann opplevde å verte så godt motteken i Alpane og landa omkring. Det knyt han opp mot den nasjonale

³⁵ (Witoszek, 1991)

³⁶ (Kalvø, 2018)

³⁷ (Thorson, 1952, s. 533)

identiteten vår og biletet omverda har på Noreg som eit malerisk land der fjella kneiste og fjordane blåna, og der befolkninga framleis på 1800-alet var edle ville (betegnelsen som Jean Jacques Rousseau (1712-1778) nytta om innbyggjarane i fjelldalar i Alpane). Med hjelp av dyktige norske biletkunstnarar oppdaga det utanlandske borgarskap og aristokrati Noreg, eit land med ein folkesetnad som passa som hand i hanske til tidsalderen si førestilling om kva som var ei beundringsverdig og nasjonal eigenart.

Noreg var unikt fordi den industrielle revolusjonen berre hadde øydelagt naturen sporadisk. Faarlund knyt vidare, litt forsiktig, den norske friluftstradisjonen til norsk nasjonsbygging og legg vekt på at Noreg var det einaste landet i Europa som opplevde sjølvstende utan å krige. Nasjonalisme, eit ofte negativt lada omgrep, jamfør. Faarlund stod det i Noreg fram som eit tankemønster der den frie naturen fekk rolla som kulturen sin heim, jamfør namnet *Jotunheim*. Namnet som direkte oversett tyder heimen til kjempane og vart først skrive av språkpionéren og diktaren Aasmund Olavsson Vinje. Den vesle delen av norske byfolk mangla dette «edle preget» til ein ekte nordmann, men dei viste råd. Byfolket drog til fjells og kunne på denne måten vise at dei også hørde til det nasjonale fellesskapet.³⁸

3.3 Ei særeigen norsk vandreturisme

Den Norske Turistforening vart stifta i 1868, og samstundes vert liknande foreiningar stifta i Austerrike, Sveits og Italia. Dette er land med liknande topografi som Noreg. I Skandinavia vart Svenska Turistföreningen skipa i 1885 og Finlands Turistförbund i 1887. Den aller største turistforeninga var britiske The Alpine Club, som vart stifta i England i 1857. Det var altså ikkje noko særnorsk å organisere friluftslivet, ei heller skandinavisk, men heller ein tendens som fanna heile Europa. Trenden kom frå det britiske aristokratiet og vart raskt teke opp av borgarskapet i andre europeiske land, også i Noreg. Dei som gjekk i bresjen for å organisere fjellturismen i Noreg var velsituerte og velutdanna folk.

Namnet “turistforening” kan indikere at målet var å legge mest til rette for dei som kom utanfrå, og då med eit framtidss og næringsperspektiv. Noreg hadde trass alt gått frå å vere ein utkant frå og med midten av 1800-talet til å verte eit turistmål for reisande. Briten Thomas Bennett etablerte reisebyrå i Noreg i 1850 for å leggje til rette for turar og overnattingar til dei som kom for å besøke Noreg. Bennett klaga til den norske

³⁸ (Faarlund, 2015, s. 15)

telegrafdirektøren Thomas Heftye over kor vanskeleg det var å ta seg fram for ukjende i dei norske dalføra. Dette var medverkande til at Heftye tok initiativet til å etablere Den Norske Turistforening i 1868.³⁹

I programmet til DNT anno 1868 står det at det skulle verte ”let og billig” for ”at rigtig mange kan komme og se”. Det viser ei folkeleg framferd og ein demokratisk intensjon som skil Den Norske Turistforening frå ei meir sosial ekskludering, som dei alpine klatreklubbane andre stadar i Europa stod for. Inspirasjonen kom frå det engelske aristokratiet, men med Thomas Heftye sin visjon vart Den Norske Turistforening demokratisert til å bli ei særeigen norsk vandreturisme.⁴⁰ I Ferdaminne referera Aasmund Olavsson Vinje til Den Norske Turistforening som ferdalaget og utdraget under viser til ein demokratisk-nasjonal funksjon. «Det ville for det meste være uplyste og ikke altfor rike Menn, som slikt fara ikring.» Og «ferdalaget», som Vinje kalla det, ville gjere mykje for å føre «by- og landsfolk saman paa den rette Maaten og støypa os Alle i hop til eit folk».⁴¹ Å «fara i kring» skulle altså ha ein samlande funksjon for landet. Det er når ein reiser rundt ein vert kjend med andre distrikt og folk. Både programmet til DNT og Ferdaminne til Vinje legg vekt på å inkludere og samle folket i heile landet, noko som må bety det eksisterte store skilnadar mellom bygd og by som dei ville bidra til å endre med fjellturismen.

Kven var det så turistforeiningane ville legge til rette for? I starten var det å legge til rette for «riktig mange» truleg eit tøyeleg omgrep. Til dømes, var 30 av medlemmane til DNT i 1875 frå Romsdal amt. Av dei 30 var der berre ei kvinne og det var ei dame frå handelseliten i Kristiansund, fru Johanne Lossius. Majoriteten av medlemmane frå Romsdal amt var truleg kjøpmenn og akademikarar frå byane. Kvantitative funn fortel oss at 16 var frå Kristiansund, 13 frå Ålesund og 8 frå Molde medlemmar i 1887.⁴² I DNT sine årbøker stod det alltid ei liste over innbydde og livsvarige medlemmar. Eit slik eksempel ser vi i bilete under frå DNT si årbok i 1931. Her finn vi Konge, Kronprinsesse, direktørar, tannlegar og ingeniørar, men vi finn også to gardbrukarar. Disse to var bønder i områder der fjellføring var mykje utbreidd og dei bidrog truleg med tenestar for fjellturistane. Turisme hadde jo faktisk vore vanleg i desse områda i godt og vel 80 år.

³⁹ (Høidal, 2018, s. 21)

⁴⁰ (Slagstad, Da fjellet ble dannet, 2018, s. 119)

⁴¹ (Slagstad, (Sporten) En idèhistorisk studie, 2015, s. 84)

⁴² (Husby, 1988, s. 9)



Det som bidrog til å skilje medlemmane frå ikkje-medlemmane var evna deira til å betale årskontingent. I mellomkrigstida låg årskontingenten til Den Norske Turistforening på 10 kr i året. Sjølv om det skulle vere «lett og billig» fører denne summen unekteleg til ei ekskludering av menneske frå visse delar av samfunnet. Til samanlikning hadde Ålesund-Sunnmøre Turistforening ein årskontingent på 2 kr i den same perioden som DNT tok 10 kroner året for medlemskap. Det må også nemnast at årskontingenten for medlemmar i Kristiansund og Nordmøre Turistforening var 4 kroner. Heile to kroner meir enn ÅST. 1 krone var på denne tida timeløna til ein godt betalt fabrikkarbeidar.⁴³ Dette kan indikere at ÅST famna ut til breiare samfunnslag enn kva Den Norske Turistforening og Kristiansund og Nordmøres Turistforening gjorde. Vi skal sjå nærare på Sunnmøre og samfunnet for å sjå om dette stemmer.

3.4 Turisme på Sunnmøre

20 år etter Den Norske Turistforening vart skipa følgde dei regionale turistorganisasjonane på Nord-Vestlandet etter. I Romsdals amt vart dei ulike foreiningane i fogderia stifta samtidig: Kristiansund og Nordmøre Turistforening (stifta 25. Mars 1888), Ålesund-Sunnmøre Turistforening (26. April 1889) og Molde og Romsdal Turistforening (14. Juni 1889). Turistforeiningane var tydeleg retta mot næring, til dømes i Kristiansund der foreininga sitt opphav var i Kristiansunds Klubselskab, som var møtestad for dei leiande i byens næringsliv. Det er interessant å merke seg at den einaste frå Møre og Romsdal som var medlem i Den

⁴³ (Det Statistiske Centralbyrå, 1933, s. 15)

Norske Turistforening frå stiftingsåret i 1868, var Nicolay H. Knudtson. Knudtson dreiv i Kristiansund den største klippfiskbedrifta i Noreg og var ein av Noreg sine rikaste menn.⁴⁴

For Kristiansund og Nordmøres Turistforening kom den næringspolitiske bakgrunnen klårt fram i innbydinga til stiftingsmøtet for turistforeininga. Det vart slege fast at dei mest besøkte bygdene kunne tene ”betydelige summer” på reiselivet. Vidare stod det med reine ord at motivet bak stiftinga var å ”bidrage til distriktets opkomst i økonomisk henseende”.

Samansettinga av styret hadde ein klar byddominans. I dei vedtekne lovene stod det at styret skulle ha sju medlemmar, og to av dei skulle vere frå distriktet.⁴⁵ Dette næringsfokuset var ikkje unikt for denne turistforeininga då den var skoren over den same lesten som mange andre turistforeiningar på same tid, i bakgrunn og målsetjing, i aktivitet og rekruttering.

Overklassepreget var like typisk for Ålesund-Sunnmøre Turistforening, men her bestod styret av like mange representantar frå bygdesentera som frå byen. Her skil Ålesund og Sunnmøre seg frå andre turistforeiningar. Styret til Ålesund- Sunnmøre Turistforening bestod av åtte medlemmar under skipinga, fire frå byen og fire frå distrikta. Frå Ålesund: sakfører Anton J. Rønneberg, leiar kjøpmann Søren Haugland, nestleiar sakfører S.K. Gjessing, styremedlem konsul Fredrik Hanssen. Frå distriktet: kjøpmann P. Th. Søholt frå Ørskog, lensmann Møller frå Valldal, hotelleigar J. Tryggestad frå Synnlyven og lensmann Riise frå Hjørundfjorden. I tillegg til lege Einar Randers (bror til lyrikar Kristofer Randers) og agent A.Scheldrup som stod som kasserar og varamedlem. Nøkkellrollene i styret vart likevel tildelt ålesundarar og då truleg ikkje fordi dei var meir eigna enn dei frå distriktet, men på bakgrunn av at det var meir praktisk, reint logistisk sett. Samstundes kan vi ikkje hevde at styremedlemmane representerte tverrsnittet av befolkninga på Sunnmøre.⁴⁶

Dei første turistane som kom til Sunnmøre vart møtt med dårlege vegar og manglande overnattingsplassar, men dei kunne også møte skepsis frå lokalsamfunnet. Arbeidsmoralen på Sunnmøre var kjend for å vere høg, og med arbeidsoppgåver som var knytt til dei tradisjonelle gjeremåla i landbruk og fiskeri. Det kom velklede og velfødde menneske med tilsynelatande god tid til å sjå seg rundt eller klivre på fjell, og dette vart sett på som unyttig og farleg. Då oppsitjarane på Nysætra, i

⁴⁴ (Williamsen O. , 2000)

⁴⁵ (Husby, 1988, s. 14)

⁴⁶ (Høidal, 2018, s. 22)

grenseområdet mellom Sykkylven og Ørskog, i 1891 søkte heradsstyret i Sykkylven om løyver til vegen mellom Ramstaddalen og Velledalen, vart det avslag. At dei folkevalde var skeptiske for konsekvensane ei auka turisttrafikk ville føre med seg er tydeleg i dette utdraget: «I Søkkelven vilde blive saa mange reisende om søndagn, at kirkens hellighet vilde forstyrres. Drikke-trafiken ligesom i Hjørundfjor vilde tiltage. Søkkelvingene vil de ikke få ungdomene til at arbeide»⁴⁷

Pioneren Wiliam Cecil Slingsby skriv i Norway – The northern playground om då han og Emanuel Mohn besøkte Sunnmøre i 1876 og då vart møtte med skepsis overalt. Han skriv i sine reiseskildringar at det var ikkje det at lokalsamfunnet ikkje var gjestfrie, men problemet oppstod når dei ikkje greidde å forsvare at dei ikkje hadde anna ærend enn å reise for moro skuld. Den slags aktivitetar såg sunnmøringane på som provoserande og nærmast syndig, då dei meinte at fjella var stygge.⁴⁸ Desse haldningane endra seg gradvis på slutten av 1800-talet, ettersom folk såg at det var mogleg å tene pengar på turiststraumen.

Vidare skriv Slingsby at det vakraste og mest interessante fjellområda fins på Sunnmøre og at kvart knutepunkt for kommunikasjon i desse områda hadde ein vegstasjon der dei hadde plikt til å føre skyssbok. I desse bøkene skulle dei reisande føre inn namna sine, skyssmiddel og destinasjon. Kvifor dei reisande vart sett på med slik skepsis kan skyssboka på Indre Standal forklare. Her var det registrert fem namn mellom 1853 og 1876. Berre fem reisande på 24 år er svært lite og seier mykje om kor uvanleg turisme var i den perioden på Sunnmøre.

Som vi ser var ikkje friluftslivet det som prega den første fasa i turistforeininga sitt arbeid. Det var ikkje mykje fokus på å arrangere turar og utflukter for medlemmane. Målsetningar var å gi informasjon og fysiske utbetringar som vart støtta gjennom pengebidrag. Dei første åra var foreininga si verksemd prega av å legge til rette for turisme rundt i distriktet på Sunnmøre, ved å utbetre vegnettet, auke rutetilboda for dampskipa, varde opp ruter i terrenget og sikre overnatting for dei reisande.⁴⁹

Nokon av dei første oppgåvene turistforeiningane tok på seg var å lage kart og reisehandbøker for turistane. Den Norske Turistforening gav ut reisehandbok for Noreg straks etter foreininga var etablert. Ålesund-Sunnmøre Turistforening var ikkje ringare og tok, etter skipinga i 1889, fatt på oppgåva og å få laga ei reisebok for regionen. ÅST gav oppgåva til lyrikaren Kristofer

⁴⁷ (Høidal, 2018, s. 32) henta frå Sunnmørsposten

⁴⁸ (Slingsby, 1998, s. 88)

⁴⁹ (Høidal, 2018, ss. 34-35)

Randers, son av distriktslegen i Ålesund. Han hadde aldri skrive reisehandbøker før, men starta likevel på prosjektet. Allereie 26.juni 1890, ti månadar etter, var «Søndmøre, reisehaandbog ved Kristofer Randers» ferdig.⁵⁰ «Randersboka», som den vert kalla, har kome ut i fire nye og moderniserte utgåver, i 1889, 1930, 1962 og 1989. Ålesund-Sunnmøre Turistforening har heile tida stått som utgjevar og den er framleis i sal, stadig like aktuell.⁵¹ Randersboka er ei sjeldan poetisk reisehandbok, noko utdrag som dette vitnar om: «Sunnmøre er et Norland som er flyttet mot syd, og en Jotunheim som svømmer på bølgene».⁵²

Kanskje var det nettopp difor den vart, og framleis er, så populær, at den representerte noko anna? Samstundes var ikkje stilen ukjend, for boka speglar den lyriske måten å omtale naturen på. Svært typisk for samtida, men kanskje ikkje så typisk for reiseruteskildringar som vanlegvis hadde ein meir systematisk deskriptiv stil. Tredje revidering av Randersboka vart gjort i 1930, og bar tydeleg preg av å famne ein breiare del av samfunnet enn tidlegare. I utdraget under kjem det klårt fram kven boka skal rette seg mot.

Rundt om på kontorene, på lagere, i butikker på gård og sæter fra fylkesgrensen til havgaren i vest finns dem på hvem boken først er myntet. Det er dig- og mig, skolelæreren og eleven, fjordfolk som fjellfolk, byfolk og øyfolk, alle de som er glad i Sunnmøre....⁵³

Dei første statlege DNT-midlane som Ålesund og Sunnmøre tok i mot vart nytta til anlegg av sti opp og til eit utkikkspatå ved Muldalsfossen i Norddal kommune. Dette var eit tydeleg turistretta bidrag frå DNT, og som gjorde det lettare å kome seg opp for å sjå denne vakre fossen som i Sunnmørsposten nokre tiår seinare omtalte som «Sunnmøres mest storslagne vannfall».⁵⁴ Noregs fossar var på eit ynda turistmål på denne tida og mange fossar fekk ein utbetra tilkomst. Den Norske Turistforening hadde fleire år med erfaring i å legge til rette for turisme og meinte at den spektakulære Muldalsfossen ville verte ein av dei store turistmagnetane på Sunnmøre. ÅST fekk 400 kroner for å utbetre vegen og det lokale bygdefolket i Tafjordområdet tok på seg jobben. Bygdefolket teikna 100 arbeidsdagar for arbeidet. Dette er første spor vi finn av samarbeid mellom bygd og by for Turistforeninga sine prosjekt. Arbeidet i Muldalen markerte starten på ÅST sine spor i

⁵⁰ (Randers, 1962)

⁵¹ (Vollan, 1993, s. 70)

⁵² (Randers, 1962, s. 1)

⁵³ Aalesund avis 17.7.1930

⁵⁴ Sunnmørsposten, 3.6.1924

distriktet. Her vart også den første varda stien lagt og den starta frå Muldal og gjekk vidare inn i Tafjordfjella.⁵⁵

Så skjer det som endrar kurs for regionen og for Ålesund Sunnmøre Turistforening: Ålesund brenn ned til grunnen 25. januar i 1904, ein av dei største bybrannane i Noreg si historie. Etter brannen endra, naturleg nok, ÅST sine styremedlemmane fokuset ei periode. Det som før hadde dreia seg om å legge til rette for turistar på distriktet og i fjellet vart no meir retta mot reiseliv og korleis ein skulle få turistbåtane til å stoppe innom Ålesund, slik at turistane kunne legge att pengar i byen. Byen måtte stablast på beina att.

Etter bybrannen konsentrerte ÅST seg mykje meir om by og næring, sidan det var naturleg å bygge næringsgrunnlaget i byen opp att før ein kunne ta det vidare ut til distriktet.

Samansetninga av næringsinteressene til dei som satt i styret frå 1908-1911 spelte også ei stor rolle i kva fokus foreininga hadde.⁵⁶

Den gamle forening hadde et mer sportsmessig maal. Nu er oppgaverne væsentlig av økonomisk art. Under de omstendigheter siger opgaverne sig selv. De blir først at arbeide for kommunikationerne etc. Og dernæst at søge at trække turisterne til os⁵⁷

Ålesund-Sunnmøre Turistforening hadde ei kort og hektisk periode med fokus på byen frå 1908 til den vart avvikla i 1911, med ei gjeld på 200 kroner.⁵⁸ Foreininga som før hadde bestått av like mange representantar frå distriktet, som frå byen, hadde no så nær som ingen att. Berre ti av dei 243 registrerte medlemmane i 1908 kom utanfrå.

Sjølv om ÅST ikkje var i normal drift var ikkje interessa for sport og aktivitet vekke i byen. Tvert imot. Lokalavisene og regionsavisene bær preg av eit høgt fokus på turar. Det vart annonserte om utflukter som var opne for alle og turar som var meir spesifikke og knytt til ei særskild foreining eller organisasjon. Det er altså tydeleg at det fanst ei interesse for turar og distriktet som gjennomsyra folket i byen. For å nemne nokon var Aalesunds Skiklub ein eksklusiv og svært aktiv klubb i åra etter brannen. Dei inviterte i vinterhalvåret til fellesturar som gjekk til Standal med båt frå Ålesund og til Standaleidet for skiaktivitetar. Det eksisterte også andre sportsklubbar som arrangerte fellesturar, men også andre foreiningar var pådrivar

⁵⁵ (Høidal, 2018, s. 29)

⁵⁶ (Høidal, 2018, s. 59)

⁵⁷ (Høidal, 2018, s. 55) Henta frå Sunnmørsposten

⁵⁸ (Høidal, 2018, s. 63)

for fellesturar ut i distriktet. Ålesund Tuberkulose Forening var til dømes svært ofte ute med annonser om turar og utflukter.

4 Motsetnad mellom bygd og by

4.1 Vekst og vanskar



Ålesund by sett frå Aksla. År 1895.

foto: Stiftinga Sunnmøre Museum. Digitaltmuseum.no

Motsetnadar mellom by og land er noko som er allmennkulturelt. Om ein flytta frå bygda til byen vert det ofte synonymt med å få høgare status. Om vi ser attende til tida mellom dei store krigane, var spenninga mellom bygd og by mykje større enn den er i dag. Det var skilnad i kultur, språk, livsform, forbruksmønster og næringsgrunnlag. Desse skilnadane finn vi også på Sunnmøre, men vi skal sjå at samfunnsstrukturane her skil seg frå mange andre stadar i same periode.

Som alle andre stadar, finn vi også på Sunnmøre sosiale og kulturelle skilnadar mellom by og bygd. Likevel viser funn at skilnadane ikkje er like store her som elles i fylket. Dei to mest nordlege byane i fylket fekk bystatus i 1742. Kristiansund, lengst nord, hadde eit gammalt kontinentalt borgarskap og Molde var embetsmannbyen der amtmannen sat.⁵⁹ Til samanlikning fekk ikkje Ålesund bystatus før i 1848 og det borgarskapet som fanst hadde i stor grad kome frå bygdene. Vi kan altså slå fast at Ålesund var ein relativt ung by,

⁵⁹ (Løseth, Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie Møre og Romsdal. 1920-1972, 1996, s. 75)

samanlikna med dei to andre byane i fylket. Følgande kvantitative funn frå mellomkrigsåra underbygg dette. I 1920 ser vi at omtrent halvparten av innbyggjarane i Ålesund var rekna som innflyttarar og i 1946 hadde det berre minka til 40 prosent.⁶⁰ Dette er ikkje unikt for Ålesund og Sunnmøre. Fleire andre byar i Noreg har blitt til utan eit utprega gammalt byborgarskap, til dømes Haugesund. Dei demografiske tala frå Ålesund og Sunnmøre er likevel unike for fylket.

Historisk skil også Sunnmøre seg frå resten av fylket med andre eigedomsforhold og andre sosiale tilhøve enn lenger nord. Dette gav mellom anna sunnmøringane større handlefridom og er truleg ein av årsakene til veksten i bygdesentera og at byen aldri fekk «overtak» i regionen. Til samanlikning har Nordmøre og Kristiansund by frå gammalt av ei dominerande overklasse av vøreigarar og handelsmenn og ei ufri underklasse av fiskarar. Disse trekka var fråverande på Sunnmøre, som bar preg av meir fridom og likskap enn resten av fylket.⁶¹ Sjølv om vøreigarsystemet vart borte i mellomkrigsåra kjøpmenn i Kristiansund mykje dei same rollene som før. Dette bidrog til å vedlikehalde dei sosiale skilnadane i denne delen av fylket.⁶²

At Ålesund var ein ung by er heilt klart ein medverkande faktor som verkar inn på kontakta med omlandet. I tillegg fanst det neppe nokon annan region i landet med så mange og sterke bygdebyar som konkurrerte med byen, som på Sunnmøre. Bygder som Sykkylven, Stranda, Stordal, Ørsta, Ulstein og Volda fungerte som senter for både utdanning og industri. Særleg etter 1930-talet opplevde mange av disse sentera stor vekst i industri, til dømes møbel og maritim industri. Ålesund har heller ikkje embetsmanntradisjonar i same grad som mange andre kystbyane i Noreg har, til dømes Molde og Stavanger.

Mellomkrigsåra var ei krisetid og ei tid prega av delvis stagnasjon over heile landet. På landsbasis var det nok ikkje Sunnmøre som leid mest, men dei harde mellomkrigsåra sette sine spor i denne regionen også. Stagnasjon, mangel på arbeid og stengd veg til Amerika pressa mange menneske til å tenkje nytt. I kjølvatnet av dette presset veks det fram nye næringsvegar som til dømes pelsdyrhald, oppgradering av fiskeflåta, møbelindustri og andre typar industri. Nøysemd, fråhaldsrørsle og ein puritansk livsstil er langt på veg norma for folket i regionen og dei økonomiske og kulturelt sterke bygdebyane spelte ei stor rolle i

⁶⁰ (Løseth, Byen og bygdene. Ålesund og sunnmørsbygdene frå mellomkrigstida og fram til i dag, 1998)

⁶¹ (Løseth, Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie Møre og Romsdal. 1920-1972, 1996, ss. 401-402)

⁶² (Løseth, Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie Møre og Romsdal. 1920-1972, 1996, s. 69)

utviklinga av dei nye næringane. Den meir egalitære samfunnsstrukturen gjorde at det vart eit tett samarbeid mellom arbeid og kapital og relativt kort veg mellom leiinga og arbeidar.

Vi finn dei tettstadane som opplevde utvikling i Møre og Romsdal frå siste del av 1800-talet og utover 1900-talet på Sunnmøre. Likevel, så seint som i 1936 blei berre ein fjerdedel av detaljhandelen på Sunnmøre omsett utanfor Ålesund, i eit område som dekte to tredjedelar av folketalet i regionen. Fram til omlag 1930 var det også ein straum av folk som flytta frå bygdene til byen. Så stig industrisysselettinga på Sunnmøre like mykje på seks år som det hadde gjort perioden frå 1910-1930. I midten av tredveåra hadde Ålesund færre industriarbeidsplassar enn sunnmørsbygdene, ei utvikling som held fram under og etter okkupasjonsåra. Denne utviklinga i distriktet hadde ikkje vore mogleg utan byen. Ålesund var motoren for utviklinga av sunnmørsbygdene. Men Ålesund var ein ung by og fekk aldri hegemoni over omlandet. Fråværet av eit sterkt sentrum er noko som formar utviklinga til regionen og førte mellom anna også til ein meir desentralisert bankstruktur på Sunnmøre enn i Romsdal og på Nordmøre.⁶³

Dei vertikale sentrum-periferi-relasjonane i forhold mellom by og omland ser altså ut til å ha vore svakare på Sunnmøre enn lenger nord i fylket, og elles i landet. Samanlikna med andre stadar var det ikkje så stor skilnad mellom øvre og nedre del av dei sosiale laga på Sunnmøre. Dette var med på å styrke kontakta og banda mellom bygd og by. Kontakt, samarbeid og tette band har spelt ei stor rolle for utviklinga til Ålesund og omlandet og kanskje også bidrege til at fjellturismen raskare fekk fotfeste i distriktet her, enn andre stadar.

At Sunnmøre er ein region med tette band kjem fram i måten fjellturismen vert organisert. Om danninga av Ålesund-Sunnmøre Turistforening vart det skriva: «26.april 1889 sitter en samling av byens mest fremstående menn, tredivetvåstykker av dem, i Rådhusalen».⁶⁴ Organisasjonen oppstod altså i byen. Dei som skulle drive med dette turistlivet i distriktet høyrde truleg til same samfunnsklasse som disse «byens mest fremstående menn». I 1889 hadde foreininga fått 189 medlem, etter å ha sendt ut innbydingar til «inntrædelse i Ålesund Søndmøre Turistforening» med en årskontingent på to kroner. Overraskande nok var så mange som 84 av disse medlemmane frå bygdene, men dei var sjølvstygge ikkje nokon «kvarmannsen» dei heller. Blant dei finn vi lensmann Riise frå Hjørundfjord, lensmann Møller frå Valldal, handelsmann Søholt frå Ørskog og hotelleigar Tryggestad frå Synnlyven.

⁶³ (Løseth, Region, kultur og økonomi - Nord-Vestlandet 1850-1975., 2004, s. 46)

⁶⁴ (Havnevik, 1939)

Det er tydeleg at organisasjonen vart skipa av, i og for ei spesiell sosial klasse i regionen og at denne sosiale klassa truleg var til stades utanfor sjølve byen også. Samstundes får vi også klare indikasjonar på at det eksisterte eit ønske om å nytte friluftslivet i heile regionen og at det allereie eksisterte ei tilknytning til bygdene og folket der, sjølv om det starta på «toppen». I perioden vi skal sette søkjelyset på er Sunnmøre ein region med skilnadar både på det regionale og sosiale plan. Samstundes er det også ein region med meir egalitære forhold mellom by og land, enn mange andre stadar i Noreg.

4.2 Regionale forhold på Sunnmøre



Sæbø i Hjørundfjord.

Foto: Havnevik Johs/ Stiftinga Sunnmøre Museum. Digitaltmuseum.no

Den regionale identiteten er og har vore sterk i Noreg. Vi er alle nordmenn, men vi er også ørstingar, vartdalingar, herøyværingar, ålesundarar, romsdalingar, valldølar etc. «Vi syntes vi var noe fordi vi var fra Ålesund» fortel Mindor Næss.⁶⁵ Næss hadde bakgrunn i arbeidarklassa i byen, men gav likevel tydeleg inntrykk for at det var høgre status å kome frå byen enn frå bygda, sjølv om han kanskje ikkje kom frå betre kår av den grunn. Dei som budde i Ålesund ville ikkje verte oppfatta som «bondske». Dette var eit negativt ladda uttrykk og speglar haldningar knytt til status og rang, som bidreg til å skape skilnadar. Motsetnadar mellom by og bygd var, og er, noko som er forankra i oss.

⁶⁵ (Løseth, Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie Møre og Romsdal. 1920-1972, 1996, s. 39)

I mellomkrigstida skjer det store endringar som gjer at dei regionale forskjellane i regionen vert bygde ned. Ein får nye kommunikasjonar, meir trafikk og framvekst av media. Det å flytte på seg vart enklare, og kommunikasjonen vart meir effektiv.⁶⁶ Det å kome seg frå bygda til byen på handel vart til dømes mogleg som ein dagstur, noko som tidlegare hadde vore utenkjeleg. Utviklinga av infrastrukturen var enorm og bidrog til at motsetnaden mellom by og bygd vert mindre, og kontakta mellom folk vart lettare

I mellomkrigsåra var det også vanlig at sommarturistar frå byane reiste til bygdene, også på Sunnmøre. I enkelte bygder om sommaren kunne det vere ferierande byfolk på kvar gard.⁶⁷ Då reiste heile familier frå byen til familie på bygdene eller dei leigde seg inn på ein gard for sommaren, der dei stelte seg sjølve. Familien som budde på garden flytta opp på kvisten, ned i kjellaren eller ut i stabburet. Leigesummen og sal av mjølk, egg og andre gardsprodukt til feriegjestane gav gardsfamilien ei ofte kjærkomen attåtinntekt. Ofte var det mor og barn som budde heile summerane på bygdene, mens far vekependla til og frå arbeid. Vi må merke oss at å feriere, ha eit «landsted» eller å reise på gardsferiar var aktivitetar og vanar øyremerka byborgarskapet, og ikkje den vanlege arbeidar i byen. Utdraget under gir oss eit innsyn i dette.

Min oldefar bodde på buholmen og hadde båt. Det hendte vi reiste på søndagstur og plukket blåbær. En gang reiste vi helt inn til Øye og ble fraktet med karjol opp Norangsdalen. Den turen ble antagelig organisert av en forening. Ellers var det vanlig å reise bort i skoleferien. Vi lå på landet hele ferien. Det var stor stas når far kom på besøk i helgene. Vi var med på alt som foregikk på en bondegård⁶⁸

I mellomkrigsåra var det altså vanleg for mange byborgarar frå Ålesund å bu «på landet» meir eller mindre heile skuleferien og ut over mellomkrigsåra vaks også talet på privateigde hytter. Til samanlikning, fekk ikkje arbeidarklassa i byen i praksis innført lova om åttetimarsdag før seinare i perioden. Ferievanene til folk markerar langt på veg skilnaden mellom dei sosiale laga i byen. Kven som hadde, og ikkje hadde ferie. Det var i stor grad byhanda som førte. Det var i byen i dei øvre sosiale laga trendane og skikkane oppstod, før dei breidde seg nedover til arbeidarklassene og til bygdebyane og distriktet. Desse tendensane peikar også Pierre Bourdieu i «Distinksjonen», som vi har vore inne på tidlegare.

⁶⁶ (Løseth, Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie Møre og Romsdal. 1920-1972, 1996, s. 36)

⁶⁷ (Vollan, 1993, s. 59)

⁶⁸ (Minneoppgave for eldre. Minnemateriale samlet inn av Landslaget for lokallhistorie) minneoppgåve for Gjertrud Grasdal, fødd 1915 i Ålesund.

Sjølv om Ålesund vart rekna som byen på Sunnmøre fanst det, som sagt, mange sterke ”bygdebyar”. I 1930 bestod Sunnmøre av 14 tettstadar. Utanom Ålesund var det fire av disse som hadde over 1000 innbyggjarar: Volda (1900), Ørstavik (1400), Langevåg (1300) og Ulsteinvik (1070). Dei andre viktigaste tettstadane og sentera for handel utanom byen var Fosnavåg og Eggesbønes i Herøy, Spjelkavik i Borgund, Brattvåg i Haram, Sykkylven og Stranda. På grunn av vekst i verfts- og tekstilindustrien og mange etableringar innanfor den nye møbelindustrien var bygdebyane i 30-åra dei som fekk mesteparten av befolkningsveksten i regionen. Disse bygdebyane fungerte som servicesenter for bygdene rundt.⁶⁹ Disse bygdebyane var sterkt representerte i styre då Ålesund-Sunnmøre Turistforening vart danna. Eit eksempel på dette er lensmann Riise frå Hjørundfjord. Han hadde ein sterk sosial posisjon i Hjørundfjord og på Sæbø, men også tette band til Ålesund. Dei lokale medlemmane var med å hindre at fjellturismen vart framandgjort, som noko berre for bybuarane. Dette var med å minke skilja mellom bygd og by og ÅST sine aktivitetar vart meir synlege og tilgjengelege for bygdefolket.

Media spelte også ei stor rolle i å samle regionen. Sunnmørsposten hadde til dømes ei artikkelserie som heitte «Heimbygda mi» i mellomkrigsåra. Dette gjorde at folk lærte regionen betre å kjenne. Dei som ikkje kunne reise dit sjølv kunne sjå det føre seg ut i frå det dei las i avisene. Der fortalte ulike menneske rundt i regionen om staden dei budde på. Marie Skylstad fortel i utdraget under om heimbygda si «Norangsdalen», eit område som hadde vore eit ynda turistmål sidan midten av 1800-talet. Vi ser at turismen er ein del av kvardagen og levevegen i bygda, men vi ser også eit spor av ei auka interesse i natur og friluftsliv.

Mesteparten av folket liver av jordbrukdessuten er her skysslag som vert nytta av dei mange store turistfylgja som dreg gjennom dalen..... «fjella våra» burde vi sunnmøringar og gjera oss meir nytt av, ikkje berre for sport, men og fordi vi derfrå har høve til å sjå eit bilete av natura som seint vil gå ein av minne⁷⁰

⁶⁹ (Løseth, Byen og bygdene. Ålesund og sunnmørsbygdene frå mellomkrigstida og fram til i dag, 1998, s. 46)

⁷⁰ Sunnmørsposten 8.2.1932.

4.3 Sosiale forhold på Sunnmøre



Ålesund hamnebasseng ca. 1920.

Foto: Havnevik Johs. / Stiftinga Sunnmøre Museum. Digitaltmuseum.no

Ålesund og Sunnmøre i mellomkrigstida var ikkje berre prega av regionale skilnadar, men også sosiale skilnadar som gjekk på tvers av dei regionale. Det var ikkje slik at om du flytta til byen gav det automatisk betre økonomi og høgare status. Minnematerialet frå 1998 til landslaget for lokall historie gjev oss eit innblikk i dei sosiale skilnadane i bysamfunnet. At skilnadar var store også innanfor bygrensene ser ein tydeleg i dette utdraget under.

det var stor forskjell på det fattige og de mer velstående barna. De fattige var svært dårlig stilt og klærne fulgte ingen spesiell mote. Alt var grått (...) Vi hadde en kjøkkenpike, en stuepike og en barnepike (det var billig med hjelp i huset)⁷¹

Men sjølv om ein kom frå ei velstående familie var det ikkje så vanleg å reise rundt i distriktet (særleg ikkje i 20-åra). Dei aller fleste utflukter var i feriane og gjerne knytt til familiebesøk. Kvinna i neste utdrag var fødd i 1910 og vaks opp i Steinvågen i eit hus som hadde vassklosett, noko som ikkje var vanleg på denne tida. Dei fekk også elektrisitet så tidleg som omkring 1915, men sjølv med god økonomi ser vi at det ikkje var vanleg å reise mykje. «I

⁷¹ (Minneoppgave for eldre. Minnemateriale samlet inn av Landslaget for lokall historie) minneoppgåve for Helge Berset, fødd 1916, vaks opp i Ålesund by og kom frå ei velstående familie.

hennes yngre dager var det ikke vanlig å reise så veldig langt. I feriene reiste de ofte til Molde der de besøkte slektninger. På folkeskolen var de en gang på fjelltur på Emblemsfjellet»⁷².

Utdanning ut over folkeskolen var heller ikkje for dei fleste. Det gjaldt å kome seg i arbeid og tene til livets opphald. Ein mann som vaks opp på Sula fortel i utdraget under om utdanning og arbeid når han var tenåring.

Etter folkeskolen var det ikke mange som tok videre utdanning. Det som fikk det var, av de jeg kan huske, barna til kjøpmannen og barna til læreren. Da jeg var ferdig med folkeskolen i 1936, fikk jeg først jobb på en sjøbu, deretter losset jeg fiskebåter som hadde vært på Grønland, Svalbard osv. Arbeidet var svært hardt, i alle fall for oss yngre. Vi starta kl 20.00 og holdt på til kl 08, betalingen var 60 øre timen.⁷³

Mange av dei som budde utanfor bykjerna kunne livnære seg av eige småbruk attåt anna arbeid. På eit lite småbruk kunne ein ha ei kyr, ein sau og/eller høner til å spe på hushaldet. Det gjorde det enklare å dekke primærbehova, samanlikna med dei som budde i byen. I dei litt større bygdesentera arbeidde mange på fabrikkar og hadde småbruk som attåt nærings, og dette var kjærkome. Ein kan difor argumentere for at økonomien var trongare hjå ei rein arbeidarfamilie i ei byleilighet enn hos desse, noko utdraget under kan fortelje:

Dette var ei tid med svært lite pengar for dei fleste. Det var likevel mange som arbeidde på fabrikkane, men med låge løner tross lange arbeidsdagar. Best var det for dei som hadde eit lite småbruk og det var det nokså mange av på den tida.⁷⁴

Fritid som noko anna enn arbeidsløyse og lediggang vart funne opp i 1918 i Noreg. Då fekk arbeidstakarar innført 8 timars arbeidsdag. I 1914 hadde berre ein av fem fagorganiserte betalt ferie, men med ei auke i velstand og arbeidarrørsla fekk så nært som alle arbeidarar lønna ferie ut på 1930-talet. Tendensane var at stadig fleire nytta fritida si til kollektiv deltaking med t.d. kino, idrettsarrangement og kafébesøk. I desse aktivitetane sette sjølvstøtt pengar ei avgrensing for kva og kven dette var mogleg for. Den viktigaste aktiviteten var naturen og friluftslivet, motpolen til industrisamfunnet sit arbeidarmiljø. Dette var ein fritidsaktivitet som ikkje trong å vere så kostbar.⁷⁵

⁷² (Minneoppgave for eldre. Minnemateriale samlet inn av Landslaget for lokalhistorie) minneoppgåve frå Petty Ystenes, fødd 1910 i Ålesund.

⁷³ (Minneoppgave for eldre. Minnemateriale samlet inn av Landslaget for lokalhistorie) minneoppgåve frå Reidar Urke, fødd i 1922, Bjerkevåg Sula.

⁷⁴ (Minneoppgave for eldre. Minnemateriale samlet inn av Landslaget for lokalhistorie) minneoppgåve frå anonym, fødd i 1916 i Ålesund men flytta til Sula med familien pga. arbeid.

⁷⁵ (Kjeldstadli, Tid til overs, 2016)

Det var få områder som speglar dei sosiale forholda betre enn i sporten. Før første verdskrig var det å drive sport noko som var for dei få som hadde rikeleg med tid og pengar, i takt med utviklinga av industri og frigjerung av fritid kan vi sjå starten på ei sosial utjamning. Det offentlege og ulike organisasjonar skapte meir og meir grenser for den einskilde si personlege utfalding, og idrett, sport og rekreasjon var ein velkommen sikkerheitsventil. I mellomkrigstida vart dette tilgjengeleg for fleire.

Om vi summerer opp kva som prega dei sosiale, kulturelle og økonomiske forholda i Ålesund og på Sunnmøre i mellomkrigstida ser vi store endringar. Mange er arbeidsledige, Sunnmøre er eit låglønnsområde og fleire får endane til å møtast ved å drive småbruk attåt fabrikkarbeid. Samstundes stoggar turisttrafikken frå utlandet på grunn av forholda i Europa, som også var ei viktig inntektskjelde, både i by og i distriktet. Trass i alt dette er mellomkrigsåra også prega av nytenking, omstilling og organisering. Mange får også levestandarden sin forbetra ut over desse tiåra.

4.4 Organisering

I Ålesund der det høg grad av organisering i mellomkrigstida og det vart danna foreiningar for alt mogleg. Handelsforeiningar, fråhaldsforeiningar, sportsforeiningar, misjonsforeiningar etc. Næringsliv, måtehald, helse og religion var verdiar som var viktige for folk. Foreininga Ålesunderen (stifta i 1931) arbeidde til dømes for at byfolk skulle ha førsteretten til det arbeidet som var å få i byen. Paradokset med denne bypatriotismen i regionen var jo at svært mange av dei som budde i byane var tilflyttarar, og fleire hadde slektningar i bygdene. Så mange som om lag halvparten av alle innbyggjarar i Ålesund i 1920 var innflyttarar.⁷⁶

Det fanst også mange sportsforeiningar, til dømes Ålesund Skiklub og Sportsklubben Rollon, disse hadde aktivitet og helse som hovudfokus. Sportsforeiningane arrangerte mellom anna fellesturar rundt omkring i regionen, gjerne på søndagar. Sunnmørsposten hadde ei brei dekking av sport og friluftsliv og dekkja det meste av stoff innanfor sjangeren. I utdraget under frå 1925 kjem den veksande interessa for friluftslivet fram, samt vert det oppmoda til aktiv deltaking ute i naturen om sommaren også.

...Til slutt vil jeg dog ikke undlate å bemerke, at der blant byens ungdom er en gledelig vekst i interessen for friluftsliv og idrett; de bare på alle de glade og fornøidde ansikter

⁷⁶ (Løseth, Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie Møre og Romsdal. 1920-1972, 1996, s. 40)

*som en strålende skisøndag arbeider sig oppover mot hyttene på Standal og Sula! Derfor-
bli også med om sommeren; da er naturen endda herligere. -Kristian Berge.⁷⁷*

Men det var ikkje berre sportsforeiningane som la vekt på fellesturar, mange av dei andre foreiningane i byen arrangerte også fellesturar ut i distriktet. Desse hadde truleg ei mindre vektlegging på aktivitet, men det å oppleve og verte kjend med regionen og å kome seg ut av byen. Interesse for å verte kjend med eigen landsdel og naturen var stor hjå dei fleste. Søndagsturar og utflukter vart sett på som så viktig at fleire foreiningar oppmoda til kronerulling for at born i byen som ikkje hadde råd til desse turane skulle få høve til det.⁷⁸

Sunnmørsposten var med å bygge under denne interessa for distriktet med mellom anna artikkel-serien «Kjenn ditt land», og tidlegare nemnde «Heimbygda mi», der avisa jamleg tok føre seg ulike stadar og områder på Sunnmøre. Stadane vart rikt skildra, noko som gav folk kjennskap til andre stadar enn der dei sjølv budde og medverka til å knytte regionen saman. Under ser vi korleis ei vanleg annonseside i Sunnmørsposten kunne sjå ut i 1926. Her ser vi at tur vart trekt fram som viktig, også blant foreiningar og organisasjonar som ikkje var typisk sportretta.

⁷⁷ Sunnmørsposten 10.6.1925

⁷⁸ Sunnmørsposten 8.6. 1925

Tur til Rundøy

førstk. søndag arrangeres av D. B. K. sangkor. — Møte på Bedehuset kl. 11 fm og 5 em. ved emissær Sævereid og klokker Østvig. Kollekt optas. Båt avgår fra SKANSETORVET kl. 7,30 morgen.

Billet: Tur og retur 2 kroner. (Lys)

Godtemplarkoret „Solglimt“
arrangerer

Lysttur til Vigra

søndag 13de juni i anledning Sangerstevnet. Motorbåt »Suløy« avg. fra Stornespiren kl. 7.30 fm. Retur om kvelden.

Tur til Molde

Methodistmenigheten arrangerer tur til Molde søndag den 13 ds. med «Rollo». Avgang fra Skansekaiaen kl. 6 fm. — Retur kl. 9 aften.

Kaffe og brus fåes kjøpt ombord. Mat og kop medtas. Sangkoret underholder på turen.

Et begrenset antall billetter tilsalg hos frk. Ingebrigtsen, — Skaregaten 7. Telefon 4

Tur og retur kr. 5.00.

Familjer moderasjon.

Utflukt

har **Missionshusets søndagsskole** søndag 13. ds. til Lillegjerde, Spjelkavik.

I Spjelkavikens forsamlingshus møte kl. 11. form.

Se annonsen lørdag.

Turannonser i Sunnmørsposten.

11.6.1926.

annonsørar:

D.B.K. Sangkor

Godtemplar koret Solglimt,
Metodistmenigheten

Missionshusets søndagsskole.

I denne perioden vart Ålesund og Sunnmøre Turistforening sett i drift igjen etter nokre år i dvale. Den store turisttrafikken frå utlandet hadde bremsa opp og næringsgrunnlaget var ikkje til stades på same måte som før bybrannen. Likevel vart foreininga starta opp att og retta merksenda ut til distriktet, noko som verkeleg var i vinden i 1920-åra. Styret bestod av ein ny generasjon med turfolk som hadde mål om å famne regionen og gjere fjellturismen enklare og tilgjengeleg for folk flest, av sunnmøringar og for sunnmøringar. 20-åra var som sagt prega av

økonomiske vanskar, gjeldsauke, arbeidsløyse og stagnasjon, men for ÅST var perioden prega av framdrift og entusiasme. At perioden vert omtala som «gullalderen» til foreininga talar for seg. Verdsbildet kokar og Europa er i kaos og kanskje bidrog friluftslivet til det avbrekket frå kvardagen og den roa som mange trong? Fleire lag enn før av befolkninga tok del i foreininga sitt arbeid for tur- og friluftslivet og utviklinga av kommunikasjonen (særskild bilen) letta forholda for deltaking. Dei arrangerte fellesturane og overnatting av foreininga sine hytter la seg på eit overkommeleg prisnivå. Dette gjorde friluftslivet tilgjengeleg for fleire.⁷⁹

4.5 Ferdsl

Som nemnd, vart kommunikasjonen mellom by og land på Sunnmøre enklare i dei to tiåra mellom krigane. Det som skulle verte Ålesund-Sunnmøre Turistforening sin gullalder var i høg grad hjulpen fram av dette. Fleire stiar og fjellovergangar hadde tidlegare vore viktige ferdsselsårer mellom forskjellige bygdelag, mellom fjordbygdene og innlandsbygdene. Desse vart no varda og merkte betre. Men det var ikkje berre fjellområda som vart utbetra, for no vert det å kome seg til og frå fjellområda stadig enklare.⁸⁰

I mellomkrigsåra vart dampskipsrutene utbygde og etterkvart som behovet auka vart dampskipruta supplert med motorbåtar for å utvide tilbodet.⁸¹ I takt med utbygginga av bilveg vart talet på stoppestadar redusert, noko som gjorde fjordruta meir effektiv. Folk kunne etterkvart kome seg til byen om føremiddagen med båt eller bil og reiste igjen om ettermiddagen. Med hjelp av rutebåtane fekk folk seks-sju timar i byen.⁸²

Dei største endringane i infrastruktur og vegnett for turismen skjer på 30-talet. For å nemne noko fekk Valldal i 1936 køyreveg til nabokommunen og til det store riksvegnettet ved at Trollstigen vart opna sommaren 1936. Sjølv om Trollstigen berre var open nokre få månadar om sommaren var det for bygda ei ”opning mot den store verda”. Seksti år etter er Trollstigen den mest etterspurde turistvegen i landet, men den er framleis stengd på vinterstid.⁸³

⁷⁹ (Thorson, 1952, s. 784)

⁸⁰ (Fylling, 1999, s. 34)

⁸¹ (Torvik, 2000, s. 190)

⁸² (Løseth, Byen og bygdene. Ålesund og sunnmørsbygdene frå mellomkrigstida og fram til i dag, 1998, s. 47)

⁸³ (Torvik, 2000, s. 192)

Raumabana og Tafjord Kraft er to kjerneelement som har vore avgjerande i høve kommunikasjon som gagna fjellturismen og Ålesund-Sunnmøre Turistforening sitt virke i mellomkrigsåra. Debatten om kvar linja til togbana skulle gå hadde skapt indre strid i Romsdals Amt i meir enn førti år, men 29. november 1924 stod den ferdig. Denne statlege innblandinga som gjorde at bygging av Raumabana vart realisert har hatt enormt mykje å seie for reiseliv og næringsliv i Møre og Romsdal.⁸⁴ «I over 50 aar har Møre stridt og kjæmpet for denne bane og mangen stridsmann har i dette tidsrum lagt hodet ned, om dog enkelte av pionerene er saa lykkelige»⁸⁵

I dag er Raumabana den einaste jernbana med stoppestad i Møre og Romsdal, men vegen gjennom Romsdalen har vore ei ferdselsåre i lang tid. Ruta mellom Åndalsnes og Gudbrandsdalen er den lågaste fjellovergangen mellom austlandet og vestlandet, og difor har den også vore den lettaste ruta med tanke på vêrtilhøve og stigning. Høgaste punktet er knapt 700 meter over havet, og ein må så langt sør som til Sirdalsheiane for å finne ein lettare måte å kome seg frå aust til vest.⁸⁶ Utbygginga av infrastrukturen på sunnmørssida av Tafjordfjella skal Tafjord kraft ha mykje av æra for. Dei vegane som fanst var primært bygde for å ferdast med hest og kjerre og dei held ikkje mål då Tafjord Kraft starta kraftutbygginga i 1918. Utbetringane med forsterkingane som veger og bruer trong for å utføre kraftutbygginga stod kraftselskapet for.⁸⁷

Som vi kan sjå var utviklinga i samferdsla fenomenal i mellomkrigsåra. Det som før måtte brukast fleire dagar på, kunne ein no rekke over på ein dagstur. Dette gjorde det lettare for folk å flytte på seg og førte til hyppigare møter mellom by og land, som var med å gjere skilnadane mellom folk mindre. For folk flest vart det no mykje enklare å kome seg att og fram i regionen når det gjaldt arbeid og handel, men også om ein ønskte å kome seg til fjells.

⁸⁴ (Torvik, 2000, s. 28)

⁸⁵ Erik Lerheim, Avisa Jordbrugereren 29. november 1924.

⁸⁶ (Standal, 1996, s. 97)

⁸⁷ (Torvik, 2000, s. 181)

5 Aalesund-Sunnmøre Turistforening

Initiativet til å starte opp att foreininga kom frå DNT i 1922.⁸⁸ I referatet i Sunnmørsposten frå den re-konstituerande generalforsamlinga legg styret føringa for intensjonane dei ønskte foreininga skulle ha. Som vi kan sjå på ordlyden i utdraget under, er det no fokus på at arbeidet til foreininga også skal gagne distriktet.

Dens maal er jo at aapne vort folks øie og sind for hvilken livsberikelse det er at ferdes ute i en skjøn og mægtig natur og derved skaffe glæde og sundhed til saa mange som mulig til gavn for vor by og vort distrikt⁸⁹

Om ein ser på aktiviteten til Ålesund-Sunnmøre Turistforening i Sunnmørsposten er det tydeleg at ÅST hadde ein litt seig start dei første åra. Samanlikna med annonsane til dei talrike foreiningane på Sunnmøre tidleg i 1920-åra var annonsane til ÅST korte og sporadiske. Dei første åra omhandla annonsane i hovudsak innkallingar til generalforsamlingar og samandrag/møtereferat frå desse. I 1924 står det i Sunnmørsposten etter generalforsamlinga: «vi har i år bare 112 betalende medlemmer. Kontingenten er bare 3 kroner, vistnok den laveste kontingent av alle turistforeninger».

Dette fortel mykje om den økonomiske situasjonen til Ålesund-Sunnmøre Turistforening. Samstundes vil den lågaste kontingenten i landet gjere deltaking tilgjengeleg for eit breiare samfunnslag. Vi skal vidare gje eit oversyn over utviklinga til ÅST i 1920- og 1930-åra, før vi skal sjå nærare på korleis foreininga kunne auke samarbeidet mellom byen og distriktet.

Tidleg på 1900-talet var det vanleg at dei fjellturistane som gjekk lange etappar leigde seg inn hjå gardbrukarar og på setrer for overnatting. Dette gav også dei som husa turfolket ei ekstra inntekt. Dette ønskte Turistforeninga også å legge til rette for, gjennom å opprette avtalar med lokale gardbrukarar om bruk av seterhus til losji for fjellfolka, eksempelvis Kabbensætra i Rauma og Kaldhussetra i Norddal kommune. Etterkvart som foreininga fekk kapital til det, støtta dei med sengekle og liknande på gardane dei hadde avtale med. I Aalesunds avis finn vi til dømes i eit referat frå generalforsamling i 1932 at ÅST har gitt utstyr til to senger til Kaldhusseter i Tafjord.⁹⁰ Men etter som turgåarane vart fleire auka også behovet for overnatting, og dei som held losji greidde ikkje huse alle.

⁸⁸ (Høidal, 2018, s. 64)

⁸⁹ Sunnmørsposten 20.7.1922

⁹⁰ Aalesund Avis 9.11.1932

Dette førte til at Ålesund-Sunnmøre Turistforening vart hytteeigarar på midten av 1920-talet. Den første hytta til Ålesund-Sunnmøre Turistforening, Pyttbua, var ei tidlegare annleggsbrakke til Tafjord Kraftselskab og vart røyst i 1925. Samstundes tok foreininga over Friis-bua, ei enkel jakthytte ved Torsvatnet, bygd av Jens Andreas Friis i 1871. Dette er det første dømet på samarbeid mellom Turistforeninga og Tafjord Kraftselskab. Seinare skulle Tafjord Kraft og ÅST ha mykje med kvarandre å gjere, som brukarar av dei same naturressursane i fjellet.

I 1928 vart Vakkerstøylen bygd, ei gammal tømmerstove som vart flytta til fjells. Både Pyttbua og Vakkerstøylen ligg i Rauma kommune, men er drivne av Ålesund-Sunnmøre Turistforening. Hyttebygginga viser at foreininga hadde eit godt framdriv, høg interesse blant medlemmane, godt samarbeid med folket i distriktet og gode støttespelarar i nærings- og organisasjonslivet. Sistnemnde har vore avgjerande i arbeidet med å reise dei første hyttene, sidan foreininga hadde så dårleg økonomi. Samarbeid med distriktet var også avgjerande for hyttebygginga.

På landsbasis oppretta Den Norske Turistforening og dei seks største turistforeiningane, Drammen, Skien-Telemark, Kristiansand, Stavanger, Kristiansund og Trondheim ein såkalla “gjensidighetsavtale” i 1927. Dette gav gjensidig bruk av hyttene for dei foreiningane som kom under denne avtalen. Dei mindre foreiningane i Noreg, som ÅST, vart stilte utanfor disse avtalane, noko som førte til veksande misnøye.⁹¹ Dette kan sjåast som ei sosial polarisering, der dei største foreiningane, altså dei sterkaste og med best økonomi, gjekk saman og ekskluderte dei foreiningane som var mindre og ikkje hadde så mykje kapital. Kvifor fekk foreininga lengst nord i fylket vere med? Kristiansund var ei lita foreining, med berre 175 medlem i 1932, men på trass av låge medlemstal vart likevel innlemma i «gjensidighetsavtalen» med DNT. Vi veit at Kristiansund si turistforening hadde eit mykje større by- og næringslivpreg enn Ålesund hadde og at Kristiansund by hadde eit meir internasjonalt borgarskap enn i eksempelvis Ålesund. Dette peikar mot at turistforeninga med sete i Kristiansund hadde ein eksklusivitet og ein status som andre turforeningar med om lag same medlemstal ikkje hadde.

I 1934 vert det meir samarbeid internt i fylket og Aalesunds Avis melder at ein gjensidig avtale er inngått mellom Kristiansund og Aalesunds turistforening.⁹² Kristiansund samarbeida

⁹¹ (Høidal, 2018, s. 76)

⁹² Aalesunds Avis 29.6.1934

allereie med DNT, men valte likevel å gå inn i avtale med ÅST. Kristiansund og Ålesund var to ulike foreningar i perioden, med ulike medlemstal og ulike vektlegging på næringsliv og turisme. ÅST hadde høgare medlemstal enn Kristiansund og Nordmøre Turistforening, men sistnemnde er i «det gode selskap» med dei sterkaste turistforeiningane i landet. Kanskje har denne samarbeidsavtalen bakgrunn i at dei to byane langt på veg var tufta på dei same næringane og sjølv om disse to turistforeiningane hadde ulike profilar, hadde kanskje styremedlemmane kontakt seg i mellom på andre arenaer enn i fotturismen og det danna bakgrunnen for samarbeidet.

Det skulle likevel ta lang tid før alle turistforeiningane i landet høyrde til same hovudorganisasjon. Ikkje før i 1988 vart Den Norske Turistforeningens forbund og Den Norske Turistforening samla til det som i dag heiter DNT, også kalla DNT landsforeininga. Først då vart dei minste foreiningane tekne inn i varmen og innlemma under same organisasjonsparaplyen.⁹³

5.1 Økonomi og sosialt miljø i fjellturismen

Kontingent og medlemstala til dei ulike turistforeiningane kan fortelje mykje om det sosiale miljøet foreiningane driv i og for. I både 1920- og 1930-åra har dei kvantitative funna vist lite endring i medlemskontingenten. I Den Norske Turistforening låg kontingenten på 10 kr året. Samanlikna tok Ålesund-Sunnmøre Turistforening berre 2 kr året, noko som fortel oss mykje om den økonomiske situasjonen til medlemmane. Når ÅST vart starta oppatt etter bybrannen vart det foreslått 3 kroner i årskontingent. Dette var ei viktig inntektskjelde for foreininga, men forslaget vart nedstemt. Fleirtalet meinte at det ville vere lettare å få med folk frå landet om kontingenten var ei krone lågare.⁹⁴ Foreininga hadde altså ein tydeleg intensjon om å famne heile vidt.

Det er ikkje uventa at ei foreining som Den Norske Turistforening med hovudsete i Oslo opererte med høgare takstar enn Ålesund-Sunnmøre Turistforening. Landsforeininga var mykje større, dreiv fleirfaldige hytter og nokre av medlemmane høyrde til den øvre den sosiale eliten i Noreg, jamfør kap. 5.3 med liste over innbundne og livsvarige medlemmar i 1931, som viser at medlemmane både var kronprins og kronprinsesse. På lista over innbundne

⁹³ (Adem, 2018)


⁹⁴ (Høidal, 2018, s. 57)

medlemmar finn vi likevel også gardbrukarar, så ei reinskoren eliteforeining var ikkje DNT, sjølv om den overskygga ÅST. Den Norske Turistforeininga hadde trass alt ein ganske demokratisk profil, samanlikna med til dømes Norsk Tindeklub, der ein måtte søke om medlemskap.

I Møre og Romsdal vart det som nemnt stifta tre turistforeiningar på om lag på same tid, Molde og Romsdal, Kristiansund og Nordmøre og Ålesund-Sunnmøre Turistforeining. Kvantitative funn frå dei to nordlegaste foreiningane i fylket har vore vanskeleg å hente ut då arkiva deira har vorte øydelagt av brann; to gongar i Molde i 1919 og 1940 og ein gong i Kristiansund i 1940.⁹⁵ Heilt utan spor er vi likevel ikkje, i årbøkene til DNT kan vi finne innmeldingar og rapportar frå fleire lokale turistforeiningar i Noreg. Disse viser at medlemstala til Molde og Kristiansund var langt lågare enn medlemstala i Ålesund-Sunnmøre Turistforeining.

Det har vore vanskeleg å finne tal for heile perioda i DNT sine årbøker, då foreiningane i Nordmøre og Romsdal berre har meldt inn tall sporadisk, men dei åra det er meldt inn gjev god nok indikator for skilnadane. I 1932 hadde Kristiansund 175 medlemmar, mot Molde med berre 109. Det same året melder Ålesund-Sunnmøre Turistforeining inn 462 medlem. Nokre år seinare, i 1936, auka Kristiansunds Turistforeining til cirka 300 medlem og Molde og Romsdals Turistforeining auka til 230. På same tid opplever Ålesund-Sunnmøre Turistforeining sitt rekordår for mellomkrigsåra, og melder inn heile 648 medlemmar.

Diagrammet under viser utviklinga i medlemstala til ÅST i mellomkrigsåra.



⁹⁵ (Molde og Romsdal Turistforeining, 1964, s. 13) og (Husby, 1988, s. 9)

Det høge medlemstalet i ÅST samanlikna med dei to andre foreiningane i fylket kan indikere at ÅST nådde ut til fleire, og famna eit breiare lag av samfunnet. Kva årskontingent dei ulike foreiningane opererte med kan vere ein faktor, men også innbyggartal i dei ulike regionane hadde kunne også bidra til skilnadane i talet på medlemmar mellom turistforeiningane i fylket. Ei prosentvis fordeling av folketalet i fylket i 1930 viser at Nordmøre hadde 32,8 prosent av innbyggerane, Romsdal 20,8 prosent av innbyggerane og Sunnmøre heile 46,4 prosent.⁹⁶ På same tid var fordelinga mellom bygd og by i Møre og Romsdal 128 839 mennesker i bygder og 36 225 mennesker i byar.⁹⁷

Mykje tydar på at Ålesund-Sunnmøre Turistforening forsøkte å stå fram så folkelig som råd. På ÅST sine generalforsamlingar og medlemsfestar vart det til dømes alltid servert pølser. Ofte stod det «pølsefest» i overskriftene når foreininga annonserte for samlingar. Dette talar for mentaliteten som prega friluftslivet på denne tida. Vekk var flosshatt og karjol frå før første verdskrig, no var det nikkars og kaffikjel på bål som gjaldt. Eit ønske om å kome tilbake til naturen, og til eit enklare liv enn kva du fann i byane. Tanken med pølsefest var at det skal vere godt, enkelt og billig. Festen vart likevel held i Frimurarlosjen i Ålesund, noko som peikar mot ei viss sosial forankring og som kanskje skapte ein viss distanse til dei lågare samfunnslaga. Samstundes presiserte ÅST i mange annonser i Sunnmørsposten at samlingane deira bar preg av å vere av det enkle slaget.

Noko uventa er det at medan Ålesund-Sunnmøre Turistforening ønskjer å innlemme bygd og distrikt så mykje som råd, vert Kristiansund og Nordmøre Turistforening meir sentrumsfokusert. KNT hadde frå starten nedfelt i lovene sine at styret skulle bestå av sju stykk, der to av dei skulle kome frå distriktet. Dette er ikkje overraskande tal i ei foreining som vart skipa av byens Klubselskap, med eit klart økonomisk retta motiv som kjem tydeleg fram i innbydingane til skipingsmøtet: «..og saaledes bidrage til distriktets opkomst i økonomisk henseende».⁹⁸ Dette var heller ikkje ein uvanleg motivasjon, sidan dei fleste turistforeiningane i Noreg var nærings- og reiselivsretta i starten.

Det som likevel er overraskande er at samstundes som ÅST gjeng mot ein meir folkeleg profil på 30-talet, utviklar Kristiansund og Nordmøre Turistforening seg motsett veg. I 1936 endrar dei lovene og namnet til foreininga. Nordmøre vart teken bort frå namnet slik foreininga berre

⁹⁶ (Løseth, Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie Møre og Romsdal. 1920-1972, 1996, s. 344)

⁹⁷ (Det statistiske centralbyrå, 1936)

⁹⁸ (Husby, 1988, s. 9)

vart heitande Kristiansunds Turistforening og styremedlemmane vart redusert frå sju til fem. I paragraf fire, første ledd, stod det: «Foreningen ledes og dens midler forvaltes av et styre bestående av fem medlemmer, hvorav formannen og minst 3 av de øvrige må være bosatt i Kristiansund». Foreninga som før hadde hatt eit krav om at minst to stykk frå distriktet måtte sitte i styret, fjerna dette og sette minstekrav for tal på styremedlem buande i byen. Spor av liknande utvikling har vi ikkje greidd å spore i nokon andre turistforeningar. Kva som var årsaka og kva ringverknadar dette fekk veit vi ikkje. Dei må ha merka at dei ikkje var tente med desse endringane, for allereie i 1952 endra dei namnet tilbake.⁹⁹

5.2 Fellesturar




Foto: stiftinga Sunnmøre museum. Digitaltmuseum.no

Aalesund dampskipbrygge, skansekaia ca. 1903.

D/S Jotunheim og D/S Moeringen var dampskip som jamleg vart nytta i ÅST sine fellesturar.

Sidan ÅST sin gjenoppliving i 1922 vart det gjennomført ei rekke fellesturar i distriktet. Turane gjekk til Ørsta, Norddal, Sykkylven, Stranda og andre sunnmørske fjellkommunar - også til reisemål i nabofogderia. Disse turane var eit viktig ledd i foreninga sitt arbeid for å

⁹⁹ (Husby, 1988, s. 93)

vekke interessa for Sunnmøre, natur og friluftslivet, og særleg hjå dei som budde utanfor byane. Utdraget under er henta frå generalforsamlinga i 1928 og viser at ÅST opplever ei aukande interesse og både i bygd og by.

Der er nu 357 betalende og 1 livsvarig medlem. Der er således en fremgang på 37 medlemmer. Det synes som om interessen er voksende både på by og land. Byungdommen slutter sig i stadig økende antall til foreningen, og sansen for friluftslivet utvikles både bland unge og gamle. Landsfolkets interesse viser sig i en aldri sviktende imøtekommenhet og forståelse, ikke minst under foreningens fellesturer¹⁰⁰


Foreininga sin økonomi vart i alle høgaste grad driven i gong av fellesturane. Medlemstalet var lågt i starten, 245 medlemmer og kontingent på berre 2 kr året, så med berre medlemskontingenten ville ikkje foreininga vere levedyktig. I DNT-si årbok frå 1926 står det at Ålesund-Sunnmøre Turistforening har arrangert 5 fellesturar til ulike stadar i distriktet. Totalt har 700 mennesker delteke på fellesturar dette året. Det var svært mange, samanlikna med medlemstalet som var litt over 200 stk. I 1924 var så mykje som 70 personar med på ein fottur til Molladalen i strålende vêr.¹⁰¹

Toppåret for arrangerte turar var i 1937, med så mykje som 10 arrangerte turar. Det fortel oss at det nesten var ein fellestur kvar helg den sommaren. Likevel viser tala at det ikkje var flest deltakarar i 1937, for det var i 1931 med 1000 deltakarar fordelt på 8 fellesturar. Dette talet er svært høgt etter kva ein kan forvente ut frå dei låge medlemstala. Til samanlikning kan ein nemne at det i 2019 reknast som mykje om det deltek fleire enn 30 på ein fellestur og i september 1933, deltok det så mange som 160 stykk på ein fellestur frå Bjørke til Sæbø.

I diagramma under kan vi sjå korleis tala på fellesturar og total tal på deltakarar per år fordelte seg i løpet av mellomkrigsåra. Dei fleste kvantitative funna er henta frå lokale foreiningar sine innmeldingar til DNT som kom på trykk i årbøker, men mykje informasjon kan også hentast ut frå referata frå generalforsamlingane, då dei var på trykk i regionen sine største aviser. Dei åra som manglar i diagrammet har ikkje vore råd å oppdrive, men dei vi har viser likevel tendensane.

¹⁰⁰ Sunnmørsposten 19.11.1928

¹⁰¹ Referat frå Søndmørsposten 26.8.24, attgjeve i Fjellposten nr. 1, 2011.



Fellesturane var ikkje berre avgjerande for økonomien, men var også medverkande til å skape ei større interesse for foreininga og arbeidet der. På turane slo vêret til med vekslande hell, og fleire turar vart avlyste på grunn av vêr. I starten vart mange turar avlyste på grunn av lite påmelding, nettopp utløyst av dårlege vêrmeldingar. Det var ikkje alltid vêret var like dårleg dit dei skulle som der dei reiste frå, men det hjalp lite når folk ikkje tok sjansen. Når det klaffa med vêr og oppmøte vart turen rikt skildra i innlegg i Sunnmørsposten. Her gjaldt det verkeleg å smi mens jarnet var varmt å generere så godt rykte som overhovudet mogleg. Foreininga trong fleire medlemmar og fleire deltakarar for å halde fram å arrangere turar, og ikkje minst det å halde fram med drifta. Det som først starta med sporadiske fellesturar var etterkvart fleire og ikkje minst faste turar. Pinseturane etablerte seg raskt som ein tradisjon som gav stort oppmøte.



Fjellposten-91. Bilete truleg frå pinsetur til Geiranger i 1938

Under kan vi sjå korleis norma for turskildringane kunne sjå ut. Her vert årets pinsetur rikt beskrive på trykk i Aalesunds Avis (t.v.) og i Sunnmørsposten (t.h.), begge frå 1931 og dei sparte ikkje på kruttet.

Turistforeningen

har i helgen hatt en strålende tur innover til Ytterdal — Norddal — Tafjord. Godt og vel 250 mennesker deltok. Turen hadde den hele tid vært begunstiget av et vidunderlig vakkert vær — strålende sol, varmt og deilig. Alle arrangement klaffet fortreffelig, takket være den måte Turistforeningen var gått frem på i planleggelsen av turen. Alt var på forhånd hårfint beregnet.

Glade og solstekte vendte del takerne tilbake til byen igårkveld kl. 1/211. Det hadde samlet sig en masse mennesker på Stormeskaien da «Geiranger» under dunderende saluttl la til brygen.

Med Turistforeningen.

En strålende pinsetur.

Det så ikke særlig lovende ut pinsedags morgen da Turistforeningen skulde starte på sin årlige pinsetur. Det var overskyet og grått vær, men der var allikevel fremmøtt 260 mennesker, og kl. 8 dampet «Geiranger» festlig adhykket med bjerk og flagg innover fjorden.

Efterhvert blev skylaget tynnere solen tittet av og til igjennem, og ved ankomsten til Ytterdal i 12 tiden strålte den fra skyfri himmel. I Ytterdal gikk man på land, og nu gikk ruten over gården Storås og til Norddal. Det blev en varm tur opover kneikene med solen stekende varmt i nakken. På gården Storås blev der holdt raat og rømmebunken og søtmeiken smakte forfriskende efter den varme tur. Så bar det videre til Reilingen hvor «Geiranger» ventet og så bar det over fjorden til Sylte i Valdalen, hvor der skulde overnattes.

Innkvarteringen gikk som sedvanlig greit som det jo alltid gjør når Turistforeningen arrangerer.

2. pinsedag oprant like strålende med skyfri himmel og i 11 tiden bar det videre innover fjorden til Muldal. Her blev man satt iland og så gikk turen op til den berømte Muldalfoss. Efter en times marsj opover bakkene kom man til Muldalgårdene hvor der var rømmegrøt å få kjøpt for de sultne vandrere. Så gikk man ned til utsiktsplatset hvor man kunde beundre den storslagne foss i hele sin vælde. Efter en rast på Muldalgårdene gikk så turen nedover bakkene igjen og i 5 tiden kom «Geiranger» inneifra Tafjord og tok folket ombord, og så bar det utover fjorden igjen. Sylte blev anløpet på turen ut over og med saluttl og med avsyngelse av «Ja vi elsker» tok man avskjed med de gjestfrie valldøinger. Så dampet «Geiranger» videre utover fjorden og i halv elleve tiden var man igjen i Alesund som blev hilst med saluttl og Alesunds-sangen.

Alt i alt var det en helt igjennem vellykket tur, og stemningen blandt deltagerne var begge dager den allerbeste

B.

Aalesunds Avis og Sunnmørsposten 26.5.1931

«Vertene i Geiranger var overlag hyggelige og gjorde alt hvad de kunde for at gjestene skulde befinne sig vel hos dem. De skulde bare vite hvor takknemmelige gjestene følte sig».¹⁰² Eit turreferat frå ein pinsetur til Geiranger viser at foreninga vart godt tekne i mot, og uttrykte i referatet kor fornøgde dei var. Desse referata vart med stort sannsyn lesne av bygdefolket, og foreninga ønskte tydeleg at menneska i bygdene skulde vite at foreninga sette stor pris på dei. Mange av turreferata i avisene fortel om lokalkjende som bidreg og viser byfolket rundt. Under ser vi utdrag frå to ulike turar til Runde dei fastbuande stiller som kjentmenn og roarar. Det blir ikkje spart på godord, der referansen til at rundefolket tilhøyrar «vikingeslekt» er mest framtrudande. Vi registrerer at disse litt svulstige omtalane var mest vanlig tidleg i

¹⁰² Sunnmørsposten 29.5.1928 referat frå pinsetur til Geiranger.

mellomkrigsåra, medan dei seinare i 30-åra vert meir folkelege. Det peikar også i retning mot ein meir folkeleg profil.

Det bærer så innover forbi Goksøyr og tilbake til Runde-bygden, hvor vi tar farvell med de elskverdige, hyggelige og kjekke Rundøy-folk. Og idet vi til avskjed roper vårt hjerteligste hurra, nærer vi et inderlig ønske om snart igjen å få gjeste «borgen med den gjestfrie vikingeslekt»¹⁰³

«Vore tre førere Goksøyr, Teige og Isaksen fortalte under turen om alle seværdigheter og navne»¹⁰⁴

Frå ein anna pinsetur gir ei turskildring ei sjeldan stemme til ein frå bygda. Under ein pinsetur til Valldal og Tafjord hadde ÅST med seg ein lokal kjentmann på tur og i turskildringa trykt i Sunnmørsposten stod det at han held ei tale når dei kom fram til målet. Om referatet gjev korrekt attgiving av talen tyder det på godt samarbeid og ei velvilje som gjekk båe vegar. «Han talte for en mer intim forbindelse og et fortsatt godt samarbeid de mellem by og land og takket for det gode bekjentskap valldalingene hadde gjort i Turistforeningens medlemmer og ønsket dem velkommen tilbake igjen»¹⁰⁵

ÅST arrangerte også Sankthanstur. Sjølv om tradisjonane for bålbrekking er vel så sterk i og rundt Ålesunds næraste område, tok dei i utdraget under valet om å reise til Hundeidvik. Her viser funn at Sunnmørsposten og Aalesunds Avis har ulike perspektiv når dei skildrar turen, der den eine framstår langt meir folkeleg enn den andre. I Sunnmørsposten stod det: «I Hundeidvik hjalp også en av guttene fra bygden til med trekkspillmusikk. Da man kom fram, gikk man i kast å tenne bålet, som bygdefolket hadde laget i stand»¹⁰⁶

I Aalesunds avis blir same tur omtalt. Det lantar til at referenten frå Aalesunds Avis ikkje var vidare imponert av bålbygginga eller plasseringa i Hundeidvik. Anar vi eit litt ovanfrå og ned haldning her? «På den nærmeste høide var bålet reist, ikke noe kjetterbål akkurat, men dog et bål, men dit op var veien både uberegnelig og bregnelig»¹⁰⁷

¹⁰³ Sunnmørsposten. 7.7.1925 turreferat frå fellestur til Runde.

¹⁰⁴ Aalesunds Avis 27.6.1927. Referat frå søndagstur til Runde

¹⁰⁵ 25.5.1926 Turreferat frå pinsetur-26 . Lokal kjentmann, Elias Rødal, tala til flokken.

¹⁰⁶ Sunnmørsposten. 24.6.1930

¹⁰⁷ Aalesunds Avis 25.6.1930

5.2.1 *Kven deltok?*

Kven var dei som deltok på turistforeininga sine fellesturane? Eller enda viktigare for denne analysen, kvar kom dei frå? Det har vore uråd å finne ut av kven deltakarane på disse fellesturane var, kva sosiale dei høyrde til og kvar dei budde. Beklageleg har det ikkje vore ført eller blitt bevart noko arkiv over dette, og det einaste vi har rette oss etter er turskildringane.

Geografi må ha spelt ei stor rolle. Det vi veit er at turane starta og slutta på dampskipkaia i Ålesund sentrum og det fortel mykje om kven som hadde høve til å delta. «Glade og solstekte vendte deltakerne tilbake til byen i går kveld kl ½ 11».¹⁰⁸ Her nemnast berre deltakarar som vendte heim til byen frå pinsetur til Geiranger. Det kan verke som det ikkje deltek nokon frå bygdene kring byen, men turistforeininga rettar seg til lesarane av Sunnmørsposten i 1937 og oppmodar om å kome med forslag om nye turar. Særskild bygdefolk blir bedne om å kome med gode råd og vink.¹⁰⁹ Dette viser at lesarar av turistforeininga sine annonser i Sunnmørsposten absolutt var til stades i bygdene også, men i tillegg viser det at foreininga strakk ut hendene og ønskte bidrag og kontakt med bygdefolket.

Kven som deltok på turane var ikkje berre bestemt ut i frå geografi, men også økonomi. Økonomien til deltakarane måtte tillate ein årskontingent på 2 kroner, samt deltakaravgift for turane. Pinseturen frå 1928, som vert nemnt over, med overnatting og det heile, kosta 7 kroner for medlem. Ein vanleg dagstur hadde vanlegvis ein takst på kring 2 kroner for medlem og ei krone meir for ikkje-medlem. Sjølv om dette, i nasjonal målestokk, er låge takstar, var det ikkje alle i Ålesund by som kunne avsjå slike summer. Mange var arbeidsledige eller var for lågt lønna til å vere med som deltakarar. Som vi allereie har vore inne på i kapitlet om Sunnmøre og forholda i regionen, var det nok tøffare økonomiske forhold i byen enn i bygdene, der ein trass alt kunne livberge seg med eit småbruk.

Harald Grytten er byhistorikar i Ålesund og har vokse opp i byen i ei arbeidarklassefamilie. Han hevdar at det helst var øvre middelklasse i Ålesund som var medlem i Ålesund-Sunnmøre Turistforening og at turistforeininga til og med vart sett på som snobberi. Mor hans tente hjå folk i byen som var medlem i ÅST. Familien hans heldt seg primært i byen og reiste ikkje ofte utanfor bygrensene. Faren hans var ein ivrig turgåar, men deltok ikkje i organisert

¹⁰⁸ Sunnmørsposten 29.5.1928

¹⁰⁹ Sunnmørsposten 2.4.1937

turgåing.¹¹⁰ Truleg var mangel på deltaking på grunn av økonomi og/eller ei kjensle av sosial distanse frå den type aktivitetar.

På ein av ÅST sine fellesturar vart det foreslått ein alternativ tur, og då ein dugnadstur. Foreininga hadde båt ved Tyssevatnet i Bjørke og det vart planlagt å varde, rydde og starte på det planlagde naustet til båten.¹¹¹ Året etter vart det gjennomført og avisutklippet under viser korleis dei annonserte denne turen. Denne annonsen stod på trykk i både Sunnmørsposten og Aalesunds Avis over lengre tid enn det som var vanlig. Vanlegvis vart ein tur annonsert ei veke før avreisedag.



Turistfor- eningen.

Dunatur til Tussavatnet.
Båt avgår fra Storneskaaien lørdag 30. juni kl. 6 em. til Bjørke. Retur søndag aften. Tegningsliste utlagt i Korsegatens Frukt- & Tobakksforretning fra onsdag til fredag em. — Øie anløpes tur og retur.

Billettpriser: Dunadeltagere kr. 1.50, andre kr. 2.—. Ikke medlemmer kr. 2.50.

Aalesunds Avis, 27.6.1934

Denne «dunaturen» har vi ikkje lykkast å finne att i avisene, men den vert omtalt i jubileumsboka til ÅST si 50-års feiring. Under namnet «Tussevatnet får båtnaust» vert dugnaden skildra, og det var ein tur som om lag 100 mennesker deltok på. Det blir fortalt at den lokale ungdom slår seg til dugnadsfolket og bidreg til å bere opp byggematerial som trengs. Etter ein heil dag med godt arbeid tek deltakarane farvel med, det artikkelforfattaren beskriv som, «det venlege og interesserte bygdefolket» for å ta båten ut fjorden og til byen att. Ein månad seinare reiste 20 menn frå byen innover for å ferdigstille naustet. Då er all materialet dei trong og ein ny båt alt blitt frakta fram av ungdommen frå bygda.¹¹² Dette var ein dugnad der foreininga sine medlemmer og folket frå bygda samarbeidde for hjelpe

¹¹⁰ (Grytten, 2019) Telefonintervju 11. april 2019.

¹¹¹ Aalesunds avis. 11.9.1933

¹¹² (Ålesund-Sunnmøre Turistforening, ss. 64-68)

foreininga med sitt arbeid. Det latar til at bygdeungdomen nærmast uoppfordra slo seg i lag med dugnadsgjengen, eit tydeleg teikn på at det eksisterte ei genuin velvilje hjå bygdefolket.



Bilete frå dugnadsturen til Tyssevatnet.

Mannen i sixpence-lue sentrert i flokken er styreleiar Jac. Jakobsen

På trykk i Fjellposten, henta frå Sunnmørsposten 5.1.1939.

6 Kjerneområdet Tafjordfjella

Primærområdet til Ålesund-Sunnmøre Turistforening si verksemd i mellomkrigstida var hovudsakleg i Tafjordfjella. Dette er det også i dag sjølv om andre delar av Sunnmøre no har fått meir merksemd enn før. Området er prega av svært variert natur og strekk seg frå viddelandskap i aust til ein meir kontrastfylt vestlandsnatur i vest. Tidlegare hadde desse naturområda berre vorte brukt av eit fåtal menneske. Dette var oftast lokalkjende som dreiv med tømmerdrift, jakt, fiske og liknande.

Etterkvart fekk fleire og fleire opp augene for å nytte Tafjordfjella for rekreasjonen sin del. Det vart eit svært populært fjellområde, då det kunne nåast frå både aust og vest, med inngangar frå Romsdalen, Bjorli, Grotli, Geiranger og Tafjord. Interesse for fotturismen var størst austafjells, for det var jo der opphavet til den organisert fotturisme i Noreg kom frå. Jotunheimen hadde på denne tida rukke å blitt vel besøkt og turfolket frå aust søkte til nye områder. I Tafjordfjella var det langt mellom folk og plass nok til alle.

Etappane i Tafjordfjella var lange og strabasiose og det var vanskeleg å kome seg fram til turområda, og også å finne husly. ÅST starta med å legge til rette for overnatting på dei lengste etappene frå aust til vest. Interesse for området strakk seg utanfor Sunnmøre. Oppmodingane om å etablerer hytter i dette fjellområdet kom frå Den Norske Turistforening. Det heng tett saman med opning av Raumabana, som i praksis gjorde Tafjordfjella tilgjengeleg for heile Austlandet. Hyttebygginga til Ålesund-Sunnmøre Turistforening gjorde lengre fellesturar mogleg for eit større tal menneske. Overnattingsmoglegheitene hadde tidlegare vore på stolar eller ved å leige seg inn på dei perifere fjellgardane. Hyttene til ÅST sørge for plass til fleire.

6.1 Fellesturar i Tafjordfjella

Ålesund-Sunnmøre Turistforening arrangerte også fellesturar i Tafjordfjella. Den første fellesturen med overnatting på foreininga sine egne hytter vart arrangert i juli 1929. Turen var reservert for medlemene av foreininga og deltakartalet på turen var avgrensa til 20 personar på grunn av hyttene sin kapasitet. Turen starta frå Ålesund til Åndalsnes med båt og vidare med tog til Stuguflåten. 32 kroner per person kosta den fem dagar lange turen der

første overnattinga på Brøste-gardane i Rauma.¹¹³ Denne første hytte til hytte turen vart rikt og detaljert skildra i Aalesunds Avis. Ola Brøste, som stod bak bygginga av Pyttbua, Vakkerstøylen og drifta av sistnemnde, fekk sitt eige avsnitt i turskildringa.

Artikkelforfattaren fortel at på Brøste var den garden i landet som låg høgast og dreiv med sølvrev. Han skriv også at Ola har rydda heile den store og vakre garden sjølv, og har heile 10 kyr. Han vert beskriven som ein produktiv mann og ein god mann for turistforeininga og «ved siden herav faar han tid til nærsagt alt mulig andet».¹¹⁴ Vi skal sjå nærare på gardbrukaren Ola Brøste i dei neste kapitla.

Fellesturen over fleire dagar i Tafjordfjella vart eit fast innslag i turane for sommar-halvåret. I 1932 stod eit referat frå ein slik tur på trykk i Aalesunds avis med overskrifta:

«Turistforeningen på langtur med filmapparat og pene piker. 32 kroners tur med adgang for hvem som vil».¹¹⁵ 32 kroner var prisen for fellesturen det året. Dette inkluderte transport, to overnattinger og mat. I 30-åra hadde eit fåtal eige transportmiddel, vegnettet var heilt anna og dei hadde også eit heilt anna forhold til å reise enn kva vi har i dag. Utdraget frå Sunnmørsposten under indikerer dette.

**Aalesund og Sunnmøre
har 613 biler og
87 motorsykler.**

**Siden 1931 kommet til 19
nye biler og 15 motorsykler.**

**I Møre fylke er der tilsammen
1285 biler og 170 motorsykler.**

Sunnmørsposten. 27.11.1933

At det berre fanst 613 bilar på Sunnmøre i 1933 seier oss mykje om mobiliteten til folk flest, men økonomien var også med å sette rammer for mobiliteten og bruken av fritid. Timeslønna for ei kvinne i ein trikotasjefabrikk var i 1936 65 øre timen og for ein mannleg arbeidar med topplønn i møbelindustrien var timelønna opp mot ei krone i timen.¹¹⁶ Altså ville 32 kroner for ein fabrikkarbeidar på 30-talet vere eit ganske stort innhogg i kvardagsøkonomien. For å ikkje

¹¹³ (Høidal, 2018, s. 72)

¹¹⁴ Aalesunds Avis, 25.7.1929.

¹¹⁵ Aalesunds Avis. 19.7.1932

¹¹⁶ (Løseth, Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie Møre og Romsdal. 1920-1972, 1996, s. 246)

snakke om årsinntekta. Desse ulike faktorane vert avgjerande for kven slike fellesturar over fleire dagar, med overnatting, var tilgjengeleg for. Det er tydeleg at desse turane ikkje var mynta på dei breie samfunnslag.

Tafjordfjella og hyttene gav økonomien til Ålesund-Sunnmøre Turistforening eit nødvendig løft. Kvantitative funn indikera at hyttene er godt besøkte, men avisutdraget under, frå 1931, viser at det ikkje nødvendigvis var sunnmøringane sjølve som stod for dette økonomiske løftet. Kva som er årsaka til at sunnmøringane og medlemmane i ÅST besøker hyttene kjem ikkje fram i utdraget. «hyttebesøket har, tross den regnfulle sommer, være ganske bra. Man har dog inntrykk av at medlemmene altfor lite besøker våre hytter»¹¹⁷.

Det vi veit er at i 1931 var Tafjordfjella lettast å nå frå aust med Raumabana, difor kan vi anta at det hyttebesøket som vert beskrive som ganske bra består av folk utanfrå regionen og mest truleg Austlandet. Det kan difor tenkast at ein stor del av økonomien til foreininga vart driven av kapital som kom utanfrå fylket.

¹¹⁷ Aalesunds Avis. 9.11.1931

6.2 Pyttbua, den første hytta



Pyttbua like etter ho vart røyst i 1925.

foto utlånt av Arve Starheim til boka «ÅST- Fjella og folket»¹¹⁸

Den første hytta vart bygd på Romsdalsida av Tafjordfjella i Nordre Hanedalsbotn og markerer eit skifte i foreininga sitt virke i distriktet. Tidlegare hadde turistforeininga si samhandling med bygda vore primært gjennom dei arrangerte turane, der byfolket samlast i båt for å reise til landet. Turane starta frå kaikanten i Ålesund sentrum og bidrog heilt klart til at majoriteten av deltakarane var mennesker busette i byen. Den kontakta med bygdefolket som turane bidrog til var først ei kontakt meir retta mot tenester. Bygdefolket stilte som fjellførarar, kjentmenn, transport eller med oppvaring. Noko deltakarregister er ikkje ført, så vi veit ikkje kven som deltok på turane. Kan det tenkast at bygdefolket vart med på turen etter båten frå Ålesund hadde kome fram til destinasjon? Mangel av funn som kan underbygge det, talar i mot. Det samarbeidet og dugnaden som måtte til for å røyse Ålesund-Sunnmøre Turistforening si første hytte var eit prosjekt som famna heile regionen. Foreininga var avhengig av røynde folk som var kjende i området og bygdefolk vart nøkkelpersonane for å gjennomføre.

Adolf Sandborg, sonen til den største fiskebåtreiaren i Ålesund, Peter Thomas Sandborg, eigde grunnen Pyttbua vart røyst på. Adolf tok over bedrifta etter sin far og i 1908 vaks firmaet til eit av landets største. Adolf hadde nettverk både i inn og utland og vart i 1913 utnemnt til svensk visekonsul. I tillegg til dette hadde han ei heil rekke verv i Ålesund som til

¹¹⁸ (Høidal, 2018, s. 70)

dømes direktør i Ålesunds Handelsbank.¹¹⁹ Kva er det då som gjer at Sandborg er grunneigar i Romsdalen? Det kom at at far til Adolf, Peter Thomas Sandborg, var gift med Anne, som kom frå Veblungsnes i Rauma. Dei budde fast i Ålesund, men ho lengta heim. Difor kjøpte dei garden Devold med alle rettar, så dei kunne drive den og vedlikehalde banda til området. Ein av setrane til denne garden var Tunga, som ligg litt lenger fram i Brøstedalen. Anne Sandborg stod for seterdrifta på Tunga og dette gjorde at sonen Adolf Sandborg fekk tette band til staden og folket der, mellom anna til gardbrukaren Ola Brøste.¹²⁰ Dette forklarar langt på veg kva som gjorde at ÅST fekk kjøpe tomt med han, for han kom frå same sosiale lag som mange av dei som sat i styret i Ålesund-Sunnmøre Turistforening. Ein kan også vente at det truleg eksisterte ei kontakt gjennom næring mellom dei frå før.

Utdraget under seier oss likevel at Adolf Sandborg hadde ein god porsjon skepsis. Han hadde sterke personlege band til staden og såg på fotturistane som ei plage. Den veksande trafikken med fjellturistar hadde blitt stor dei siste åra. Årsaken til at han gav etter var truleg at ha ante eit høve for å få turistane vekk frå setrane, om det vart bygd ei hytte for dei. Utdraget under er fortalt av Jac. Jacobsen, som fekk avtalen i boks.

...Han fryktet som så mange andre at man ved reising av en hytte i fjellet ville få besøk av folk som ikke passet der. Og han var engstelig for hvordan det ville utvikle seg. Han antydet en prøvetid, men på en annen side var han glad for at man nå øynet en mulighet å bli kvitt fjellfolk som hadde oppfattet Tunga seter som en vanlig seter, hvor de kunne regne med losji og mat. (..) Vi framholdt jo vårt syn at det lå ren idealisme bak vårt arbeid med å få folk ut i naturen.¹²¹

Som vi ser var det viktig for grunneigarane at turistane sette minst mogleg spor etter seg, men dei ønskte også å behalde jakt og fiskerettane sjølve. I Sunnmørsposten og DNT si årbok frå 1926 kjem vilkåra for avtalen fram. «Grunnen Pyttbua står på tilhører Sandborgs barn og eierne har satt som en av betingelsene, at turister verken fisker eller jakter i Nordre Hanedalsbotn».¹²²

¹¹⁹ (Bugge, 1914, s. 13)

¹²⁰ (Helseth, 1993)

¹²¹ (Jacobsen, "Da Pyttbua ble til", 1970)

¹²² Sunnmørsposten, 1.12.1925.

Pyttbua står på privat grunn. Eierne (Sandborgs) har satt som betingelse at turister verken fisker eller jakter i Nordre Hanedalsbotn. Turister som nærer slike tilbøieligheter får styre sine lyster til de kommer til «blidere» egner, for eksempel Reindalseter.¹²³

Pyttbua vart bygd i 1925 utan at foreininga hadde eit øre i startkapital og ende opp med å ikkje koste foreininga noko. I eit attersyn fortel styreleiar Jac.

Jacobsen at foreininga var ein byggherre utan midlar. Materialen var gratis, frakta var gratis og hytta vart sett opp på dugnadsarbeid. I styret hadde dei kasseraren i Tafjord Kraftselskab, Lars Tafjord, som fekk ordna kreditt og romslege betalingsvilkår for å kjøpe ei gammal anleggsbrakke av Tafjord Kraft. Brakka vart plukka ned på dugnad, Møre Fylkes Ruteselskap frakta delane gratis på båt til Åndalsnes og NSB tok delane siste bit (også gratis) til Stuguflåten, der dei vart leste av.

Kvifor møtte foreininga så mykje velvilje? Dei gode forbindelsane styret hadde til næringslivet i byen og «toppane» var heilt klart ei medverkande. Lars Tafjord som sat i styret i ÅST var, som nemnt, kasserar i Tafjord Kraftselskab, men etternamnet tydar på at han hadde god tilknytning til bygda. Dei gode forbindelsane som styret hadde til distriktet var like gjeldande som tilknytning til næringslivet i byen for gjennomføringa. Frå Stuguflåten tok ÅST sin gode samarbeidspartnar i Brøstedalen, Ola K. Brøste, over. Han køyrde materialen med hest og slede på vinterføre. Hytta stod ferdig til påska 1925. “Pyttbua var vårt første steg på vegen heim til Sunnmøre”, sa Jac. Jacobsen seinare.¹²⁴ Som vi har sett, hadde altså styremedlemmane i ÅST gode forbindelsar til både næringslivet i byen og folket i distriktet.

I Sunnmørsposten står referatet frå årets generalforsamling: «1925, et merkeår i foreningens historie». Året vart kalla eit merkeår på grunn av dei tunge taka som hadde vore tatt, både fysisk og måten arbeidet vart organisert på. Foreininga hadde blitt hytteeigarar, og i tillegg til Pyttbua tok dei også over jakthytta «Friisbua» ved Torsvann i Tafjordfjella. Utdraget under er henta frå referatet frå denne generalforsamlinga.

¹²³ (DNT, 1926, s. 65)

¹²⁴ (Høidal, 2018, s. 67)

ned tilbehør. Talernes rekke blev åp-
ret av foreningens formann, lektor
K n u d s e n, som holdt en begeistret
tale for foreningen. Han understreket
særlig foreningens store betydning
for en bedre forståelse mellem by og
land. Ved de turer foreningen arran-
gerer gir man ikke bare medlemme-
ne anledning til å se og lære å kjen-
ne vår prektige natur, men samtidig
lærer man å kjenne folket som bor på
bygdene og disse lærer byen å kjen-
ne fra den beste side, fordi forenin-
gens medlemmer legger vinn på å
holde sig til det motto som i lang tid
brukes på stemne til Sunnmøre fril.
ungdomssamlag: Fær fagert fram, —
det spørst minst. Foreningens skål
blev drukket under begeistring.

6.3 Vakkerstøylen blir til



Vakkerstøylen 1930-talet. Fotograf ukjend. Fjellposten nr.2 1998

Vakkerstøylen vart Ålesund-Sunnmøre Turistforening si første betjente hytte og ei rekke tilfeldigheter bidrog til at den vart realisert. Denne hytta knytte samarbeidet mellom foreninga og Ola Brøste enda tettare saman. Foreninga hadde frå før hatt ein avtale med å leige Trollstølen i området, men den vart oppheva i 1926. Mangel på overnatting gjorde ruta frå aust til Valldal eller Muldal umogleg å ta på ein dagsmarsj. Ordlyden i Sunnmørsposten om dette forklarar foreninga sin økonomiske situasjon.

Der foreligger et par tilbud om arrangements, så vi kunde få en stasjon ved Ulvådalsvann, men vi har funnet, at det får bere inntil videre. Foreningen har en del gjeld. Og dessuten er tidene nu slik, at vi anser det heldigst å vente.¹²⁵

Likevel står det allereie året etter med tjukke bokstavar i Sunnmørsposten: «Ålesunds turistforening skal bygge ny hytte»¹²⁶ Foreninga kjøpte tomt ved Ulvåvatnet, ikkje langt frå Trollstølen, av Johan Alnes og kona Marit. Johan Alnes var ein legendarisk bjørne- og reinsdyrjeger frå Rauma. Han var gift med Marit (f. Monge) som var budeie på Trollstølen. Det var Marit som hadde fått hand om tomta i eit arveoppgjer.¹²⁷ Haldningane til Johan Alnes peikar viser også spor av motvilje for å opne fjellet for fleire, noko dette utdraget frå Fjellposten viser klart:

Jakt og fiske var hans hovedinteresse og når det kom på tale om jaktrettigheter, fredning av viltet osv. ble han meget veltalende, men også meget harm. Han mente at fjellet og dets herligheter i første rekke hørte landsbefolkningen til. At byfolk og andre jaktglade fikk rettigheter i et terreng der man i uminnelige tider hadde betraktet fjellet som sitt spisskammer, kunne han vanskelig forsone seg med.¹²⁸

Om Johan var motstandar, kvifor fekk då turistforeninga likevel kjøpe tomta? Informasjonen om kontrakt og korleis det heile vart finansiert kom på trykk i Sunnmørsposten. det einaste som indikerer motvilje er at ÅST ikkje får beite og fiskerett.

Tomten er kjøpt på Johan Alnes` setereiendom Vakkerstølen. Den er på 1,5 mål og blev betalt med kr 3000. Den ligger et lite stykke op fra vannet. Naustrett og veirett medfølger, derimot ikke beite og fiskerett. Ved kontrakt av 17.6.1928 med Ola Brøste, Stuguflåten, er de for en pris av 3,540 kr reist en hytte i fullt ferdig stand. (...) Til Ola Brøste er der ifølge kontrakten utbetalt kr. 1.100. Restbeløpet kr. 2440, skal betales i løpet av de 3 kommende år. Der svares 5. pst. Rente av restbeløpet. I sakens anledning er det optatt et lån på kr 1500, i Ålesunds Sparebank mot garanti av velvillige medlemmer.¹²⁹

Materialet var opphavleg ei tømmerstove på Verma som Ola Brøste hadde kjøpt til eige bruk på garden sin på Øvre Brøste i Brøstedalen. Ålesund-Sunnmøre Turistforening spurde då om han ville selje det og sette den opp til dei i Hånådalen. Sonen, Knut Brøste, skriv i slektsskrift

¹²⁵ Sunnmørsposten, 15.12.1926

¹²⁶ Sunnmørsposten, 14.4.1927

¹²⁷ (Fjellposten, Vakkerstølen - et historisk tilbakeblikk. John F., 1998, s. 6)

¹²⁸ (Jacobsen, "Fjellfolk jeg minnes", 1970)

¹²⁹ Sunnmørsposten, 19.11.1928.

for Brøsteslekta, om faren sine brev til han i Amerika der han fortel kor utfordrande det var å føre fram tømmeret på våren med vatn på isen. Sommaren 1928 leigde Ola to til tre mann for å hjelpe bygge hytta. Marianne Brøste, kona til Ola, var den som sørge for at alle fekk det dei trong av mat. Knut skriv at han trur dei tapte pengar på den akkorden. Kvantitative funn tyder også på dette. Ola Brøste hadde sjølv betalt 500 kr for stova frå Verma. For å frakte den fram og setje den opp skulle han få 3540 kr i betaling med Ålesund-Sunnmøre Turistforening, fordelt på 3 års nedbetaling. ÅST døypte hytta Vakkerstøylen. Her trumfa namneskikken frå Sunnmøre namneskikken som høyrde til Romsdal, som då hadde blitt Vakkerstølen.

Hytta var betjent i turistsesongane og det hadde Ola og Marianne Brøste ansvaret for. Dei hyra ei dame som bestyrer og heldt full pensjon til dei besøkande. To av dei yngste sønene deira låg også fast på stølen i sesongen og bidrog. Dei fiska, rodde båtar og liknande. I hytteboka på Vakkerstøylen finn vi bevis på at gutane gjorde ein god innsats og at fjellturistane var meir enn fornøgde med stellet dei fekk:

Den 11. juli 1930 startade vi, två norskor och två svenskor, från Stueflotten med Vakkerstøylen som mål. Vandringsen syntes oss obeskriveligt vacker, og över Ulvåvann var ingen svårighet för oss at komme, när den raske Edvin Bröste var vår roddare. En verkligt flink «gutt»! Vakkerstøylen!!! Underbara oas i vildmarken! Hur tacksamma känna vi oss icke mot dem, som möjlig. gjort för oss at här i lugn och trygghet njuta av fjällens skönhet! Ett särskilt tack til hyttens duktiga föreståndarinna, som pysslat om oss på bästa sätt! Ock hade inte herr Sletta varit så vänlig mot oss, hade vi inte fått njuta vår lördagseftermiddag på Trollsätern! Nöjda och belåtna med vår vistelse på Vakkerstøylen utbringa vi et fyrfaldigt tack!!!! Julia Eriksson, Ebbe Engmark, Lovise Fredriksen og Johanne Fredriksen.¹³⁰

Ola Brøste og Edvind, eine sonen, køyrde proviant, medan husfrua på Brøste Marianne tok i mot turistar og den flokken med arbeidsfolk som det trengtest på ein gard i slátteonna. Knut Brøste skriv i slektskriftet at det var mykje mora hadde ansvar for. Når hausten kom og ho var ferdig med slakting og hermetisering var ho heilt utslitt. Han hevda at det kosta meir enn kva det gav og at dei ikkje satt att med mykje, reint økonomisk. Dei førte ikkje reknskap og handterte ein del pengar i turistsesongen, men med siste turist reiste også siste krona. Knut skriv at turistane var hobbyen deira, særleg for faren, Ola Brøste. Han trudde foreldra såg opp til folk med høgare utdanning og følte det nærmast som ei ære å få gjere desse ei teneste.¹³¹

¹³⁰ (Fylling, 1999, s. 95)

¹³¹ (Brøste K.)

Turistforeningen. Vakkerstøylen Turisthytte

(960 m. o. h.)

(bestyrer Ola Brøste, postadr. Stugufloten. Telef. Verma nr. 1)

Åpnes 1. juli d. a. Hytten ligger ved Ulvådalsvatn på overgangen Stugufloten—Valdal og Muldal. Båter i Ulvådalsvatn. Herlig beliggenhet i bjerkeskog. Rimelige priser, godt støl, lange senger. Vardede ruter.

Aalesund-Sunnmøre Turistforening.



Vakkerstøylen Turisthytte

mottar faste gjester. Kr. 5.— pr. døgn, (for minst tre dage) barn under 12 år halv pris. Familiemoderasjon etter avtale. God kost. Lange senger. Høifjeldsluft, bjerkeskog. God anledning til fjeldturer. Båt i Ulvådalsvatn. Aapent 1/7 til 1/8.

Henvendelse: OLE BRØSTE, Stugeflaaten
Telefon Verma nr. 1.

Aalesund og Sunnmøre Turistforening.

Sunnmørsposten 19.6.1929

Aalesunds avis, 23.6.1931

Heime på garden Brøste tok dei også i mot turistar, både i påska og om sommaren. Om sommaren kom folk for å leige seg inn der heile ferien, eller dei var der berre ei natt eller to før dei reiste vidare inn over i fjellet. På den tida fanst det ikkje elektrisk straum på Brøste, så ein kan berre tenke seg for eit arbeid det har vore å koke for så mange menneske. Straum fekk dei først etter andre verdskrig, så alt av mat vart laga på vedkomfyr.¹³²

¹³² (Brøste O.)

Utklipp henta frå Fjellposten. Ola Brøste og familien hans stod tydeleg framleis høgt hjå styret i ÅST på 50-talet, sida dei fekk so mykje plass i medlemsbladet.



Fra tunet i Brøste ca 1930.



Her ser vi Ola Brøste med kone og sønn.

Han er en fjellkar av de sjeldne som ikke viker unna selv for de største strabadser. Hadde ikke foreningen hatt en slik kar til å påta sig det vanskelige og krevende arbeid med frakting av materialer til Pyttbua og Vakkerstøynen, vilde det sikkert dratt mer i langdrag med realiseringen av planene.

Hedvig Wist fortel i boka «Tre værelser og et kjøkken» om då ho som lita jente vaks opp i Molde med ein far som arbeida for televerket¹³³. Dei reiste i 1930-åra frå Molde til Romsdalen på ferie. Ho og familien ferierte ofte på ei tidlegare laksefiskarhytte «Kringsjø», som no høyrde til televerket, i Brøstedalen.

Brøsteguttene, som det var mange av, kom og hentet oss med hesteskyss. Selv måtte vi gå opp alle bakkene, hestene hadde nok med bagasjen. Melk og fløte, sur og søt, kjøpte vi hos fru Marianne, ei drivende dyktig bondekone, som drev pensjonat ved siden av gårdsdriften.

Ja, de hadde til og med ansvaret for Vakkerstøylen.¹³⁴

I dag er Wist ei svært oppegåande 93 år gammal dame og fortel i eit telefonintervju at foreldra hennar såg opp til familien på Brøste. Dei kalla ho Fru Brøste, for det gjekk ikkje ann å kalle ho Marianne. Folket på Brøste dreiv pensjonat, sølvrevoppdrett, sagbruk og drifta Vakkerstøylen. Wist hugsar også at Fru Brøste dreiv kolonial i bestestova si, og selde mellom anna tobakk og drops. Ho hugsar at det var stor trafikk gjennom Brøstedalen på denne tida, både av folk som overnatta på pensjonatet og dei som skulle vidare innover fjellet til turisthytta.

Sjølv om familien Wist var på ferie hjalp dei til under slåttan på Brøstegarden. Mange familiar som budde i by reiste til bygdene på ferie i 20- og 30-åra. Mødre og born var gjerne lenger enn fedrane som hadde arbeid dei måtte skjøtte. Det later til at Wist har ei anna oppfatning av Ola og Marianne Brøste, enn kva sonen Knut Brøste hadde. Knut skriv i slektskriftet at foreldra såg opp til turistane og dei med høgare utdanning, medan Hedvig meinte at far hennar (som hadde arbeid, utdanning og høve til ferie) hadde djup respekt for Brøstefolket, sidan dei trass alt dreiv ein storgard.¹³⁵ Dette må vi sjølvsagt sjå i lys av vestnorsk målestokk, men det er tydeleg at bonden på Brøste var høgt akta hjå fleire.

Sjølv om fjellturistane var meir ein hobby enn ei stor inntektskjelde, kan ikkje måten Ola Brøste dreiv garden på vore heilt ulønnsamt. Brøste var i mellomkrigsåra ein veldreven gard og kan kanskje omtalast som ein storgard, etter vestnorsk standard. Kvar kom den gode økonomien frå? I Romsdalsposten 20. juni 1939 stod ein artikkel på trykk som omtalte garden som «setra som ble til storgård inne i fjellet». I 1904 hadde bruket ein hest og 4-5 kyr, og i

¹³³ **Televerket** (forkortet **Tele**) var et norsk statlig verk som ble etablert i 1855 og hadde til oppgave å drive telefon- og telegrafvirksomhet i Norge.

¹³⁴ (Wist, Tre værelser og et kjøkken. Et tidsbilde fra Molde 1925-1945, 1994, s. 102)

¹³⁵ (Wist, Telefonsamtale med Hedvig Wist, 2019)

1939 hadde det auka til tre hestar, 17 storfe og sauer. Kor mange hestar det var på ein gard var ofte ein god indikator på kva økonomi den hadde.

Vi har tidlegare vore innom ei turskildring frå den fyste fellesturen i Tafjordfjella, der artikkelforfattaren gjev ei rik skildring av garden på Brøste, mellom anna at det var den den garden i landet som låg høgast og dreiv med sølvrev. Sjølv om bonden på Brøste hadde mange jarn i elden er det vonleg at det var her profitten låg. Pelsdyrhald var ei næring som spreidde seg som ein farsott i mellomkrigstida og særleg på Sunnmøre, der halvparten av alle revegardar i Noreg var i 1926. Det sette krav til ein viss kapital eller lån for å starte opp, men hadde ein først det på plass var det råd å tene store summer på denne næringa¹³⁶

Folket i Brøste arbeidde, som vi kan sjå, svært hardt og hadde mange andre inntektskjelder, som sagbruk, Vakkerstøylen og turismen. Pelsdyrhaldet må ha vore det som løfta økonomien. Turismen vart, som nemnt, omtalt som ein hobby og noko dei ikkje tente noko på, så det det var truleg ikkje ein økonomisk motivasjonsfaktor som låg til grunn. Likevel må Ola Brøste ha opparbeidd seg mange kontaktar gjennom alle dei ulike næringane han var i, turisme, sagbruk og revegard attåt eige gardsbruk. Noko som nok kom godt med.

I utdraget under henta frå Fjellposten fortel formannen i ÅST, Jac Jacobsen, om mange av karane i distriktet som levde i nærleiken av dei fjellområda som ÅST hadde sine hytter og ruter. Det er tydeleg at Ola Brøste var ein mann også formannen i ÅST sette svært høgt. At Jacobsen omtalar Brøste som gjestfri i arbeidet med Pyttbua og Vakkerstøylen kan indikere at motivasjonen til Ola Brøste kom like mykje frå velvilje som økonomisk, jamfør Knut Brøste i slektskriftet som hevdar at dei tapte pengar på byggeprosjektet.

Av de mer markante fjellkarer jeg i sin tid har møtt, trer Ola Brøste, Johan Alnes og Sylfest Rødal sterkt frem i erindringen. Ola Brøste. Staut, klok, pålitelig og real i all sin ferd. Malmfurua som han ofte var i kast med hadde tydelig preget denne karen. Han leverte i flere år jendbanesviller til Statsbanene. De var av så høy kvalitet at de ble foretrukket framfor annet trevirke fra andre bygder. Ola har vært ÅST en trofast sliter gjennom mange år og i den første tid da vi satte oss fast i grensestrøkene var han oss til uvurderlig hjelp. Jeg bare nevner framkjøring av bygningsmaterialene til Pyttbua og Vakkerstøylen. Hans gjestfrihet i denne tid var enestående.¹³⁷

¹³⁶ (Løseth, Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie Møre og Romsdal. 1920-1972, 1996, s. 200)

¹³⁷ (Jacobsen, "Fjellfolk jeg minnes", 1970)

6.4 Reindalseter. ÅST si storstove



Reindalseter.

Foto utlånt av Joakim Rønneberg til ÅST i arbeid med boka til 130-års jubileet.¹³⁸

Den Norske Turistforening råda ÅST til å starte i aust, difor vart Pyttbua og Vakkerstøylen bygde først. Austfrå var behovet for overnatting større enn om du kom frå Tafjordsida, for i Reindalen kunne ein få losji i stølshusa der. Jakobslet som høyrde til Jakobgarden i fremste Rødalen, var den første overnattingsstaden for fjellvandrere i Reindalen. Seinare, i 1947, vart Ålesund og Sunnmøre Turistforening grunneigar av Jacobs garden, noko som gav foreininga utvida bruk i området. Behovet auka i takt med medlemstala og økonomien til foreininga. Jakobslet vart etterkvart for lite for alle som trong overnatting i Reindalen.

Reindalen er den sunnmørske inngangen til Tafjordfjella. Truleg var dette området i større grad nytta av sunnmøringar enn austsida av Tafjordfjella. Jac. Jacobsen fortel om sitt første møte med Reindalen i talen han held då Reindalseter vart opna.

Vi sto som fortryllet og trodde ikke at vi var i Norge. Vi stormet bakkene ned og ble møtt av store flokker med geiter. Og så selve seterjentene da. Ja, hadde dere sett og hørt

¹³⁸ (Høidal, 2018, s. 77)

mottagelsen vi fikk, så ville dere ikke ha blitt det minstre forundret over at vi tapte våre hjerter til Reindalen og til folkene som setret her.¹³⁹

Etter generalforsamlinga i 1930 stod referatet på trykk i Sunnmørsposten med overskrifta: «Turistforeningen er blitt Aalesunds største forening». I løpet av året har foreninga arrangert heile 9 fellesturar og er oppe i over 500 betalande medlem. Den store nyhenda var at foreninga har kjøpt hyttetomt i Reindalen.

Avisutklippet under er henta frå ei historiespalte i Fjellposten i 1983. Slik såg eit typisk referat frå ei generalforsamling ut. Det vitnar om at 30-åra var ei tid for vekst, positiv saldo og framdrift for foreninga.

11. november 1933

Turistforeningen

Ålesund og Sunnmøre Turistforening holdt i går kveld generalforsamling i Godtemparlokalet. Møtet blev ledet av formannen, lektor Einar Knudsen, som ønsket velkommen og uttalte at foreningen har hatt en utmerket sesong, visstnok den beste på 12 år. Sekretæren, kjøpmann Krogstad, refererte deretter årsmeldingen. Den viste at medlemstallet siste år er øket fra 461 til 520. Regnskapet som blev referert av kassereren, Michael Ellefsen, viste at foreningen også økonomisk har hatt et godt år. Lektor Einar Knudsen frabad sig bestemt gjenvvalg, og som ny formann valgtes kjøpmann Jac. Jacobsen, og som medlemmer av styret Einar Rasmussen og lærer Helgheim. I styret før står Gunnar Krogstad og Einar Gjørtz.

Planane med å kjøpe telt til å ha liggande på Vakkerstøylen, som eit rimelegare alternativ for ungdommen i 1932, viser referatet under at ÅST står ved sin visjon om å gjere fjellet og naturen tilgjengeleg for fleire, også dei yngre med mindre pengar.

¹³⁹ (Høidal, 2018, s. 78)

Der er mange opgaver som venter på løsning. I første rekke står bygningen av hytte på Reindalsseter i Tafjord. Tomt er som bekjent kjøpt, men der mangler enda penger til å bygge hytten for. Det er hensikten å reise en rummelig stue i gammel sunnmørsk røikstovestil.

Vakkerstøylen trenger utvidelse med et nytt kjøkken og pikeværelse. Av mangel på penger må også dette byggearbeide utstå inntil videre. Av hensyn til ungdommen akter man her å anskaffe to telt, hvor losjavgiften skulde bli lavere enn vanlig.

Aalesunds avis, 9.11.1932. Referat frå generalforsamling

I 1935 starta bygginga av Reindalsseter og i Sunnmørsposten står det: «*Turistforeningens nye hytte ventes ferdig ila. sommeren*». Likevel står det at ikkje alle midlane er på plass, så foreininga melder at det skal startast eit lotteri.¹⁴⁰ Så går det plutselig fort i svingane og når Aalesunds Avis tek kontakt med foreininga sin leiar, Jac. Jacobsen, får dei opplyst at transporten av materialet allereie har starta for ei veke sida og at hytta er forventa å vere tett i august same år. Det tok det 14 dagar frå anbodet vart godteke til materialet låg klar i Tafjord for transport til Reindalen. Transporten av materialen var det dei lokale karane i Tafjord som tok seg av.

Ein av disse karane var Sylfest P. Rødal f. 1867. Han vert skildra i Norddal sine bygdebøker, som ein kraftkar med armane som tømmerstokkar og brystkasse og skuldra som ein hest. Då Tafjord Kraft tok til med utbygginga til kraftverk i fjella, tok Sylfest og sønene hans, Petter og Martinus, på seg mykje transportarbeid. Vegar fanst mest ikkje, så kjempekrefter og blodslit laut til. Til arbeidet nytte dei løypestreng, båtar og sledar. Ein ingeniør undrast ein gong på om dei makta alle dei svære kollia. «Å», meinte Sylfest, «er dei`kje meir enn 200 kilo, skal dei nok fram».¹⁴¹

Det er ikkje uventa at det var den same mannen, i lag med sine to søner, som tok på seg arbeidet med å frakte materialet til Reindalen. Strekninga baud på ei stigning på ca. 500

¹⁴⁰ Sunnmørsposten, 7.5.1935.

¹⁴¹ (Kleiva, 1975, s. 235)

meter, med bratte flåg og fossar. Det vart estimert at transporten ville ta tre til fire veker.

Prosesen vart godt dekt av Aalesunds Avis:

Fra Tafford er materialene nu kjørt med til øvre ende av Onilsavann. Derfra skal man kjøre materialene med hest til Sakariasvann. Over dette vannet må man benytte båt til transporten til Reindalskleivene. Her må man benytte løipestreng i to etapper og hesteskys mellom kleivene. Ferdig med alt dette tas materialene om bord i båt og fraktes slik over Langevannet til hyttetomten i Skogreindalen.¹⁴²

Transporten gjekk etappevis, delvis med hest, båt og ei slags heisinnretning, alt etter korleis landskapet var. Frå start til ende hadde dei heile 33 av og på lessingar. Hytta vart rekna til å koste 9 000 kr. ÅST søkte Norddal Sparebank om lån på 6000 kr og fekk innvilga, med eit tilleggsloan på 2 000 kr attpå. Bygget var inspirert av dei gamle lafta sunnmørsstovene og innvigd i 1936.¹⁴³

Talane som vart halde under innviinga av Reindalseter, 5.juli 1936, vart rikt skildra i både Aalesunds avis og i Sunnmørsposten. Samarbeidet mellom bygd og by er ein gjengangar som vart framheva, noko som må bety at det har eksistert store skilnadar som dei arbeidde for å endre. Lensmann Berge i Norddal herred tala om samarbeidet mellom by og land og minte alle på foreininga sitt namn, Ålesund og SUNNMØRE (ja, avisene nytta store bokstavar) Turistforening. Vidare takka han for arbeidet foreininga la ned for å jamne ut skilnadane mellom bygd og by. Viseformann Gunnar Krogstad ønska alle dei inviterte velkomne og spesielt velkomen til Ola Brøste og kona. Dei hadde gått heilt frå Brøste og over fjellet til Reindalen for å delta på festen. Formann Jac. Jacobsen takka bla. dei som hadde medverka i å sette hytta i stand, og presiserte særleg bygdefolket, som hadde lagt ned eit enormt og uvurderleg arbeid. Jacobsen takka venane til foreininga: Ola Brøste og kona (dei kunne ikkje nemne han utan å nemne henne!), Sylfest Rødahl, og hotelleigar Tafford. Ola Brøste takka for merksemda og avslutta tala si med ein skål for foreininga som på ein slik glimrande måte fremja samarbeid mellom by og land.¹⁴⁴

Det latar til at for kvar hytte som vart bygd hadde banda mellom bygd og by vorte styrka. Sjølv om vi ikkje finn belegg for at hyttene vart nytta av dei breiare samfunnslaga, vitnar funna om at hyttene bygde bru mellom innbyggjarane. Dugnaden som skulle til for å

¹⁴² Aalesunds Avis, 12.6.1935

¹⁴³ (Høidal, 2018, s. 79)

¹⁴⁴ Sunnmørsposten, 6.7.1936

gjennomføre bygginga involverte mange, noko som turistforeininga viste takksemd for. Avisutdraget underbygger dette.

.-Turistforeningens formann takket i velvalgte ord for det storartede arbeide hans mange medarbeidere hadde nedlagt. Man kan jo tenke sig alt det strev som det har vært å føre materialer over vann og veiløse fjellstrekninger. Heri har Turistforeningen hatt en god og uvurderlig hjelp fra mange av bygdens folk. De har vist en utrettelig aldri sviktende interesse og opofrelse for å bringe verket i havn.¹⁴⁵

Med kvar hytte fekk foreininga betre og betre økonomi. Statestikkane viste også at foreininga hadde rekordhøge medlemstal i 30-åra, med nokre år over 700 medlemmar. Sjølv om vi ikkje har noko medlemsregister som gjev oss innsyn i kven desse medlemmane var, var likevel kvar og ein med å bidra til ein positiv saldo. Avisutklippet under er frå Sunnmøre Arbeideravis i 1937. Dette var ei avis som sjeldan hadde saker med disse tema på trykk, og det er den einaste saka eg har spora opp i avisa mellom 1922 og 1939, jamfør kapittel 4.1 om aviser som kjelder. Det at ei avis for arbeidarklassa og arbeidarane si sak no skriv om friluftsliv, kan ikkje tyde anna enn at oppslutninga verkeleg har auka i løpet av 30-åra. Anar vi ein forsiktig start på ei folkerørsle?

Friluftslivet har tatt sig voldsomt op i løpet av de senere år. Denne gledelige utvikling henger sammen med en våknende forståelse av den livsglede og sundhet det medfører. Men det er også anledningen som spiller stor rolle: at de brede lag har til å komme ut og at der har hensiktsmessige stede å reise til...¹⁴⁶

¹⁴⁵ (Fjellposten, "På jakt etter fortida", 1986)

¹⁴⁶ Sunnmøre Arbeideravis 3.4.1937 Om Friluftslivet.

7 Sunnmørsalpane

Sunnmøre byr på mykje variert natur og ein kan ikkje snakke om fjellturisme på Sunnmøre utan å famne heile regionen. Sunnmøre er så mykje meir enn berre Tafjordfjella. Til dømes er fjellområda kring Hjørundfjorden, som Kristofer Randers skildra rikt i mellom anna reisehandboka «Søndmøre», eit ynda turområde. Det er ikkje utan grunn at tindane kring denne vakre fjorden vert kalla «Sunnmørsalpane». Tindesportens far, William Cecil Slingsby, skriv endatil at nokon av hans kjæraste minner frå turar i norske fjell er frå ein vakker kveld i august 1876 når han og Mohn gjekk gjennom Follestaddalen frå Ørstavik til Indre Standal.¹⁴⁷

I handemakttida, hadde folk flest nok med å overleve og vi hadde i alle fall ikkje nokon tradisjon for kven som var fyrst opp på tindane. Men at nordmenn var vande med bratt fjell er det ingen tvil om. Utlendingane som kom til Noreg, og til Sunnmøre, var velutstyrte og hadde erfaring frå tindekliving, men likevel tok dei ofte med seg ein norsk bonde, som aldri hadde brukt eit klatretau, som kjendtmann.¹⁴⁸ Dette seier oss at nordmenn hadde opparbeida ei lang erfaring med å bu og leve i naturen som omgav dei. Etterkvart vart mange av desse bøndene røynde fjellførarar. Vi veit mellom anna at William Cecil Slingsby, som stod for førsteklyvet av Kolåstinden, nytta ein bonde frå Kolås som kjendtmann.¹⁴⁹

Reisehandboka til Randers vart, som nemnt, svært populær. Den Norske Turistforening skriv i 1895 at boka «Søndmør» til Kristofer Randers har fått mykje ros, mellom andre av kjende namn innan fjellturismen, som Emanuel Mohn og William Cecil Slingsby. Vidare skriv DNT om grusinga og utbetringa av vegen over Standaleidet på Sunnmøre, som bygdefolket arbeidde med. «Standals opsiddere har dessuden på egen hånd begynt på omlægning af de bratte Standalbakker, et bevis for hvad folk, der er besjælet av forståelse for turistsagens betydning, har iherdighed til at sætte i verk»¹⁵⁰

Det er lite truleg at det var det ideologiske bak fjellturismen til DNT som motiverte lokalfolket i Standal til å utbetre vegen. Denne vegen var Standalfolket si einaste ferdselsåre til bygdebyen Ørsta (Ørstavik), om dei då ikkje tok turen rundt heile Ørstahalvøya med båt.

¹⁴⁷ (Slingsby, 1998, s. 91)

¹⁴⁸ (Hovden, 2012, s. 13)

¹⁴⁹ (Hovden, 2012, s. 20)

¹⁵⁰ (Hovden, 2012, s. 29)

Dei besøkande kom sjøvegen, og både Standal og Ørsta hadde dampskipanløp. Frå Ørsta var vegen kort over Standaleidet til Standal og Hjørundfjord. Trekkplaster som Kolåstinden og Slogen vart med utbetringa av vegen meir tilgjengeleg og var eit stort løft for dei fastbuande. Dette ville medføre ei auka turisme i området og gje lokalbefolkninga eit godt næringsgrunnlag med å kunne tilby tenester til turistane. Den «forståelsen for turistsagens betydning», som DNT hevder dei hadde, var mest truleg motivert av ein økonomisk faktor.

Det var ikkje berre «Randersboka» som var med å sette Sunnmøre på kartet. Fleire andre reisebøker for Noreg vart utgjevne og det var detaljert skildra korleis ein skal kome seg fram i dette landet. Dr. Yngvar Nielsen sin «Reisehaandbog over Norge» var også ei svært populær reisebok, her blir køyreruter og overnattingar detaljert skildra, men fjellturar blir også nemnd. Den vart gidd ut i alt 12. utgåver fram til 1915. Den Norske Turistforening sine «til fots» bøker hadde også detaljerte skildringar av ruter i fjella i Noreg. Ei utgåve frå 1935 for Syd-Norge vert mange ruter rikt skildra, også dei rundt Hjørundfjorden og Sunnmøre. Frå Barstadvik kunne ein til dømes nå turruter som førte til den populære Molladalen, en «eiendommelig dal, som danner en botn omgitt på alle kanter av forrevne tinderekker».

Mi bestemor, Anlaug, vaks opp på Vollane i Barstadvik. Barstadvik var utgangspunktet for mange fjellturistar på turen mot Molladalen og tindane rundt. Ho var lita jente i 30-åra og hugsar at det var svært vanleg med «framandfolk» som skulle på fjellet. Ho og jamaldringane hjalp til med å vise når fjellturistane spurte etter vegen. Dei fekk ikkje noko for innsatsen, men av og til ein sjokoladebit. Ho kan fortelje at dei aller fleste var ålesundarar, for «det hørde ein på dialekta», dei var trivelege og imøtekomande. Det hende at det kom fjellfolk til området som ikkje forstod norsk. Det var ikkje like vanleg, så ho syntest det var skremmande.¹⁵¹

Den geografiske plasseringa gjorde også at mange av Ålesund-Sunnmøre Turistforening sine fellesturar var i desse områda. Med leigd dampbåt frå Ålesund gjekk det ikkje lange tida før ein nådde fram hit. Det var tydeleg ikkje uvanleg med kontakt mellom ålesundarar som nytte fjellet og bygdefolk. Men nokon indikator på at bygdefolk faktisk slo seg saman med ålesundarane og deira fjellturisme har vi ikkje greidd å finne spor etter. Barstadvik og dei andre bygdene på Ørstahalvøya var lett tilgjengelege sjøvegen, med m.a. faste dampskipruter.

¹⁵¹ (Vartdal, 2019)

Frå Molladalen og Barstadvik kunne ein gå over til Ytre-Standal og vidare til Store Standal og Standaleidet, der Ålesunds Skiklub hadde hytte.¹⁵²

7.1 Aalesunds skiklub



Skituristar på kaia ved Store-Standal 1908.

foto: ukjend

Ålesund Skiklub hadde sin base på Standaleidet. Klubben var den største organisasjonen for skiturisme og skirenn på Sunnmøre fram til 1950. På lik linje med Ålesund-Sunnmøre Turistforening opplevde også Ålesund Skiklub sin «gullalder» i mellomkrigsåra. Dampbåtturane, hytta på Standaleidet og Kolåstinden er sentrale element i historia deira. Byfolket møtte opp med ski på kaia i Ålesund og reiste med dampskip frå Ålesund by til Hjørundfjorden og Standal. Det vart bestemt å bygge hytte etter ei generalforsamling i 25.juni 1913. Tidlegare hadde dei leigd seg inn på stølshus der. Skal ein døme etter siste paragraf i festekontrakta, tok ikkje bygdefolket i mot flokken frå byen med opne armar:

Skulde det vise sig, at der til forskjellige tider om sommeren opholdt sig folk på skihyten, der ved usømmelig optræden eller på anden maate kunde øve en skadelig indflydelse paa

¹⁵² (Den Norske Turistforening, 1935, s. 291)

*vor ungdom, skal grundeierne efter en gangs forgjæves varsel, have ret til uten lovmaal og dom at kræve hytten fjernet inden et aar fra varsel er git og uten utlæg for grundeierne.*¹⁵³

Her viser bygdefolket eit ynskje om at dei berre skal nytte hytta i vintersesongen for å unngå kontakt med den lokale ungdommen som arbeidde på setrane. Dei frykta truleg at dei frå byen ville ha ein dårleg påverknad på dei og forstyrre arbeidet. Motstanden kan ikkje ha stukke så djupt, for når taket fell saman på skihytta låg nokre av medlemmane ute i kulda under open himmel i over ei veke for å reparere taket fekk dei hjelp til dette av bygdefolket frå Standal. Med hjelp vart hytta klar til innviing 10. januar 1914. Kostnaden vart til slutt 4 605,72 kroner.¹⁵⁴ Dette var ein sum som var langt høgare enn kva Ålesund-Sunnmøre Turistforening opererte med i mellomkrigsåra. Ikkje før foreininga bygde Reindalseter kan ein byrje å nærme seg slike summar, noko som langt på veg fortel om den økonomiske situasjonen til foreininga og medlemmane.

Varemerket til Ålesund-Skiklub var søndagsturane med båt frå Ålesund sentrum. Dei var svært populære på den tida. Det vart arrangert overgangsturar frå Trandal til Hundeidvik, frå Ytre Standal til Store Standal og frå Sæbø til Standal. På ein fellestur til Kolåstinden deltok så mykje som 37 medlemmar. Mange av dei som reiste til Standal tok rutebåten laurdag ettermiddag eller ekstrabåten om kvelden. Medlemstalet auka og i 1937 fekk klubben 57 nye medlemmar og det same året overnatta 287 på hytta. Framtida såg lys ut fram til krigen braut ut.¹⁵⁵

Plassering til Standalhytta gjorde området og arrangementa tilgjengeleg for fleire enn berre ålesundarane. I 20-åra vart det arrangert for det meste hopprenn og langrennskonkurransar, før alpinsport og slalåm tok over i 30-åra. Desse renna trakk til seg tilskodarar frå både bygd og by, og var i mange år reine folkefestar. Skirenna som Ålesund Skiklub arrangerte var ikkje berre for byfolket og medlemmane i skiklubben, for her deltok folk frå alle stadar og samfunnslag. Helge Krøvel fortel i Ørsta-minne at han og ein jamaldring gjekk på ski frå Krøvelen til Øy, dagen før skirennet for å kunne rekke å delta i guteklassa. Han fekk førstepremie i yngste klassa og var berre 14 år. I 1935 deltok den første ørstingane i seniorklassene og mykje folk frå Ørsta og Volda var tilskodarar. I 1935 arrangerte Aalesunds Skiklub det første slalåmrennet på Standaleidet. Det deltok to medlemmar frå Ørsta Idrottslag

¹⁵³ (Ålesund skiklubb, 1958, s. 30)

¹⁵⁴ (Ålesund skiklub, 1958, s. 58)

¹⁵⁵ (Ålesund skiklubb, 1958, s. 23)

i det rennet, og ein av dei vann heile rennet. Dette var eit alpinrenn som vart dekt av hovudavisa til regionen, Sunnmørsposten, men også av presse frå hovudstaden, m.a. Tidens Tegn og Dagbladet.¹⁵⁶

Liv S. Årsæter Øye, f. 1920 på Årsæter i Follestadalen, arbeidde tre vintrar på skihytta på Standaleidet, midt i 30-åra. Det var lite arbeid til dei unge, så dei var glade for det lønna arbeidet dei kunne få. Ho og ei venninne stod for mat og stell på hytta utan elektrisitet og innlagt vatn. På søndagane selde dei kaffi, buljong og limonade og når helgane var over vart det vaska og gjort klart til neste helg. Ho var der tre vintersesongar og hugsar det som kjekt då dei trefte mange kjekke mennesker. Hyttesjefen var ein grei og real sjef.¹⁵⁷ Dette viser dei same tendensane som vi ser knytt til hyttebygginga til ÅST, i at bygdefolket var bidragsytarar og arbeidarar også her.

7.2 Charles Watson Patchell og Patchellhytta

Nordsida av Hjørundfjorden er ikkje noko ringare enn nokon annan stad på Sunnmøre, her finn ein like alpine fjell som på sørsida og bygder som har hatt mykje turisme og fjellturisme. Nordangsfjorden, Øye og Nordangsdalen var tidlege turistmål frå utanlandske turistar. Desse vart skyssa gjennom Nordangsdalen med hest og kjerre og vidare til Hellesylt eller Geiranger. Tidlegare hadde bøndene skyssplikt og måtte gje fri skyss til embets og tenestemenn. Dette vart endra i 1816 med skyssloven, som gjorde at bøndene slapp å skyss utan godtgjersle. Det vart oppretta faste stadar for skyss, der bøndene skyssa på tur. I 1890 var Sunnylvn den mest kjende turistkommunen i fylket og skysstasjonane var på Hellesylt, Kjellstadli, Fivelstadhaug og Maråk. Frå Fivelstadhaugen var det skyssplikt gjennom Norangsdalen til Øye. Denne stasjonen var oppretta i 1853 og godtgjersla kunne vere at skysskarane på Øye vart fritekne frå verneplikt.¹⁵⁸ Då skyssdrifta var på sitt beste kunne det vere meir enn 70 skysskarar som stilte opp for å frakte turistane. Dette var ei kjærkomen attåtinntekt for mange.¹⁵⁹ I glansperioda til turismen, ca. 1880-1940, var så mange som fire hotell i området knytta til Nordangsfjorden. Bygdene Urke og Øye har vore ynda turistmål i lang tid.

¹⁵⁶ (Opsahl, 2005)

¹⁵⁷ (Øye L. S., 2005)

¹⁵⁸ (Vollan, 1993, s. 53")

¹⁵⁹ (Hjørundfjordportalen, 2019)

Charles Watson Patchell var ein av desse turistane. Patchell var fødd i Skottland i 1861 og hadde allereie vore fotturist i Jotunheimen og i Alpane før han kom til Sunnmøre i 1890. Han oppheld seg på Øye 37 somrar over ei periode på 50 år. Det vart opphald i desse besøka mellom 1914-1923, på grunn av 1.verdskrig. Han skulle få mykje å sei for fjellturismen og fjellhistoria i området. På Hotel Union Øye låg Climber`s Book, der førsteklyvingar og klatreruter i området vart førte inn. Patchell har ikkje berre skrive første notisen, men heile 27 nedskrivningar frå 1891 til 1932. Han var fyrstemann på heile 14 tindar på Sunnmøre og fyrstemann på mange klatreruter. Han stod også bak ein 9 siders artikkel i Den Norske Turistforenings årbok av 1926 om «Climbing in Sunnmøre».¹⁶⁰ Han må ha likt både staden og folket, og mykje tydar på at bygdefolket likte han også.

Jakob E. Øye fortel i Hjørundfjord Sogelag sitt årsskrift om Patchell at han var ikkje rik eller reid på høge arvelege titlar. Inntekta frå drift av ein privatskule gav han høve til å reise til Noreg i den lange sommarferien han hadde. Sjølv utan arvelege titlar var han likevel ein mann med fritidssyslar og økonomi som skilde seg frå lokalbefolkninga på Øye. Det verkar som ulik bakgrunn og økonomi ikkje hindra Patchell frå å få mange vener på Øye og Urke. Under feiringa av 17. mai vart han behandla som heidersgjest. Han oppretta eit fond der rentene kvar år skulle brukast til premie til borna for idrettsprestasjonane deira på grunnlovsdagen, og alle fekk premie. På Hotel union hadde han både fast rom og fast bord i spisestova.¹⁶¹

Patchell står for mange klatreruter og førstekliv kring Hjørundfjorden, men etter 1920-åra vart han pensjonist og tok det rolegare. Han bidrog stort med å legge til rette og å fremje fotturismen, fjellporten og naturen i området rundt Hjørundfjorden, og særleg på Øye. I Sunnmørsposten 27. oktober 1923 stod det ein notis om han som omtala kva han nytta sommarferien til etter at helsa hindra han i å klatre dei brattaste fjella:

..hver morgen har han med hakke, sag og øks gaat op i fjeldet, hugget vei gjennom de ulændte Syklstadbrækker, ryddet stier, opvardet fjeldveier til lettelse ved bestigninger av de fleste kjene omliggende fjelde.

I Climbers Book 23. september 1927 skriv Patchell svært utfyllande om hytta han tok initiativet til å bygge. Her tillèt vi oss å ta med heile utdraget, då det er tydingsberande for denne dugnaden som samla seg rundt Patchell. Dette er ein samansett dugnadsgjeng, for her finn du representantar frå ulike stadar på Sunnmøre og ulike stadar i Europa, og tilhøyrande

¹⁶⁰ (Hovden, 2012, s. 64)

¹⁶¹ (Øye J. E., 1986, s. 104)

ulike sosiale lag. Vi ser sentrale namn frå Ålesund som høyrde til Ålesund-Sunnmøre Turistforening, og ikkje-norske namn som indikera øvre sosiale lag, samstundes som bygda også er sterkt representert. Det latar til at nesten alle bidrog for å få bygd denne hytta i Habostaddalen, ved foten av Slogen.



*Dugnadfolk ved bygginga av Patchell-hytta.
Fyrste rekkje frå v.: Karl Leite (portier på Union), Bernt O. Urke,
Bernhard Øye, Knut Skylstad, Paul Urke, Lars Norangshol med Bob og
C. W. Patchell med Jeff.
Andre rekkje frå v.: Johan B. Øye, mr. Mcdonald og mr. Maitland.*

Omsetting frå Climbers Book til tidsriktig nynorsk er gjort av Dagfinn Hovden og gitt ut i bok *Tindekliv på Sunnmøre: nokre blad or fjellsoga.*

Då bygninga no praktisk talt er fullenda, og vore i bruk sumaren 1927, tykkjest tida vere koma til å gjere greide for korleis ho kom til. Ideen, etter lause og ålmenne dryftingar gjennom heller mange år, fekk si endeleg form i 1924, då tomta vart vald av Sivert B. Øie, som heile tida hev synt stor interesse, og som hev samskipa og leidd alle dei friviljuge arbeidsgjengane. Namna på dei som var med, kjem lenger nede. Tilskot vart gjevne av Hr. Rasmus Rønneberg, Hr. Chr. Øwre, Mr. C.F. Bennet, C.W.p. Sengene og kokeomnen er gjevne av Hr. M Dahl, ullteppa av Fru Rasmus Rønneberg, putene av Fru Raadim, og anna husbunad av Fru J.A. Øie og Messrs. A. Macdonald og D.r. Maitland. Tømmeret og takpappen vart frakta opp frå Stranda, for det meste av medlemmer av Stranda Ungdomslag, under tilsyn av Hr. Jørgen Gjerding. Kostnaden pluss ein del av transporten vart betalt av dei gjevne tilskota. Alt arbeid var utan atterhald friviljugt, slik at dette er truleg det billigaste hus i sitt slag som nokon gong er reist. Det er assurert for 1000kr i Volda Assuranceforening.

Det fylgjande er ei liste , i alfabetisk skipnad, over namna på dei friviljuge arbeidararne: K.Dahl, M. Dahl, K. Leire, A.Macdonald, D.R. Maitlands, Hans Nordang, O.P. Nordang,

Samund Nordang, Steffen Nordang, Knut Nordangshol, Lars Nordanshol, Bernhard Øie, Steffen Øie, C.W. Patchell, Elias Skrede, Johan Skrede, Lars Skrede, Andreas Skylstad, Knut Skylstad, Nils Skylstad, Hjalmar Storeide, Bernt Urke, Evard Urke, Paul Urke.

Sundag den 31. juli 1927 var der ei samling i Habostaddalen av over 200 menneske, dei fleste frå dei lokale ungdomslaga, frå Nordangsdal, Stranda, Søkkelven, Maude, Urke, Aalesund, Danmark, Sverige og Storbritannia, som lydde til talar, songar, og drakk uhorvelege mengder med kaffi (laga av fru J.B. Øie og ei rad med hjelparar) og gjorde festen til ei uformell opning av hytta.

Det er å vona at det vesle huset som slik vart so heppeleg innvigd, ikkje berre må tena som livd for turistar og klatrarar, men ogso hjelpa til å gjeva ungdomen i distriktet betre kjennskap til deira eigne fjell. Sep.23.1927. C.W. Patchell.

Ei flaggstonglaga av Ed. Urke og O.P. Norang, vart frakta opp og reist Sundag 12. aug 1928 av Andreas Skylstad og Sivert B. Øie. Fru Dahl gav eit flagg. Skåpet med bestikk og krusty, er ei gåve frå Fru Shannon.¹⁶²

Det kjem også fram på slutten at Patchell ønskjer at hytta ikkje berre skal brukast av klatrarar og turistar, men gi den lokale ungdommen høve til å verte kjende med sine eigne fjell. I den vesle hytta hadde han lagt ei hyttebok som han oppmoda alle å skrive i. Mange av dei som nytta hytta var røynde fjellfolk på alpine klatreturar, men dei aller fleste var vanlege fotturistar. Til dømes skreiv Arne Randers Heen og Torbjørn Krohn seg inn då dei gjorde førsteklyvet av Slogen i snøstorm jula 1933 og nytte godt av hytta.

Patchellhytta var ei enkel bu og hadde ikkje same fasilitetar som mange av dei typiske turistforeining hyttene hadde. I etterkrigstid vart hytta for lita, og ei ny Patchellhytte vart bygd. Den vart plassert ikkje langt frå den originale steinbua. I hytteboka frå den første hytta stod det om eit opphald som vart kort på grunn av fasilitetane, men det viser også at ungdom frå bygdene tok hytta i bruk, slik Patchell hadde tenkt. Tre jenter frå Ørsta, Arnhild og Ingebjørg Hovden og Astrid Straume kom til hytta i juli 1926 og etterlet seg desse orda: «Det regnar og bles, men me lyt vidare i kveld. Håper me kjem fram før me kreperer. Finst ikkje tørr ved, so me hev ikkje fenge kaffi ein gong».¹⁶³

¹⁶² (Hovden, 2012, s. 65)

¹⁶³ (Høidal, 2018, s. 80)



Gamle Patchellhytta foto: ukjend

Då Patchellhytta vart gitt til ÅST av Patchell i 1931, var han blitt 70 år og førte også sirleg dette inn i Climber`s Book:

Hytta i Habostaddalen. Etter avtale med representantar for parthavarane hev denne hytta no vorte eigedomen til Aalesund-Sunnmøre Turistforening. Retten til fritt tilgjenge for alltid er haldet att for ibuarane av Norangsdal og Stranda. Dei nye eigarane tek på seg å halde hytte og det som er i henne i god stand. Ho er assurert for 1000kroner. Kvar av partane hev sitt eksemplar av kontrakten. Gjevarane hev gått til dette steget som den beste måten å sikre at hytta for alltid skal tene det føremålet ho vart reist for. August 1931.

C.W.Patchell.¹⁶⁴

Etter generalforsamlinga til Ålesund-Sunnmøre Turistforening i 1931 blir Patchellhytta omtalt i ei av talane. I referatet i Sunnmørsposten vert det presisert, atter ein gong, kor viktig samarbeid mellom by og bygd var.

Lektor Knudsen holdt ved bordet en utmerket tale der han pekte på foreningens arbeide og oppgaver: å gi flest mulig høve til å komme ut i og lære å bli glad i den sunnmørske naturen. Over 800 mennesker har vært med på foreningens turer siste sommer. Han rettet også en takk til givnerne av Patchellhytta i Habbostaddalen, herrerne Patchell, Bennet, Rasmus Rønneberg og Chr. Øwwre, og givnerens skål blev drukket under stormende begeistring. Talen blev besvart av Rasmus Rønneberg som minnet om at æren for at hytten kom opp for en stor del må deles med befolkningen på Øye og delvis på Stranda, som viste en

¹⁶⁴ (Hovden, 2012, s. 66)

enestående velvilje og interesse da det gjaldt å få hytten op. Han sluttet med en skål for turistforeningen.¹⁶⁵

Når Patchell døydde testamenterte han det som var att etter seg til ungdomslaget på Øye. Han hadde ikkje familie etter seg og plasserte truleg midlane sine der han meinte dei ville gjere mest nytte. Desse midlane vart sette av til eit fond – Patchellfondet, der pengane skulle brukast til ganglege føremål i bygda.¹⁶⁶

At ein mann som Patchell, frå hans britiske samfunnsklasse og kultur, kunne ha så stor innverknad på og så godt forhold til bygdefolket i ei lita bygd på Vestlandet, er særlege. Han var godt likt og fekk respekt med alt frå bygdegutar til representantar frå det ledande næringslivet i Ålesund. Han gjekk sjølv inn og merka og rydda stiar, heilt på eige initiativ. Ikkje for sin eigen del, men for at det skulle verte meir tilgjengeleg for fleire. Bygginga av Patchellhytta samla mange og bidrog til at Ålesund-Sunnmøre Turistforening fekk knyte tettare band med dei lokale dugnadskreftene i området. Patchell var ein føregangsmann for fjellturismen rundt Hjørundfjorden og arbeidde for at det skulle verte tilgjengeleg for flest mogleg. Han deltok ikkje berre i eit fellesskap, for han var sjølv med å skape eit fellesskap, kring fjellturismen i indre Hjørundfjord.

¹⁶⁵ Sunnmørsposten 9.11.1931

¹⁶⁶ (Øye J. E., 1986, s. 104)

8 Ligg det i vår natur?

8.1 Den norske fjellturismen

Den Norske Turistforening nyttar i dag slagordet ”det ligger i vår natur”. Forsking som er gjort på innverknad naturen har på menneska er med å bygge under dette. Menneska har alltid vore ein del av naturen, først som jegerar, sankarar og samlarar. Etterkvart har vi distansert oss meir og meir frå naturen med fast busetnad, industrialisering og byvekst. Vi har brukt fleire tusen år på å tilpasse oss naturen og berre nokre få generasjonar på å distansere oss frå den. Mennesket har ikkje endra seg så mykje som verda rundt oss. Genetisk sett er vi praktisk talt identiske med steinaldermenneska, noko som tyder at vi eigentleg er tilpassa ei heilt anna kontakt med naturen enn kva vi får i det moderne liv.¹⁶⁷ Det er kanskje ikkje då så rart at interessa for fjellturisme, friluftsliv og natur let til å vere størst i dei områda i Noreg med størst grad av urbanisering.

Kan vi kalle den norske fjellturismen for særnorsk? Ei samanlikning av Den Norske Turistforening og dei britiske alpine klubbane viser nokre likskapar, men mest skilnadar. Likskapen er at den norske vandreturismen vart organisert og samla av embetsmenn og byfolk, men allereie under danninga ser vi skilnadar med eit ønske om å nå ut til fleire enn ei lita eksklusiv gruppe. I tillegg til ein meir demokratisk intensjon skil den norske vandrekulturen seg frå det britiske «sporting life» med ei større fokus på oppleving enn prestasjon.¹⁶⁸ Denne skilnaden ser vi også mellom William Cecil Slingsby og Emanuel Mohn, jamfør kapittelet om «Pionerane - inspirasjon frå utlandet».

Noreg skil seg frå Storbritannia og kontinental-Europa på fleire måtar. Noreg mangla aristokrati, etter ei oppheving av adelen i 1821, og den kontinentale by-eliten som var meir typisk i Europa. Dette gjer at Noreg hadde ei relativ egalitær samfunnssamansetning, samanlikna med andre vestlege land i same perioden. Men at Noreg var meir egalitært enn til dømes Storbritannia gjer ikkje at det var utan skilnadar. I Noreg utgjorde embetsstanden og byborgarskapet det øvre sosiale laget. I byane var det stor skilnad frå dei kondisjonerte og arbeidarane og på bygdene var det skilnad mellom gardbrukarar og dei utan fast eigedom.

¹⁶⁷ (Drageland, 2018, s. 14)

¹⁶⁸ (Slagstad, (Sporten) En idèhistorisk studie, 2015, s. 129)

Avstanden mellom dei sosiale laga var større på Austlandet og i Trøndelag, kor gardsbruka var større og gardbrukarar hadde husmenn under seg.¹⁶⁹ Skilnadane mellom dei på bygdene som hadde fast eigedom og ikkje var ikkje så utbreidd på Sunnmøre, som det vi finn austafør og i Trøndelag. Gardsbruka i denne regionen var små og ein hadde høve til og var avhengig av ulike attåtningar som fiske, sjøfart, sagbruk, og i løpet av mellomkrigsåra, pelsdyr og industri. Samla sett hadde Noreg ein større sosial mobilitet og ein relativ egalitær samfunnsstruktur, som ein ikkje finn andre stadar i Europa på same tid. Sunnmøre var meir egalitært enn mange andre stadar i Noreg.

Innbyggjarane i dei norske byane og tettstadane har ofte ein eller anna form for tilknytning til bygdene og meir rurale strom. I mellomkrigsåra gjorde befolkningsveksten at mange flytta frå bygdene mot byar og tettstadar for arbeid og utdanning. Desse tala frå Store Norske Leksikon viser ei tydeleg vekst i innbyggjartal og tilflytting til tettstadar. I 1900 hadde Noreg eit innbyggjartal på 2 217 971. Landet opplevde stor vekst i løpet av dei neste tiåra og nådde 2 963 909 innbyggjarar i 1940.¹⁷⁰ I 1910 budde 38 prosent av befolkninga i tettstadar, og dette auka til 46 prosent i 1930.¹⁷¹ Denne veksten og busetnadsendinga er sjølvstakt ikkje unikt for Noreg, for heile Europa opplevde ei demografisk auke.

I tillegg til band mellom rurale og urbane områder, fekk naturen, friluftslivet og fjellturismen ei viktig rolle då nordmenn starta arbeidet med å forme sin eigen nasjonalidentitet på 1800- og 1900-talet. Nina Witoszek hevdar det er særlege for Noreg å tileigne naturen så mykje tyngde, ei politisk, kulturell og samlande rolle.¹⁷² Witoszek legg det fram som noko negativt og underleg i ei moderne verd. Friluftskulturen si rolle bidrege til å gjere banda mellom urbane og rurale strom i Noreg tettare. Jamfør det store fokuset på å verte kjend med og å oppleve sitt eige land, som vi har sett i mellomkrigsåra sine aviser. Ja, den norske friluftskulturen er særlege, men truleg meir i positiv forstand enn motsett.

Sosiolog Hanne Svarstad viser i sin forskingsrapport som omhandlar nordmenn sitt forhold til å gå tur, til tre ulike kategoriar.¹⁷³ Den første kategorien er rekreasjon, der ein hektisk kvardag med press vert løyst med rekreasjonen av å gå tur. Den andre kategorien er «det enkle liv»,

¹⁶⁹ (Myhre, Et egalitært samfunn?, 2015)

¹⁷⁰ (Thorsnæs, Norge - befolkningsutvikling, 2018b)

¹⁷¹ (Thorsnæs, Norge - bosetningsmønster, 2018c)

¹⁷² (Witoszek, 1991)

¹⁷³ (Svarstad, 2010)

der det moderne forbrukarsamfunnet i dag fører til negativ påverknad på menneska og miljø, vil turgåing skape ei motvekt. Siste kategorien handlar om tilhøyring, der det industrielle samfunnet med si høge arbeidsdeling skaper ei framandgjerung. Ved å gå på tur kjenner menneska ei større grad av tilhøyring, både i naturen og som ein del av menneska si historie.

Årsak tre kan langt på veg forklare den truleg låge deltakinga og mangel på kjelder som viser til deltaking av folk frå bygdene i organiserte turaktivitetar i mellomkrigsåra. Om ein kjende på ei framandgjerung i ein by eller industrisamfunn er det er lite truleg at denne kjensla var til stades ute i distriktet. I alle fall ikkje i like stor grad. Ein frå bygdene ville truleg ikkje ha det same behovet for tilhøyring og naturen, som turistforeiningane stod for.

I bygdene budde ein i og levde av naturen heile tida. Kvardagen var innanfor rammene av bygda du budde i, medan du arbeidde for å få endane til å møtast. Difor kan det tenkast at medlemmane i ein friluftsansamling, eller dei som hadde fritid til å nytte i naturen, budde i byane eller tettbygde strom og ikkje budde ute i distriktet og arbeidde med jorda. Are Kalvø skriv om nettopp dette nærmast religiøse avstandsforholdet ein moderne bybuar har til naturen: «At vi blir religiøse. Eller kåte. Eller seier at vi ikkje heilt kan forklare kva der er naturen gjer med oss. Du seier ikkje slikt dersom naturen er ein heilt sjølvstøtt del av livet ditt, heile tida, kvar dag».¹⁷⁴

Bourdieu hevdar at eliten er den førande handa og skapar trendane, og etterkvart som fleire adopterer trenden tapar trenden status eller sosial-kapital og eliten gir slepp på trenden. Sjølv om norsk fjellturisme starta hjå det Noreg hadde av elite på slutten av 1800-talet, ser det ikkje ut til at dei meldte seg ut ettersom fleire kom til. Det hadde også vore stikk i strid med det vedtekne lovverket til turistforeininga om å gjere det «let og billig» for «at riktig mange kan komme og se».¹⁷⁵ Sjølv om Turistforeininga i Noreg vart starta med eit mål for auge i 1868, har vi sett at det skulle ta tid før ein kunne snakke om «riktig mange», og kanskje kan vi ikkje det enda.

For å vere medlem og delta i organisert friluftsliv kosta pengar, men det kosta også tid. Om lag 50 år etter stiftinga av DNT, i 1919, vart det lovbestemt med 8-timers arbeidsdagar. Sjølv om det vart lovbestemt vart det ikkje innført alle stadar før seinare. I mellomkrigsåra til dømes kunne ein dele arbeidsmarknaden i to, men den organiserte og den uorganiserte. Den

¹⁷⁴ (Kalvø, 2018, s. 42)

¹⁷⁵ Frå den konstituerande skipinga av DNT i 1868.

organiserte arbeidsmarknaden slo først ut austafjells og i dei største byane, medan den uorganiserte fans på dei mindre stadane, som til dømes på Sunnmøre.¹⁷⁶ Dette er nok årsaka til at vi ikkje har lukkast å finne spor etter dei heilt store sosiale endringane for arbeidarklassa på Sunnmøre, men ut over 30-åra vart dei nye arbeidslovene norma fleire og fleire stadar. Dette gjorde fritid tilgjengeleg for arbeidararklassa på mindre stadar også.

8.2 Fjellturisme i vår tid

Det vil likevel vere å overdrive om ein hevdar at friluftslivet har gått frå å vere ein aktivitet for velståande byfolk til å vere for folk flest. Dette i lys av at livsstilen til folk flest har blitt kraftig forbetra sidan skipinga av Den Norske Turistforening i 1886 til i dag. Dei sosiale skilnadane i Noreg har minka kraftig også i den organiserte fotturismen og Are Kalvø har mykje rett når han skriv: «Det er berre det at dei siste tretti-førti åra har nesten alle i Norge blitt velståande byfolk»¹⁷⁷

Utviklinga etter andre verdskrig og fram til vår tid har vore enorm på mange plan. Etter 1969 og oljefunnet i Noreg har velstanden hatt ei fenomenal auke og vi har ikkje sett oss attende. Fleire og fleire nyttar friluftslivet, men behovet for føring, organisering, transport, overnatting etc. har truleg endra seg med åra. Ein har i mindre grad enn før behov for tilrettelegging og ein kan sjølv organisere overnatting, transport etc. Økonomien og arbeidsdagane gjev ikkje berre nordmenn i dag meir fritid, men også ei mykje større økonomisk handlekraft. At 45 kommunar i Noreg i 2017 har fleire hytter enn einebustadar fortel mykje om den økonomiske situasjonen til nordmenn i dag.¹⁷⁸

Sjølv med den auka velstanden og det meir sjølvstendige friluftslivet har Den Norske Turistforening blitt Noregs største friluftsansisasjon. Organisasjonen har i dag over 300 000 medlemmar, og med 57 lokalforeiningar under seg. Til samanlikning hadde DNT i 1930 litt over 9800 medlemmar. Dette tilsvarte 2,8 prosent av befolkninga då, i dag representerer medlemmane i overkant av 6 prosent av befolkninga. Ein kan diskutere om ein har nådd ut til «riktig mange» enda, men intensjonen om å nå ut til flest mogleg ligg framleis i botn. Medlemstala er stadig stigande.

¹⁷⁶ (Løseth, Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie Møre og Romsdal. 1920-1972, 1996, s. 245)

¹⁷⁷ (Kalvø, 2018, s. 45)

¹⁷⁸ (Statistisk Sentralbyrå, 2017)

Vi kan trygt hevde at den organiserte fjellturismen framleis lever i beste velgåande. Årsaka til dette kan vere eit resultat av auka sentralisering og auka velstand. Jamfør Svarstad si analyse vert behovet for natur og friluftsliv skapt i bymiljøet. Den auka velstanden bidreg også til at fleire har den gode økonomien som trengs for å delta i eit friluftsliv, organisert eller ikkje. Tal frå levekårsundersøkelser i 2017 viser at så mange som 8 av 10 nordmenn går turar i skog og fjell.¹⁷⁹ Desse tala gjer det lett å dra parallellar til dei 81% av nordmenn som bur i byar og tettbygde strom. 81 prosent som kanskje har eit behov for å få eit avbrekk frå bymiljøa og kome seg ut til naturen?

9 Fjellturismen og Sunnmøre

9.1 Sunnmøre, likskap og lagdeling¹⁸⁰

Vi startar med ein gjennomgang av funn med dei forsking-spørsmåla eg innleia oppgåva med. Var dei sosiale skilnadane mellom by og bygd på Sunnmøre store, samanlikna med andre stadar? Vart by og bygd på Sunnmøre nærare, og likare, i løpet av 20- og 30-åra?

Som vi har vore inne på tidlegare var mellomkrigsåra ei periode der skilnadane mellom bygd og by var mykje større enn dei er i dag, også på Sunnmøre. Nordmenn flest budde i distriktet, samanlikna med vår tid kor over 80% av nordmenn no bur i urbane strom. På Sunnmøre var likevel skilnadane mellom bygd og by relativt små i mellomkrigsåra, samanlikna med tilhøva i resten av landet.

Årsakene til dette kjem av at Ålesund var grunnlagd i 1848 og var ein ung by, samanlikna med mange andre kystbyar i Noreg. I tillegg var Ålesund ein av dei byane i Noreg utan noko nemnande bakgrunn i eit gammalt byborgarskap. Borgarskapet som fanst i Ålesund i mellomkrigsåra hadde kome frå bygdene for få generasjonar sidan. At dei sterke bygdebyane i distriktet opplevde stor vekst i industri i 1920-, og ikkje minst, 1930-åra, gjorde også sitt for at byen ikkje fekk sterkare posisjon enn den hadde.

Ålesund skil seg også frå dei andre byane i fylket. Kristiansund bar preg av eit meir kontinentalt byborgarskap, med bakgrunn i ein gammal og utstrakt klippfiskhandel. Molde

¹⁷⁹ (Statistisk Sentralbyrå, 2017)

¹⁸⁰ Likskap og lagdeling er tittelen til Arnljot Løseth sitt bidrag til Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. Den er både passande og svært skildrande.

har lang historie som embetsmann by og bar preg av denne kulturen.¹⁸¹ Kristiansund og Molde opplevde heller ikkje konkurranse frå nærliggande bygdesenter som ein opplevde i det meir egalitære Sunnmøre. Dette har sett sitt preg på kulturen til dei to nordlige byane i fylket og gjer at både Kristiansund og Molde har ein større skilnad mellom by og bygd enn vi finn på Sunnmøre. Både Kristiansund og Molde har tradisjonar knytt til eit meir finkulturelt byborgarskap. Til dømes har Molde skipa Mode Jazzfestival¹⁸² sidan 1960 og Kristiansund Opera¹⁸³ er Noreg sitt eldste operahus, med historie heilt tilbake til 1928. Noko slikt finn vi ikkje spor av i Ålesund, eller på Sunnmøre.

Innbyggjarane i Ålesund bestod i stor grad av menneske som hadde flytta frå bygdene til byen, eller kom frå familiar som hadde flytta til byen for få generasjonar sidan. Eit godt eksempel på tette slektsband finn vi hjå Jac. Jacobsen, som var styreleiar for Ålesund-Sunnmøre Turistforening i mellomkrigsåra. Familien hans ætta frå Ørsta. Far hans, Hans Jacobsen, var fødd i Ørstavik av foreldre som kom frå svært enkle kår, men som likevel makta å starte eige fargereri i 1835. Hans var eldstemann og gifta seg til Ålesund. Dit tok han med seg lærdomen frå foreldra og starta i 1870 «Dampfarveri og Garn- og Strikkeforretning i Kippervigen». Far til Jac. Jacobsen vart med i formannskapet og var styremedlem i Aalesunds Landmandsbank og Søndmøre Dampskibsselskab.¹⁸⁴ At Jac. seinare skulle verte den som arbeidde for å gjere fjellturismen og naturen tilgjengeleg for fleire i regionen, er difor ikkje uventa. Han representerte borgarskapet i Ålesund, men hadde som mange andre i byen tette band til distriktet.

Utviklinga av kommunikasjonane i regionen har også vore med å viske ut skilnadane mellom bygd og by. Utbygging av vegnett og transporttilbod har vore avgjerande for å kunne gjere dei banda som allereie fanst i regionen tettare. Den reisa som ein før måtte bruke dagar på, vart i mellomkrigstida mogleg å gjennomføre som ein dagstur. Ein kunne ut over mellomkrigsåra reise frå dei inste fjordarmane, til Ålesund og attende på berre ein dag. I tillegg skjer det store ting på kommunikasjonsfronten for turismen, med opning av Trollstigen i 1936 og faste turistruter på fjordane i sommarhalvåret. Dette nytta utanlandske turistar seg av, men også nordmenn. Det som drog turistar og fjellturistar til denne regionen var naturen og fjella. Auka

¹⁸¹ (Thorsnæs, Molde - Historikk og kultur, 2018a)

¹⁸² (Molde Jazz, 2019)

¹⁸³ (Williamsen O. W., 2018)

¹⁸⁴ (Dale, 1994)

av reisande i regionen gir impulsar og trendar frå byborgarskapet, også utanfor Sunnmøre, til bygdene. Fjellturismen var ein slik «trend».

Om vi samanliknar med resten og landet, og ikkje minst fylket, ser vi at skilnadane mellom bygd og by på Sunnmøre opphavelig var relativt små. Dette har vi grundig gått gjennom i kapittel 4 «Motsetnad mellom bygd og by». Funna viser at bygd og by vert generelt tettare på Sunnmøre i løpet av 1920-, og kanskje aller mest, 1930-åra. Funn knytt til utviklinga av infrastrukturen, media og kommunikasjon, i lag med sterk vekst i bygdebyane underbygg dette.

9.2 Fjellturismen si sosiale utvikling

Parallelt med denne utviklinga får fjellturismen sin «gullalder». Vi har sett at skilnaden mellom bygd og by vert mindre, på det meir generelle plan. I takt med dette vert kommunikasjonane og samarbeidet i regionen tettare i mellomkrigsåra. Dette tek meg til siste del av forskning-spørsmåla. Vart friluftslivet, fjellsporten og fotturismen på Sunnmøre meir tilgjengelig for fleire samfunnslag i denne perioden? Eller er det berre sosiale skilnadane som minkar på eit meir generelt plan, uavhengig av friluftslivet?

Som nemnd i kapittel 3.4 «Turisme på Sunnmøre», starta Ålesund Sunnmøre Turistforening som eit byfenomen. Dei henta inspirasjon frå hovudstaden, kor Den Norske Turistforening vart starta. Men sjølv om administrasjonane var i bykjerna har slike organisasjonar vore avhengige av eit samarbeid med distriktet for å sette sine planar ut i live. Dette samarbeidet har vist seg å kanskje vere lettare for ÅST og Sunnmøre enn kva det var for andre turistforeiningar i Noreg, der skilnaden mellom bygd og by var langt større.

Bygginga av hyttene i Tafjordfjella er eit godt vitnesbyrd på dette samarbeidet. Pyttbua, Vakkerstøylen og Reindalseter vart bygde med hjelp av fagleg og økonomisk støtte frå mange hald. Mange andre turistforeiningar har bygd hytter, så her skil ikkje Sunnmøre seg ut. Men det er ikkje mange som har bygd hytter med så lite startkapital og så lite budsjett. For å gjennomføre trong ein midlar, kompetanse, erfaring og arbeidslyst. Den første hytta vart røyt utan at foreininga hadde ei krone i banken. I foreininga sitt styre sat Lars Tafjord, som også hadde verv som kasserar i Tafjord Kraft. Han bidrog til å gjere det mogleg å røyse den første hytta. Foreininga fekk ei anleggsbrakke gratis med Tafjord Kraft. Etter den første hytta vart bygd, fekk foreininga spedd på økonomien med inntekter som den gav. Dette kom godt med til vidare byggeprosjekt.

Finansiering er sjølvsagt ein viktig del av gjennomføringa, men ei hytte blir ikkje til berre av kapital aleine. For å kunne bygge høgt til fjell og langt frå folk måtte det også kunnskap til. Dei som budde nærmast desse hyttetomtene sat inne med lokalkunnskap som ingen andre kunne tilby. Desse menneska kjende området, fjella, vêrtilhøva og viste kva som skulle til for å få gjennomført eit slikt arbeid. Innsatsen frå til dømes Ola og Marianne Brøste eller Sylfest Rødal er gode eksempel på dette. Hadde ikkje foreininga hatt slike nøkkelpersonar med i byggeprosessen ville truleg ikkje hyttebygginga vore mogleg, same kva midlar dei satt på.

Det er klart at bygdefolket hadde ei økonomisk interesse i det heile. Sjølv om foreininga ikkje hadde så god økonomi, fekk hjelperane sjølvsagt betalt for arbeidet. Betalinga som til dømes Ola Brøste fekk for å drive fram materialen og røyse hytta Vakkerstøylen speglar alt anna eit enormt overskot, jamfør kapittel 6.3 «Vakkerstøylen blir til». Lønna fekk han på avbetaling på tre år. Det som vart lagt ned av tid og krefter i dette prosjektet spegla truleg ikkje summen. Mellomkrigstida var ei økonomisk pressa tid for mange. Funn viser at Ola Brøste hadde fleire inntektskjelder som gav betre avkastning enn kva turistforeininga betalte han for sitt arbeid. For å ta på seg dette arbeid, måtte der altså ha eksistert ei velvilje. Det er difor lett å dra slutning til at Ola Brøste ønska å hjelpe foreininga med å gjennomføre sine visjonar og draumar i fjellheimen.

Kva som er bakgrunnen til velviljen, er vanskeleg å svare på. Om det kom av personlege band eller om han delte foreininga sin visjon, har vi ikkje greidd å finne noko spor etter.

Takketalane frå opningsseremonien til Reindalseter vitnar om personlege band. Herr og Fru Brøste reiste langt for å delta og både gav og tok i mot godord. Andre funn indikera også at Ola og Marianne Brøste ikkje sat att med noko særleg kapital etter gjennomført turistsesong, jamfør kapitlet om «Kjerneområdet Tafjordfjella». Andre funn peikar mot at dei truleg ikkje var økonomisk avhengige av turismen. Likevel må turismen bidrege med ein kulturell kapital¹⁸⁵ for dei og fungert som ei type «networking», kor dei oppretta og utvida eit nettverk av forbindelsar.

Fjellturismen og Ålesund-Sunnmøre Turistforening møtte ikkje berre velvilje. Funn har vist fleire eksempel på motstand mot den aukande fotturismen. På 1800-talet var turismen lite utbreidd og i Sykkylven frykta dei at turgåinga skulle forstyrre preika og det religiøse. Det stakk likevel ikkje så djupt at dei ikkje endra syn då dei såg høve til å tene pengar på

¹⁸⁵ Jf. Bourdieu

turistane.¹⁸⁶ Når vi kjem til mellomkrigsåra når fjellturismen på Sunnmøre sin gullalder, men møter likevel motstand fleire stadar. Fangstmannen, Johan Alnes, frykta den auka aktiviteten i høgfjellet ville forstyrre dyrelivet og jaktmoglegheitene, jamfør kapittel 6.3 «Vakkerstøylen blir til». Motstand finn vi også hjå Adolf Sandborg, som eigde grunnen som Pyttbua vart sett på. I kontraktane til både Pyttbua og i Vakkerstøylen får turistforeininga rettighetene til grunnen, men jakt og fiskerettar var det ikkje snakk om. Det viser tydeleg at grunneigarane ønskte å verne om ressursane sine.

Felles for det vi har spora av motvilje er at den ikkje har vore sterk nok til å stogge framdrifta. Om grunneigarane gav etter av velvilje eller eiga vinning er vanskeleg å svare på. Den auka fjellturismen hadde vist seg å verte ei belastning for grunneigarane, og no såg dei sitt snitt til å få turistane vekk frå stølane. Jac. Jacobsen fekk overtalt Adolf Sandborg til å selje grunnen som den første hytta skulle stå på. Vi veit at det ikkje berre var snakk om kroner og ører, han brukte også idealismen til fjellturismen som argument. «Vi framholdt jo vårt syn at det lå ren idealisme bak vårt arbeid med å få folk ut i naturen».¹⁸⁷ At avtalen kom i boks på trass av motstand, kan vere ein indikator på velvilje for det foreininga stod for.

Å svare på om friluftslivet, fjellsporten og fotturismen på Sunnmøre vert meir tilgjengelig for menneske frå fleire samfunnslag i denne perioden har vore alt anna enn enkelt. Kjeldetilfanget har sett avgrensingane til det. Noko medlemsregister, hytteprotokollar eller hyttebøker har som nemnt ikkje vore råd å oppdrive. Dette gjer det uråd å antyde kven medlemmane var og kvar dei kom frå. Kanskje vart fleire av innbyggjarane frå bygdene medlemmar av ÅST i løpet av mellomkrigsåra? Kanskje ikkje. Fråvær av funn peikar mot det siste.

Dei fleste som budde utanfor Ålesund sine bygrenser budde i og levde av naturen. Endatil dei som arbeidde i industrien i bygdebyane hadde småbruk ved sida av. Naturen og friluftslivet var, for dei, ein del av kvardagen. Vi har tidligare vore inne på Hanne Svarstad si analyse, kor ho slår fast at behovet for ei tilhøyring til naturen vert skapt i eit bymiljø. Behovet kan difor ikkje ha vore like stort hjå folket utanfor bygrensene. Dette kan forklare kvifor vi finn så lite spor etter folk frå distriktet i den organiserte fjellturismen på Sunnmøre. Men sjølv med få spor, kan vi ikkje ekskludere bygdefolket heilt frå det.

¹⁸⁶ Jf. Side 16 om oppsittarane i Sykkylven som motsette seg vegutbygging i frykt for at turistane skulle ha dårleg innverknad på ungdomen i bygda.

¹⁸⁷ (Jacobsen, "Da Pyttbua ble til", 1970)

Vi veit at i mange tilfelle stilte bygdefolket opp for å hjelpe turistforeininga. Aviskjelder tyder på at sjølv om folk frå bygda kanskje ikkje var medlemmar i turistforeininga, vart det registrert ei aukande friluftsiinteresse blant ungdommen i bygdene i perioden frå 1922-1939. Fleire stadar finn vi spor etter at folk frå bygdene hjalp til med tilrettelegging, sjølv utan spor av direkte medlemskap i Ålesund-Sunnmøre Turistforening. Ungdom frå bygdene bidrog på dugnadar, bygde hytter, arbeidde på skihytta til Ålesund Skiklub og deltok på arrangerte skirenn. Dette vitnar både om ei kontakt mellom ulike sosiale grupper frå ulike stadar i regionen og ei felles interesse. Vi kan ikkje sjå vekk frå at nokre av desse ungdomane kunne vore medlem i ÅST. Men om så var tilfelle representerte dei truleg ikkje alle samfunnslaga i distriktet.

Avisoppslaga knytt til natur, friluftsliv, fotturisme og helse i mellomkrigsåra, gir eit innsyn i samtida til sunnmøringane. Avisene spelte ei stor rolle i å fremje fjellturismen og friluftslivet, og dei hadde stor påverknadskraft. Dei ulike avisene har vist ein stor variasjon i kor stor grad dei sett søkjelys på sport, natur, friluftsliv og fotturisme. Dei største avisene, som Sunnmørsposten og Aalesunds Avis, hadde annonser, turreferat, møtereferat osv. frå Ålesund-Sunnmøre Turistforening på trykk. I tillegg hadde avisene eigne artikkel-seriar, som oppmoda folk til å reise rundt. Mellom anna «kjenn din landsdel» i Sunnmørsposten. Både Sunnmørsposten og Aalesunds Avis var store dagsaviser, som var tinga i heile regionen. Vi kan difor vente at den informasjonen som desse avisene trykte, nådde ut til menneske i både bygd og by.

Dei mindre avisene med færre opplag viser svært lite spor av tema. I Sunnmøre Arbeideravis til dømes, finn vi svært lite knytt til tematikken sport og fritid, og ingenting om Ålesund-Sunnmøre Turistforening. Dette var ei avis retta mot arbeidarklassa, primært i byen. Eg hadde eigentleg avfeia arbeidarklassa i byen frå fjellturismen på Sunnmøre, før eg gjorde eit funn heilt på tampen av perioden. I 1937, finn vi ein kommentar om friluftslivet på trykk i Sunnmøre Arbeidaravis kor det står:

*Friluftslivet har tatt sig voldsomt op i løpet av de senere år. Denne gledelige utvikling henger sammen med en våknende forståelse av den livsglede og sundhet det medfører. Men det er også anledningen som spiller stor rolle: at de brede lag har til å komme ut og at der har hensiktsmessige stede å reise til...*¹⁸⁸

¹⁸⁸ Sunnmøre Arbeideravis 3.4.1937 Om Friluftslivet.

Det at Sunnmøre Arbeidaravis trykk ein kommentar om friluftslivet peikar mot ei veksande interesse for dette. Det har ikkje blitt gjort funn knytt tid informasjon om dette tema retta mot arbeidarklassa før. At dette funnet kjem så seint i perioden kan henge saman med at Sunnmøre var seint ute med å innføre 8-timers arbeidsdagar og ein organisert arbeidsmarknad. Veksten av industri i dei sterke bygdesentera i regionen har truleg medverka til at talet på arbeidarar vaks. Dette kan ha pressa fram innføringa av lovbestemte arbeidsdagar og ei frigjering av fritid for folk i regionen.

Ut i frå denne analysen kan vi konkludere med ei aukande velvilje hjå nye generasjonar. Ungdommar frå Bjørke hjalp Ålesund-Sunnmøre Turistforening på dugnad ved Tyssevatnet. Ungdomar i Norangsfjorden, i Hjørundfjorden og på Stranda bidrog med bygging av Patchellhytta, i samarbeid med briten Charles W. Patchell. Her bidrog dei som kunne bidra frå bygdene Øye, Urke og Stranda, for å bygge ei base for fjellturistar under Slogen. Det er tydeleg at Charles W. Patchell si friluftsiinteresse hadde ein stor verknad på lokalfolket.

Patchellhytta vart seinare gitt i gåve til ÅST. Dette viser at den er bygd for same formål som ÅST hadde med å gjere naturen tilgjengeleg og enklare å bruke for folk flest. Det viser også at det eksisterte ei kontakt og eit samarbeid, som gjekk på kryss og tvers av ulike lag i samfunnet. I dette tilfellet finn vi samarbeid mellom alt frå britiske fjellpionerar, byens turistforeining og bygdas folk.

Transport eller overnatting på ein fellestur, bidrag til dugnad, lokalkunnskap og liknande. Alt er tydelege teikn på at det eksisterte ei velvilje til samarbeid mellom bygd og by. Alt dette kan ikkje ha funne stad om det ikkje eksisterte eit ønskje om å bidra. Bidra til noko som dei ulike partane såg verdien av. I mellomkrigsåra hadde den norske friluftskulturen rukke å vokse seg sterk og naturen hadde fått ei stor symbolsk kraft hjå mange. Indikera dette at den særeigne norske vandrekulturen også hadde fått fotfeste hjå Sunnmøringane?

Ut over 1930-åra ser vi tendensar til mindre oppslutning på fellesturane til ÅST. Det er ikkje synonymt med at folk var mindre interessert i friluftslivet. Infrastrukturen hadde hatt ei stor utvikling i mellomkrigsåra og folk vart meir mobile. Å melde seg på ein organisert fellestur var ikkje lenger einaste måten å kome seg rundt i distriktet for å nyte naturen på. No fanst det meir effektive kollektive transporttilbod. Fjellturisme hadde i tillegg blitt ein meir kjend aktivitet, så det vart lettare for folk å gjere sjølvstendige turar. Kanskje det er årsaka til at vi ikkje ser like stor oppslutning hjå det organiserte friluftslivet på Sunnmøre etter andre verdenskrig, som i «gullalderen» i mellomkrigsåra?

Det tek oss attende til dei innleiande spørsmåla. Vert friluftslivet, fjellsporten og fotturismen på Sunnmøre meir tilgjengelig for fleire samfunnslag i denne perioden? Eller er det berre sosiale skilnadane som minkar på eit meir generelt plan, uavhengig av friluftslivet? Fråvær av funn som kan vise deltaking frå alle samfunnslag gjer at eg hallar mot sistnemnde. Mykje peikar mot at dei sosiale skilnadane på Sunnmøre minkar på eit meir generelt plan. Vi konkludera med at folk flest på Sunnmøre får betre økonomi og meir fritid, noko som også gjer fjellturisme mogleg for fleire.

10 Kjelder og litteratur

- Adem, J. F. (2018, januar 5.). *Den norske turistforening*. Henta frå Fra elite til folkebevegelse: <https://www.dnt.no/artikler/nyheter/11567-fra-elite-til-folkebevegelse/>
- Ålesund skiklub. (1958). Skislottet i Sunnmørsalpene. *Aalesund skiklub 50 år*, ss. 29-37.
- Ålesund skiklubb. (1958). 50 års vekst og trivsel. *Ålesund skiklub 50 år*, ss. 16-28.
- Ålesund-Sunnmøre Turistforening. (u.d.). *Ålesund-Sunnmøre Turistforening 1889-1939*. Aalesund: Johs.Havnevik Trykkeri.
- Bourdieu, P. (1995). *Distinksjonen - en sosiologisk kritikk av dømmekraften. norsk utgave*. Oslo: Pax forlag.
- Brøste, K. (u.d.). "Marianne og Ola Brøste, som jeg så dem.". *Slektskrift for Brøsteslekta*.
- Brøste, O. (u.d.). "Barndomsminner fra heimen i Brøste". *Slektskrift for Brøsteslekta*.
- Breiteig, O. (2003). Aviser og blad mellom ørstingar 1916-1919. *Ørstaminne. Årsskrift. Ørsta sogelag og Ørsta Bygdemuseumslag.*, ss. 125- 129.
- Bugge, K. (1914). *Fraa Aalesund og omliggende distrikters næringsliv 1914*. Kristiania: Forlaget Norge.
- Dale, B. J. (1994). "..undtagen blått". *Ørstaminne. årsskrift. Ørsta Sogelag og Ørsta Bygdemuseumslag.*, ss. 7-22.
- Den Norske Turistforening. (1935). *Til fots I. Fjellturer i Syd-Norge*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Den Norske Turistforening. (2019, mars 27). *DNT - 150 år med turglede*. Henta frå <https://www.dnt.no/historikk/>
- Det Statistiske Centralbyrå. (1933). *Lønninger 1930*. OSLO: Det Statistiske Centralbyrå.
- Det statistiske centralbyrå. (1936). *Statistisk Årbok for Norge. 55. årgang*. Oslo: H. Aschehoug & co.
- DNT. (1926). *Frå Ålesund-Sunnmøre Turistforening sitt virkefelt - Jac Jacobsen. Årbok 1926*.
- Drageland, Å. (2018). *Slik påvirker naturen oss*. Flux forlag.

- Engstöm, T. (2018, oktober 5.). *Store Norske Leksikon*. Henta frå Fotturisme:
<https://snl.no/fotturisme>
- Faarlund, N. (2015). *Friluftsliv - en dannelsesreise*. Oslo: Ljø forlag.
- Fjellposten. (1986). "På jakt etter fortida". *Fjellposten*. nr.1.
- Fjellposten. (1998). Vakkerstølen - et historisk tilbakeblikk. John F. *Fjellposten* nr 2, ss. 6-7.
- Fylling, J. H. (1999). *Tafjordfjella - fra fjord til verdens tak*. Larsnes: Forlaget Vista.
- Grytten, H. (2019, april 11.). Telefonsamtale med Harald Grytten. (M. Vartdal, Intervjuar)
- Havnevik, F. (1939). Ålesund-Sunnmøre Turistforening 1889-1939 - Historikk. *Ålesund-Sunnmøre Turistforening 1889-1939*, ss. 10-17.
- Høidal, E. (2018). *Folket og fjellet- Ålesund og Sunnmøre Turistforening i 130 år*. Ålesund-Sunnmøre Turistforening.
- Heen, A. R. (1948). En bygdegutts klatrebedrifter. *Norsk Fjellsport. Norsk tindeklub 40-års jubileum*, ss. 206-207.
- Helseth, A. (1993). Seterlivet på Tunga i Ulvådalen fra 1884 til 1953. I *Setrer i Øvre Romsdalen* (ss. 153-159). Otta: Rauma Kommune ved Kulturstyret.
- Hjørundfjordportalen. (2019, april 15). *Norangsfjorden*. Henta frå Hjørundfjordportalen:
https://www.hjorundfjord.no/?komponent=statisk&statisk_id=85
- Hovden, D. (2012). *Tindekliv på Sunnmøre - Nokre blad or fjellsoga*. Volda: Iriss forlag A/S.
- Husby, E. (1988). *100 år i fjellet. Kristiansund og Nordmøre turistforening*. Kristiansund: Holms Trykkeri a.s.
- Illmann, R., & Nynäs, P. (2017). *Kultur, människa, möte. Eit humanistiskt perspektiv*. Lund: Studentlitteratur AB.
- Jacobsen, J. (1970, desember). "Da Pyttbua ble til". *Fjellposten*.
- Jacobsen, J. (1970). "Fjellfolk jeg minnes". *Fjellposten*.
- Kalvø, A. (2018). *Hyttebok frå helvete*. Oslo: Kagge forlag.
- Kjølås, H. (2017, desember 11). *alkunne.no*. Henta frå Aalesunds avis:
<https://www.allkunne.no/framside/massemedium/aviser/norske-aviser-og-tidsskrift/aalesunds-avis/474/86421/>

- Kjeldstadli, K. (2000). *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kjeldstadli, K. (2016, februar 26). *Tid til overs*. Henta frå Norgeshistorie.no: <https://www.norgeshistorie.no/forste-verdenskrig-og-mellomkrigstiden/hus-og-hjem/1606-tid-til-overs-fri-tid.html>
- Kleiva, I. (1975). *Grunn og gror, Norddal bygdebøker, Band 3 kultursoge*. Bergen.
- Larsen, A. (2018, juni 25.). *Store Norske Leksikon*. Henta frå William Cecil Slingsby: https://snl.no/William_Cecil_Slingsby
- Lauritzen, P. R. (2014, september 28.). *Norsk Biografisk leksikon - Store Norske Leksikon*. Henta frå Emanuel Mohn: https://nbl.snl.no/Emanuel_Mohn
- Løseth, A. (1996). *Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie Møre og Romsdal. 1920-1972*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Løseth, A. (1998). Byen og bygdene. Ålesund og sunnmørsbygdene frå mellomkrigstida og fram til i dag. *Tidsskrift for Sunnmøre historielag*, ss. 38-56.
- Løseth, A. (2004). Region, kultur og økonomi - Nord-Vestlandet 1850-1975. I H. Gammelsæter, O. Bukve, & A. Løseth, *Nord-Vestlandet - liv laga?* (ss. 22-51). Sunnmørsposten Forlag.
- (u.d.). Minneoppgave for eldre. Minnemateriale samlet inn av Landslaget for lokalhistorie.
- Molde Jazz. (2019, mai 16.). *Molde Jazz-*. Henta frå om oss - historie: <https://www.moldejazz.no/om-oss/historie>
- Molde og Romsdal Turistforening. (1964). *Molde og Romsdal Turistforening 75 år. 188-1964*. Molde.
- Myhre, J. E. (2014). *Historie. En introduksjon til grunnlagsproblemer*. Oslo: Pax forlag a/s.
- Myhre, J. E. (2015, november 25.). *Et egalitært samfunn?* Henta frå Norgeshistorie.no: <https://www.norgeshistorie.no/bygging-av-stat-og-nasjon/mennesker/1401-et-egalitert-samfunn.html>
- Nærum, K. (2014, oktober 30.). *Vår tids forakt for kunnskap*. Henta frå Dagbladet.no: <https://www.dagbladet.no/kultur/varingr-tids-forakt-for-kunnskap/60197848>
- Opsahl, K. (2005). Litt om Standalhytta og Standalrenna. *Ørstaminne. Årsskrift. Ørsta Sogelag og Ørsta Bygdemuseumslag*, ss. 83-89.

- Pettersen, Ø. B. (2017, mai 2.). *Store Norske Leksikon*. Henta frå Sunnmørsposten:
<https://snl.no/Sunnmørsposten>
- Randers, K. (1962). *Sunnmøre. 4.reviderte utgave*. Ålesund: Ålesund-Sunnmøre Turistforening.
- Sande, Ø. (2014, februar 5.). *Møre Tidend*. Henta frå Alkunne - Levande leksikon:
<https://www.allkunne.no/framside/tema-nynorsk/nynorske-aviser-blad-og-tidsskrift/more-tidend/30/11889/>
- Slagstad, R. (2015). *(Sporten) En idèhistorisk studie*. Oslo: Pax Forlag A/S.
- Slagstad, R. (2018). *Da fjellet ble dannet*. Oslo: Dreyer.
- Slingsby, W. C. (1998). *Norge - den nordlige arena. Skisser fra tindebestigninger og oppdagelsesferder i norsk natur mellom 1872 og 1921. Utvidet og revidert utgave v/ Jan Schwarzott*. Oslo: Grøndahl Dreyer.
- Standal, R. (1996). *Vegar før vegar var 2. Fjelleier på Sunnmøre og i Romsdal*. Hjørundfjord Sogelag.
- Statistisk Sentralbyrå. (2017, april 10). *ssb.no*. Henta frå I 45 kommuner er det flere hytter enn boliger. : <https://www.ssb.no/bygg-bolig-og-eiendom/artikler-og-publikasjoner/i-45-kommuner-er-det-flere-hytter-enn-boliger>
- Statistisk Sentralbyrå. (2017, oktober 27.). Henta frå Idrett og friluftsliv, levekårsundersøkelsen: <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/fritid/hvert-3-aar>
- Store Norske Leksikon. (2018, februar 20.). *Store Norske Leksikon*. Henta frå Turist:
<https://snl.no/turist>
- Svarstad, H. (2010). *Why Hiking? Rationality and Reflexivity Within Three Categories of Meaning Construction*. National Recreation and Park Association.
- Thorsnæs, G. (2018a, september 26.). *Molde - Historikk og kultur*. Henta frå Store Norske Leksikon: https://snl.no/Molde#-Historikk_og_kultur
- Thorsnæs, G. (2018b, November 29.). *Norge - befolkningsutvikling*. Henta frå Store Norske Leksikon: https://snl.no/Norge_-_befolkningsutvikling
- Thorsnæs, G. (2018c, Desember 7.). *Norge - bosetningsmønster*. Henta frå Store Norske Leksikon: https://snl.no/Norge_-_bosetningsmønster

- Thorson, O. (1952). *Ålesund 1848-1948. Økonomisk og kommunal historie. bind 2*. Oslo: Fabritius & sønners trykkeri.
- Tjelmeland, H. (2004). Aviser som historisk kilde. *Pressehistoriske skrifter 3*, ss. 114-130.
- Torvik, A. I. (2000). *Om samferdsel i Møre og Romsdal: Møre og Romsdal fylkesbåtar 1920-1995: D.2: Samfunn og ferdsel*. Molde: Møre og Romsdal fylkesbåtar.
- Vartdal, A. G. (2019, april). Samtaler med Annlaug Gjertrud Vartdal. f. Volle. 1929. (M. Vartdal, Intervjuar)
- Vollan, O. (1993). Turisme og fjellvandring på Sunnmøre før 1940. *Tidsskrift for sunnmøre historielag*, ss. 50-77.
- Williamsen, O. (2000). Biografi over Nicolay H. Knudtzon III. *Årbok for Nordmøre Museum*, ss. 5-69.
- Williamsen, O. W. (2018, mai 16.). *Operaen i Kristiansund*. Henta frå Historien bak operaen i Kristiansund: <http://www.oik.no/operaen-i-kristiansund/historien>
- Wist, H. R. (1994). *Tre værelser og et kjøkken. Et tidsbilde fra Molde 1925-1945*. Romsdal Sogelag.
- Wist, H. R. (2019, januar 24). Telefonsamtale med Hedvig Wist. (M. Vartdal, Intervjuar)
- Witoszek, N. (1991). Der Kultur møter Natur: tilfellet Norge. *Samtiden 4*, ss. 11-19.
- Øye, J. E. (1986). C.W. Patchell. *Frå Hjørundfjord - Hjørundfjord Sogelag, årsskrift nr 8.1986*, ss. 100-104.
- Øye, L. S. (2005). I teneste på Standalhytta. *Ørstaminne. Årsskrift. Ørsta sogelag og Ørsta Bygdemuseumslag.*, ss. 90-91.